

Møteinnkalling

| | |
|------------------|----------------------|
| Utval: | Fellesnemnda |
| Møtestad: | Fretheim hotel, Flåm |
| Dato: | 14.02.2019 |
| Tid: | 09.00 |

Du vert med dette kalla inn til fellesnemnda torsdag 14. februar.

Program

09.00 Opning av møtet

09.15 Orienteringar

- Statusorientering v/prosjektleder Rune Haugsdal
- Landbruksråd Vestland v/Anders Felde, leiar i Sogn og Fjordane Bondelag
- Nye Kinn kommune, v/Kristin Maurstad, ordførar i Vågsøy kommune og Ola Teigen, ordførar i Flora kommune
- Nye Alver kommune, v/Øyvind Oddekalv, leiar i fellesnemnda

11.00 Sakshandsaming

12.00 Lunsj

13.00 Sakshandsaming

14.30 Pause

15.00 Sakshandsaming til møtet kan avsluttast, ca kl 17

Til dette møte har Benthe Bondhus (Sp) meldt forfall – Jon Askeland (Sp)stiller.

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall

Innkallinga gjeld valde medlemmer i fellesnemnda. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.



Anne Gine Hestetun
utvalsleiar

Sakliste

| Utvals- saknr | Innhald | Arkiv- saknr | U.Off. |
|------------------|---|-----------------|--------|
| PS 1/19 | Godkjenning møteinnkalling | | |
| PS 2/19 | Godkjenning møtebok forrige møte | | |
| PS 3/19 | Referatsaker (skriv og meldingar) | | |
| RS 1/19 | Vestland fylkeskommune - fastsetting av administrativ organisering | 2018/16486 | |
| RS 2/19 | Avtale om overføring av personell mellom Statens vegvesen og Nye Vestland fylkeskommune | 2018/16486 | |
| RS 3/19 | Overføring av oppgåver frå fylkesmennene og Miljødirektoratet knytt til dei statleg sikra friluftslivsområda og Skjærgårdstjenesten | 2018/15999 | |
| RS 4/19 | Fylkesvåpen - melding om vidare prosess og arbeid med alternative framlegg | 2015/1434 | |
| RS 5/19 | Sak i fellesnemnda-au 04.02.2019 - utarbeiding av reglement for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune | 2018/16486 | |
| RS 6/19 | Oppfølging av fylkestingsvedtak i Sogn og Fjordane fylkeskommune | 2018/16486 | |
| PS 4/19 | Innkomne spørsmål frå politikarane | | |
| FO 1/19 | Spørsmål frå Aud Karin Oen (SV) - gjennomføring av dialogmøte for Vestland fylke | 2019/1626 | |
| PS 5/19 | Ymse | | |
| PS 6/19 | Budsjett for samanslåingskostnadar | 2019/338 | |
| PS 7/19 | Nytt inntektssystem - fråsegn frå Nye Vestland fylkeskommune | 2018/16486 | |
| PS 8/19 | Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune | 2018/16486 | |
| PS 9/19 | Overføring av personell frå Statens vegvesen - garanti med omsyn til vern mot oppseiing, jf. Intensjonsplanen av 17. januar 2017 | 2018/16007 | |
| PS 10/19 | Felles anleggs- og tildelingspolitikk for spelemidlar til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune | 2018/15999 | |
| PS 11/19 | Ordning for bedriftshelsetenesta i Vestland fylkeskommune | 2018/16486 | |
| PS 12/19 | Delrapport til DPO 3.1 - Tilskotsordningar regionale organisasjonar og institusjonar | 2018/15999 | |
| PS 13/19 | Budsjett 2020 / økonomiplan 2019- 2022 | 2019/1446 | |

PS 1/19 Godkjenning møteinnkalling

PS 2/19 Godkjenning møtebok forrige møte

PS 3/19 Referatsaker (skriv og meldingar)

Notat

Dato: 05.02.2019
Arkivsak: 2018/16486-14
Saksbehandlar: thoare

Til: Fellesnemnda

Frå: Prosjektleder Rune Haugsdal

Vestland fylkeskommune - fastsetting av administrativ organisering

Gjennom følgjande vedtak i fellesnemnda, 17.12.2017, fekk prosjektleder fullmakt til fastsetting av den framtidige administrative organiseringa i Vestland fylkeskommune:

1. «Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleder fullmakt til å utforme og fastsetje den administrative organiseringa av den nye fylkeskommunen i samsvar med fellesnemnda si vedtekne politiske organisering samt føringane i intensjonsplanen, datert 17.01.17.
2. Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleder fullmakt til å inngå avtalar om innkjøp og drift av administrative styringsverktøy for den nye fylkeskommunen.
3. Fylkesrådmennene/prosjektleder får fullmakt til overføring og tilsetjing av personell i den nye fylkeskommunen, samt til å gjere vedtak i personalsaker. Med denne fullmakta følger også ansvaret for eit informasjons- og drøftingsopplegg med dei tillitsvalde gjennom samanslåingsprosessen.»

Med grunnlag i denne fullmakten la prosjektleder fram sitt forslag til administrativ organisering av Vestland fylkeskommune, på møte i partssamansett utval (PSU), 4.februar 2019. Det vart gjort slikt vedtak:

«PSU meiner prosjektleder sitt forslag til organisasjonsstruktur innanfor den overordna avdelingsstrukturen, gir eit godt grunnlag for at prosjektleder i samsvar med sitt mynde kan fastlegge den vidare administrative organiseringa i Vestland fylkeskommune»

Prosjektleder viser til sak 01/2019 i PSU, Administrativ organisering av Vestland fylkeskommune, for nærare informasjon om forslaget til organisasjonsstruktur, der utgreiingar, oppgåver og prosess er omtalt. Bruk denne lenka for å komme inn i saksdokumenta til PSU-møtet, 04.02.19:

<https://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=916>

Avtale mellom Statens vegvesen og Nye Vestland fylkeskommune

om tilsetjing i Vestland fylkeskommune i samband med at fylkesvegadministrasjonen vert overført frå Statens vegvesen til fylkeskommunane

0. Varigheit av avtalen

Denne avtalen gjeld berre for året 2019, med unntak av punkt 7, som gjeld ut året 2020.

1. Framdriftsplan for Statens vegvesen og Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar

Så tidleg som mogleg og seinast innan 1. februar 2019, skal Statens vegvesen gje Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar innsyn i oppgåver, ressursar og kompetanse som etaten har nytta på fylkesvegdelen av sams vegadministrasjon.

Statens vegvesen skal så tidleg som mogleg gje dei to fylkeskommunane innsyn i bemanningsplanen som viser organisering av nye Statens vegvesen.

Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar skal så tidleg som mogleg, men seinast innan 1. april 2019, gje Statens vegvesen innsyn i bemanningsplanen som viser organisering av arbeidet knytt til fylkeskommunal veg frå 1. januar 2020.

2. Informasjon om ledige stillingar i fylkeskommunen

Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar pliktar å opplyse Statens vegvesen om alle stillingar som vil bli oppretta i Vestland fylkeskommune med overførte oppgåver. Statens vegvesen pliktar å informere sine tilsette som heilt eller delvis arbeider med fylkesvegdelen av sams vegadministrasjon om stillingane på ein eigna måte.

3. Tilsette som arbeidsoppgåver som vert vidareført i vesentleg grad

Tilsette i Statens vegvesen har rett til å følgje arbeidsoppgåvene sine over til Vestland fylkeskommune. Det er eit vilkår at den tilsette sine arbeidsoppgåver i vesentleg grad vert vidareført i ei stilling i fylkeskommunen.

Dei tilsette som fell inn under første ledd skal motta eit skriftleg tilbod om tilsetjing i Vestland fylkeskommune som minimum skal innehalde den informasjon som følgjer av arbeidsmiljølova § 14-6. Det skal setjast ein frist for aksept av tilbodet som ikkje skal vere kortare enn 14 dagar.

Arbeidstakarar som aksepterer tilbodet skal samstundes seie opp arbeidsforholdet sitt i Statens vegvesen med verknad frå tidspunktet for overføringa. Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar skal gje fortløpande informasjon om tilsette som aksepterer tilbod om tilsetjing i Vestland fylkeskommune.



4. Tilsette med fylkesvegoppgåver som ikkje vert vidareført i vesentleg grad

Ledige stillingar i Vestland fylkeskommune som er knytt til arbeidsoppgåver på fylkesvegnettet, skal så langt det er mogleg verte tilbydd tilsette i Statens vegvesen, som ved overføringa har oppgåver med fylkesvegane, dersom dei er kvalifisert for stillinga.

Statens vegvesen utarbeider ei oversikt over tilsette i Statens vegvesen som har relevant kompetanse for å kunne fylla stillinga i Vestland fylkeskommune. Det er Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar som avgjer om dei tilsette er kvalifisert for stillinga. I valet mellom fleire kvalifiserte avgjer fylkeskommunane kva for ein tilsett som er best kvalifisert og såleis skal få tilbod om stillinga.

Punkt 3 andre og tredje ledd gjeld tilsvarande.

5. Overføring av opplysningar i personalmappene til fylkeskommunen

Statens vegvesen skal overføre opplysningar i dei tilsette sine personalmapper til Vestland fylkeskommune i tråd med personopplysningslova og lovbestemd teieplikt.

6. Spørsmål om forståinga av avtalen

KS og Statens vegvesen etablerer ei felles rådgjevande gruppe som så langt som mogleg skal svare på fylkeskommunen og Statens vegvesen sine spørsmål i tilknytning til denne avtalen.

7. Intern utlysing i Statens vegvesen av andre ledige stillingar i Vestland fylkeskommune

Ledige stillingar i Vestland fylkeskommune som er knytt til arbeidsoppgåver på fylkesvegnettet og som det ikkje vert tilsett i etter punkt 4 i denne avtalen, kan utlysast internt i Statens vegvesen før dei vert lyst ut offentleg, sjå punkt 2.


Viss det melder seg fleire søkjarar, skal den som er best kvalifisert ut frå krava i stillingsutlysinga få tilbod om stillinga.


Stillingar skal ikkje lysast ut eksternt før avklaring om tilsetjing føreligg dersom det har meldt seg kvalifiserte søkjarar frå Statens vegvesen innan søknadsfristen.

Denne føresegna gjeld for stillingar som skal lysast ut innan 31. desember 2020.


Avtalen er inngått: 1/12 2019

Statens vegvesen


Terje Moe Gustavsen
vegdirektør


Helge Eidsnes
regionvegsjef

Nye Vestland fylkeskommune


Rune Haugsdal
prosjektleder

Fra: Thorbjørn Aarethun (Thorbjorn.Aarethun@hfk.no)

Sendt: 01.02.2019 11:46:52

Til: Anita Fjellheim

Kopi:

Emne: VS: avtale om overføring av personell

Vedlegg: SKM_C55819020107570.pdf

Fra: Rune Haugsdal <Rune.Haugsdal@hfk.no>

Sendt: 1. februar 2019 08:09

Til: Dina Lefdal <dina.lefdal@sfj.no>

Kopi: Geir Davidsen <Geir.Davidsen@hfk.no>; Toril Einarsen <Toril.Einarsen@sfj.no>; Johan J Meyer <Johan.Meyer@hfk.no>; Ingrid Kristine Holm Svendsen <Ingrid.Kristine.Holm.Svendsen@hfk.no>; Tore Eriksen <Tore.Eriksen@sfj.no>; Bertil Søfteland <Bertil.Softeland@hfk.no>; Svein Hågård <Svein.Hagard@sfj.no>; Anne-Kjersti.Stenehjem@sfj.no; Thorbjørn Aarethun <Thorbjorn.Aarethun@hfk.no>; Toralf Rutledal <Toralf.Rutledal@hfk.no>

Emne: SV: avtale om overføring av personell

Vedlagt sendes over kopi av underskriven avtale mellom Statens vegvesen og Nye Vestland fylkeskommune om tilsetjing i Vestland fylkeskommune i samband med at fylkesvegadministrasjonen vert overført frå Statens vegvesen til fylkeskommunane.

Underskriven avtale er forhandla fram av KS og Statens vegvesen.

Avtalen blir lagt fram som meldingssak til PSU og fellesnemnda.

Venleg helsing

Rune Haugsdal
Prosjektleder

Fra: Dina Lefdal <dina.lefdal@sfj.no>

Sendt: torsdag 31. januar 2019 16:18

Til: Rune Haugsdal <Rune.Haugsdal@hfk.no>

Emne: SV: avtale om overføring av personell

Hei

Ja, det kan eg bekrefte. Det er gjort følgjande endringar:

- Avtalen er omsett til nynorsk (Svein Hågård)
- Vi har lagt inn eit punkt 0 som seier noko om varigheten av avtalen

Med helsing

Dina Lefdal

fylkesdirektør for samferdsel

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Askedalen 2, 6863 Leikanger

www.sfj.no | dina.lefdal@sfj.no

tlf: +47 95700813

Fra: Rune Haugsdal <Rune.Haugsdal@hfk.no>

Sendt: torsdag 31. januar 2019 15:59

Til: Dina Lefdal <dina.lefdal@sfj.no>

Emne: VS: avtale om overføring av personell

Hei Dina,

Kan du bekrefte at vedlagte avtale er i lik eller i samsvar med avtalen som KS har forhandla fram.

Venleg helsing

Rune Haugsdal
Prosjektleder

Fra: Eidsnes Helge <helge.eidsnes@vegvesen.no>
Sendt: torsdag 31. januar 2019 15:55
Til: Rune Haugsdal <Rune.Haugsdal@hfk.no>
Emne: VS: avtale om overføring av personell

Som avtalt.

Helge

Fra: Slinde Nils Magne
Sendt: 31. januar 2019 13:53
Til: Eidsnes Helge <helge.eidsnes@vegvesen.no>
Emne: VS: avtale om overføring av personell

Fra: Dina Lefdal [<mailto:dina.lefdal@sfj.no>]
Sendt: 23. januar 2019 11:40
Til: Slinde Nils Magne <nils.slinde@vegvesen.no>
Emne: avtale om overføring av personell

Hei

Eg har avtala med Johan Meyer at han sørger for at Rune signerer to eks og får dei levert til Helge på vegkontoret i Bergen i løpet av veka. Då kan han ha dei med til Oslo over helga. Håpar at dette er ok.

Eg legg ved avtaleutkastet.

Med helsing
Dina Lefdal
fylkesdirektør for samferdsel
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
www.sfj.no | dina.lefdal@sfj.no
tlf: +47 95700813



«MottakerNavn»
«Adresse»
«PostNr» «Poststed»

Trondheim, 17.12.2018

Deres ref.:
[Deres ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2018/13047

Saksbehandler:
Morten Thaulow

Overføring av oppgaver fra fylkesmennene og Miljødirektoratet knyttet til de statlig sikrede friluftslivsområdene og skjærgårdstjenesten

Som ledd i regionreformen skal flere oppgaver knyttet til de statlige friluftslivsområdene og Skjærgårdstjenesten overføres til fylkeskommunene fra fylkesmennene og Miljødirektoratet, med virkning fra 1. januar 2020.

Nærmere beskrivelse av oppgavene som overføres for forvaltning av de statlig sikrede friluftslivsområdene:

Her gis kun en kort beskrivelse av oppgavene. Oppgavene er listet opp slik at alle oppgaver som overføres er nevnt, men innhold og kompleksitet vil variere fra fylke til fylke. Oppgavene er grundigere beskrevet i [DN-håndbok 30-2011 Forvaltning av statlig sikrede friluftslivsområder](#) (under revidering), og vil også bli grundigere gjennomgått gjennom ulike opplæringstiltak for fylkeskommunene i 2019 og påfølgende år.

1. Avgjøre saker om midlertidig omdisponering av de sikrede områdene. Overføres fra fylkesmannen. Gjelder henvendelser fra kommuner og andre om å bruke hele eller deler av de statlig sikrede friluftslivsområdene (uteområder og/eller bygninger) til annet enn friluftslivsformål i inntil 10 år. Kan f.eks. gjelde ønsker om kortvarige arrangementer (konserter, seremonier o.l.) eller mer langvarige omdisponeringer (f.eks. andre offentlig formål). Skriftlig avtale med tiltakshaver vil ofte være nødvendig.
2. Avgjøre saker om mindre grenseendringer, etter nærmere retningslinjer. Overføres fra Miljødirektoratet. Gjelder mindre grenseendringer mot naboeiendommer (f.eks. for å gjennomføre en hensiktsmessig arrondering av eiendommer). Henvendelser kan komme fra kommuner og privatpersoner.
3. Løpende veiledning av kommuner og friluftsråd i enkeltsaker, samt organisert opplæring og veiledning av kommuner og friluftsråd i form av kurs og seminarer. Overføres fra fylkesmannen og Miljødirektoratet. Veiledning i enkeltsaker vil gjerne dreie seg om saker som omfattes av kommunenes og friluftsrådenes drifts- og tilsynsansvar for områdene (f.eks. utføring av tilretteleggingstiltak eller bruk av bygninger i områdene). Den organiserte opplæringen vil gjelde en mer grunnleggende opplæring av kommuner og

friluftsråd om de faglige retningslinjene for forvaltningen av de statlig sikrede friluftslivsområdene.

4. Kvalitetssjekking og ajourføring av friluftslivsmodulen av Naturbase. Overføres fra fylkesmannen og Miljødirektoratet. Gjelder opplysninger/informasjon om de statlig sikrede friluftslivsområdene som er registrert i Naturbase. Fylkeskommunene har allerede i dag tilgang til å kvalitetssikre og ajourføre friluftslivsmodulen i Naturbase via <https://redigering.naturbase.no>. Brukernavn/passord fås ved henvendelse til Miljødirektoratet via epost: naturbase@miljodir.no.
5. Håndtering av deler av bygningsforvaltningen på områdene. Overføres fra Miljødirektoratet og fylkesmannen. Ivareta statens ansvar for bygningsforvaltningen der dette unntaksvis ikke faller inn under det lokale forvaltningsnivåets drifts- og tilsynsansvar. Gjelder kun på områder der staten er grunneier.
6. Håndtering av festeforhold, sameie og rettigheter på de sikrede områdene. Overføres fra Miljødirektoratet. Kun når staten er grunneier. Kan f.eks. være ved festers ønske om innløsning av festetomt eller forlengelse av festeavgift. Kommunen er ansvarlig for innkreving av festeavgift, herunder oppjustering av festeavgift. Helt unntaksvis kan staten eie eiendom i sameie med andre, og det kan forekomme enkeltsaker der fylkeskommunen blir involvert. Kan f.eks. være ved sameieparts ønske om å oppløse sameiet eller lignende.
7. Håndheving av eiendomsretten og grunneierbeføyelser (tilflotts-, beite-, jakt-, fiskerett osv.). Dette kan være ulovlig bruk, nabokrenkelses, grensetvister med mer. Overføres fra fylkesmannen og Miljødirektoratet. Oppgaven er knyttet til friluftslivsområdene som eies av staten v/Miljødirektoratet. Håndtering av rettigheter som tilligger grunneier, f.eks. forvalte jakt- og fiskerettigheter. Videre må det vurderes hvordan ulovligheter og tvister som avdekkes skal håndteres - ved dialog, anmeldelse eller andre skritt.
8. Grensegang eller kartforretning for eiendommer med usikre grenser. Overføres fra fylkesmannen. Fylkeskommunen vil her representere staten som grunneier eller rettighetshaver når det gjennomføres kartforretning eller grensegang for de statlig sikrede friluftslivsområdene. Initiativ til gjennomføring kan bli tatt fra kommunen, naboer eller andre. Fylkeskommunen kan også selv ta initiativ til kartforretning ved usikre grenser.
9. Framskaffe oversikter over tilstanden i områdene, herunder behov for tilrettelegging og opparbeiding. Dette er videreføring av oppgave som fylkeskommunene har i dag.
10. Ivareta statens interesser i jordskiftesaker. Overføres fra Miljødirektoratet. Fylkeskommunene skal ivareta statens interesser i jordskifte- og grensegangsaker som berører friluftslivsområder som eies av staten. I praksis betyr dette å opptre på vegne av staten i saker som bringes inn for jordskifteretten, i de tilfeller hvor saken berører statlig sikret friluftslivsområde som eies av staten.
11. Ivareta statens interesser i plansaker og som nabo. Overføres fra fylkesmannen. Fylkeskommunen skal ivareta statlige interesser som grunneier eller rettighetshaver i arealplaner som berører de statlig sikrede friluftslivsområdene. Som hjemmelshaver (statlig sikrede friluftslivsområder som eies av staten) vil Miljødirektoratet motta nabovarsler som gjelder søknadspliktige tiltak på naboeiendommer. Det vil bli etablert rutiner for at varslene blir oversendt til fylkeskommunene. Fylkeskommunen skal vurdere om varslene gir grunn til å komme med merknader som nabo, og eventuelt svare direkte til tiltakshaver innenfor gjeldende frister for slike varsler.
12. Godkjenne forvaltningsplaner for de sikrede områdene, og sørge for at slike blir utarbeidet. Godkjenning av forvaltningsplaner overføres fra fylkesmannen. Oppgaven er å vurdere om

tiltak i planer som er utarbeidet og innsendt fra kommune/friluftsråd er i tråd med sikringsformålet, utføres på en naturvennlig måte og ikke er ødeleggende for biologisk mangfold og kulturminner. Fylkeskommunen skal gi tilbakemelding til kommune/friluftsråd om resultatet av godkjenningen, og registrere godkjente planer i Naturbase, jf. punkt 4. Fylkeskommunen har allerede ansvar for å sørge for at kommune/friluftsråd utarbeider planer.

13. Gi uttalelse i saker som skal avgjøres av Miljødirektoratet. Overføres fra fylkesmannen. En del forvaltningsoppgaver vil fortsatt ligge igjen hos Miljødirektoratet - f.eks. godkjenning av varig omdisponering av statlig sikrede friluftslivsområder. I slike saker vil Miljødirektoratet innhente uttalelse fra fylkeskommunen (og kommune/friluftsråd) før avgjørelse treffes.

Nærmere beskrivelse av oppgavene som overføres for Skjærgårdstjenesten:

I områder hvor fylkeskommunen er en del av det etablerte samarbeidsgrunnlaget for Skjærgårdstjenesten gjennom egen medfinansiering fra fylkeskommunale midler, så vil fylkeskommunen få to ulike roller. Rollen med å tildele statlige midler er i hovedsak en oppgave av administrativ karakter, mens oppgaven som "medeier" på vegne av fylkeskommunen også kan ha en politisk karakter.

Her gis kun en kort beskrivelse av oppgavene. Skjærgårdstjenesten er etablert gjennom driftsområder, som er et formalisert og geografisk samarbeid mellom flere driftsenheter. For noen av driftsområdene må det foretas nærmere drøftinger for å avklare hvilken ny fylkeskommune som skal ha denne oppgaven.

Fylkeskommunene skal utbetale tildelt statlig driftstilskudd til driftsområdene i Skjærgårdstjenesten, og følge opp Skjærgårdstjenestens bruk og rapportering på midlene. Fylkeskommunene skal også delta på møter i etablerte samarbeidsfora for Skjærgårdstjenesten, og skal også bistå i arbeidet med kurs og kompetanseoppbygging for driftsområdene.

1. Hovedoppgaven er knyttet til å motta søknad fra driftsområdene om statlig driftstilskudd, og å gjennomgå og godkjenne søknad, driftsplan og budsjett for kommende sesong før midlene utbetales. I denne oppgaven inngår også å gjennomgå og godkjenne driftsområdets rapport og regnskap for foregående år. Søknad om statlig driftstilskudd fra driftsområdene har fist 1.februar, og søknad og dokumentasjon skal behandles slik at driftsmidlene kan utbetales senest 1.april, jf. rundskriv fra Klima- og miljødepartementet. I oppgaven inngår også rapportering videre til Miljødirektoratet iht. oppdrag.
2. Delta på møter i driftsområdestyrene på vegne av staten, og representere staten på andre samarbeidsmøter for Skjærgårdstjenesten.
3. Oppgaver knyttet til kurs- og kompetanseoppbygging for driftsområdene etter nærmere avtale.
4. Andre oppgaver ved behov.

Omfanget av oppgavene som overføres

Det er vanskelig å gi en konkret angivelse av omfanget av forvaltningsoppgavene som er beskrevet ovenfor. Omfang og kompleksitet vil variere fra fylke til fylke. Oversikt over antall statlig sikrede friluftslivsområder i fylkene finnes i naturbase.no. Tilbakemeldinger vi har fått fra fylkesmennene anslår at omfanget vil dreie seg om 1-8 ukeverk for oppgavene som overføres fra dem. Hvis man

legger til de oppgavene som overføres fra Miljødirektoratet, så kan omfanget anslås til 2-12 ukeverk per fylke. Men dette anslaget er høyst usikkert, og det må påregnes at omfanget er større de første årene.

Vi tror oppgavene løses mest effektivt gjennom tverrfaglig samarbeid i fylkeskommunen, da det vil være behov for ulik kompetanse i oppgaveløsningen (f.eks. juridisk og friluftslivs-/naturfaglig). Oppgaver kan delegeres til lokalt forvaltningsnivå gjennom fullmakter, hvis dette vurderes som ønskelig og fornuftig.

Oppgavene knyttet til Skjærgårdstjenesten beregnes å ha et omfang på 1-2 ukeverk per fylke som er involvert.

Den videre overføringsprosessen

Miljødirektoratet vil be fylkesmennene om å bistå i opplæring og oppgaveoverføring av fylkesmannens oppgaver knyttet til Skjærgårdstjenesten og statlig sikrede friluftsområder til fylkeskommunene.

Miljødirektoratet vil i løpet av 2019 og påfølgende år gjennomføre ulike tiltak for opplæring av fylkeskommunene, slik at fylkeskommunene vil stå sterkere rustet til å løse de nye oppgavene. Miljødirektoratet vil invitere til en første samling i 2019, sannsynligvis i uke 14 eller 15, og det vil da være ønskelig at fylkeskommunen stiller med tverrfaglig kompetanse i samsvar med innholdet i oppgavene som overføres. Vi kommer tilbake med nærmere informasjon om samlingen.

Hilsen

Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

Ivar Myklebust
avdelingsdirektør

Terje Qvam
seksjonsleder

Tenk miljø - velg digital postkasse fra e-Boks eller Digipost på www.norge.no.

Notat

Dato: 06.02.2019
Arkivsak: 2015/1434-735
Saksbehandlar: oleskau

Til: Fellesnemnda

Frå: Prosjektlear

Fylkesvåpen - melding om vidare prosess og arbeid med alternative framlegg

Bakgrunn

Sak om fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune var til handsaming i Fellesnemnda sitt møte 19. desember 2018. Fellesnemnda gjorde då følgjande vedtak:

«Fellesnemnda ber administrasjonen arbeide vidare med saka og jobbar fram med alternativ med utgangspunkt i dei forslaga som er kome fram i møtet.

Jenny Følling (Sp) sette fram slikt oversendingsforslag til administrasjonen:

1. Fellesnemnda ber om forslag på alternative grønfargar på tilrådd alternativ – tilbydar C natur og landskap.
2. Fellesnemnda ber om at folkefavoritten vert bearbeidd vidare og framlegg på historisk samlande motiv.

Gunhild Berge Stang (V) sette på vegner av V, H og Frp fram slikt felles oversendingsforslag til administrasjonen:

Fellesnemnda vil i det vidare arbeidet med nytt fylkesvåpen gå vidare med Gulatinget, Onarheimsgildet, og St Sunniva. Tematisk skal ein vektlegge at det nye fylkesvåpenet speglar vilje til demokrati, folkevald makt og med referanse til vår felles historie.»

På grunnlag av dette la prosjektlear fram sak som gjer greie for vidare prosess og arbeid med alternative framlegg i Arbeidsutvalet sitt møte 4. februar 2019:

<https://einnsyn.hfk.no/einnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=14811&caseType=CasesFremlegg®istryEntryId=747368>

Hovudtrekk

Prosjektleiar viser til saksutgreiinga i lenke ovafor, og peikar på nokre hovudtrekk:

1. Fellesnemnda si bestilling vil verte ført vidare som eit samspel mellom administrasjonen, designbyrået som vann konkurransen, og Arbeidsutvalet.
2. Motivtilfang og grad av monumentalitet vert avklart tidleg i prosessen. Det vert også lagt vekt på å tidleg avklare kor abstrakt eller figurativt motivet bør utformast.
3. St. Sunniva og Onarheimsgildet er meir utfordrande å få til å høve med bestillinga enn Gulatinget, som svarar godt til alle krav. Det er identifisert eit rikt motivtilfang til Gulatinget.
4. Prosjektleiar tek sikte på å legge fram sak om fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune til Fellesnemnda sitt møte 23.mai 2019.

Prosjektplan

| Dato | Politisk forankring | Prosess | Ansvar |
|----------------|---------------------------|--|--|
| 4. februar | Møte FN-AU | Sak med rapportering og plan for vidare arbeid | Prosjektleiar legg fram sak |
| 14. Februar | Møte FN | Sak med rapportering og plan for vidare arbeid | Prosjektleiar legg fram sak |
| 26. mars | Møte FN-AU | Presentasjon av vinnarforslaget med fargealternativ Forslag til aktuelle motiv for fylkesvåpen Vegval i prinsipielle spørsmål <ul style="list-style-type: none"> • monumentalitet • grafisk stil: abstrakt vs realistisk | Prosjektleiar legg fram sak FN-AU gjer vegval |
| 29. april | Møte FN-AU | Fleire utkast til fylkesvåpen i tråd med grafisk strategi, og siling av motiv FN-AU gjev tilbakemeldingar på dei presenterte forslaga | Prosjektleiar legg fram sak FN-AU gjer vegval |
| 13. mai | Møte FN-AU | PS-sak med forslag til fylkesvåpen | Prosjektleiar |
| 23. mai | Møte FN | FN gjer vedtak om tilråding til nytt fylkesvåpen | Saka frå FN-AU går til FN |
| 4. og 12. juni | Fylkestinga i SFFK og HFK | Vedtak om nytt fylkesvåpen | Saka frå FN går vidare til FT |

Arkivnr: 2018/16486-11

Saksbehandlar: Sigrid Helene Aardal, fylkessekretariatet, Hordalandl

| Saksgang | Saknr. | Møtedato |
|-----------------|---------|------------|
| Utval | | |
| Fellesnemnda-AU | PS 6/19 | 04.02.2019 |
| Fellesnemnda | RS 5/19 | 14.02.2019 |

Sak i fellesnemnda-au 04.02.2019 - utarbeiding av reglement for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune

SAMANDRAG

Fellenemnda har vedteke hovudstrukturen for faste politiske utval. Der er fastlagt kva fagområde som ligg til dei ulike utvala. Fylkesutvalet sine arbeidsoppgåver er fastlagde, og då særleg kopla til den samfunnsutviklarrolla som fylkeskommunen skal ha. Det er fastlagt kva lovpålagde organ ein har, samt nokre andre organ som ein har sett som føremålstenleg å føra vidare i Vestland fylkeskommune.

Fellesnemnda har vedteke at prosjektleiar får i oppgåve å utarbeide framlegg til delegeringsreglement som vert lagt fram for politisk handsaming i fellesnemnda. Reglementet skal leggje rammene for dei faste utvala si samansetjing, mandat og mynde til å ta avgjerd på vegne av fylkeskommunen.

Som omtalt under vil eit samla delegeringsreglement innehalde reglar som set rammer for dei folkevalde organa på ulike områder. I denne omgang ber prosjektleiaren om at FN-AU drøfter delegeringsreglementet på følgjande områder:

- Tal medlemer i fylkesutvalet og faste hovedutval
- Saksgang mellom fylkesting, fylkesutval og hovudutval
- Sakshandsaming i politiske organ

Prosjektleiar legg fram saka utan tilråding og ber om ei drøfting i FN-AU som grunnlag for det vidare arbeidet med reglement for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune. Prosjektleiar ber FN-AU ta særleg stilling til dei punkt som prosjektleiar har understreka i saksframstillinga.

Prosjektleiar sitt forslag til vedtak;

FN-AU tek saka til drøfting og orientering

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Prosjektleiar, 28.01.2019

SAKSFRAMSTILLING

1.0 Bakgrunn for saka

Fellesnemnda vedtok i FN-sak 22/18 følgjande struktur for faste politiske hovudutval:

- Hovudutval for samferdsel og mobilitet.
- Hovudutval for opplæring og kompetanse.
- Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon.
- Hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Fellesnemnda vedtok vidare kva fylkesutvalet si rolle skulle vere gjennom følgjande vedtak:

«Fylkesutvalet er eit lovpålagt organ med ansvar for å leggje fram forslag til økonomiplan og årsbudsjett. Fellesnemnda vedtek at utvalet også får eit overordna ansvar for tverrsektorielle fag- og politikkområde som gjeld heile den fylkeskommunale verksemda.

Særleg for å ivareta samfunnsutviklarrolla skal fylkesutvalet sjå m.a. følgjande oppgåver i eit regionalt heilskapsperspektiv:

- a) *Klima, miljø og berekraft.*
- b) *Internasjonalt arbeid.*
- c) *Folkehelse.*
- d) *Eigarskap.*
- e) *Regional planstrategi.*
- f) *Kommunale og statlege planar.*
- g) *Tannhelse.»*

I FN-sak 35/18 vart det vedteke kva andre lovpålagde utval som skal opprettast:

- a. Kontrollutval, jf. Kommuneleva § 77.
- b. Administrasjonsutval, jf. Kommuneleva § 25, Hovudavtalen del B § 4.
- c. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, jf. Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne. Ny kommunelev omtalar dette organet i § 5-2c.
- d. Råd for eldre, jf. Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd, kap. 2. Ny kommunelev omtalar dette organet i § 5-2d
- e. Ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom, jf. fylkesting for ungdom. Ny kommunelev omtalar dette organet i § 5-2e
- f. Klagenemnd, jf. Lov om behandlingssåten i forvaltningssaker § 28, andre ledd.
- g. Fylkesvalsstyre, jf. Lov om val til Stortinget, fylkesting og kommunestyre.

I tillegg har fellesnemnda vedteke å opprette;

- a) Finansutval
- b) Planutval
- c) Trafikktryggingsutval
- d) Valnemnd

I sak 58/18 i fellesnemnda vart prosess for fastsetjing av reglement for folkevalde organ behandla. I samsvar med dette legg prosjektleiar fram sak til drøfting i FN-AU om nærare omtalte deler av reglementet. I første omgang legg prosjektleiar opp til ei drøfting av tal på medlemmer i fylkesutval, hovudutval, administrasjonsutval, kontrollutval, planutval og finansutval, samt saksgang mellom hovudutval, fylkesutval og fylkesting. I tillegg vert det no lagt opp til ein gjennomgang av særskilte tema i saksbehandlingsreglementet.

2.0 Krav til reglement for folkevalde organ

Eit reglement for folkevalde organ omfattar i realiteten tre sett av reglement. Nedanfor er teke inn føresegner i ny kommunelov som viser denne tredelinga.

1. «§ 5-13.Reglement for folkevalgte organer

Folkevalgte organer skal ha et reglement som fastsetter

- a) organets virkeområde og eventuelle vedtaksmyndighet
- b) tidsperioden som organet er opprettet for
- c) eventuelle andre sentrale bestemmelser om organets virksomhet

Plikten etter første ledd gjelder ikke representantskap og andre styringsorganer for interkommunalt politisk råd, representantskap og andre styringsorganer for kommunalt oppgavefelleskap og styre for kommunalt eller fylkeskommunalt foretak.»

2. «§ 5-14.Reglement for delegering og innstilling

Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv et reglement for hvordan vedtaksmyndighet og innstillingsrett skal delegeres. Dette skal gjøres innen 31. desember året etter at kommunestyret og fylkestinget ble konstituert. Det sist fastsatte reglementet og eventuelle andre vedtak om delegering og innstillingsrett gjelder inntil et nytt reglement er fastsatt.»

3. «§ 11-12.Reglement for saksbehandling

Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv et reglement med nærmere regler for saksbehandlingen i folkevalgte organer.»

Prosjektleiari finn at det er føremålstenleg å nytta ei slik inndeling av reglementa som den nye kommunelova gjev føringar på.

3.0 Tal på medlemer i folkevalde organ

3.1 Fylkesutvalet

I den nye kommunelova er følgjande bestemt om talet på medlemer til fylkesutval.

Ny komml. § 5-6.Formannskap og fylkesutvalg

1.ledd.

«Kommunestyret og fylkestinget velger selv formannskap og fylkesutvalg med minimum fem medlemmer. Kommuner og fylkeskommuner som har innført parlamentarisk styreform, skal ikke ha formannskap eller fylkesutvalg.»

Talet på medlemer til fylkesutvalet må fastsetjast.

I Hordaland er det i dag 15 medlemer i fylkesutvalet. Prosjektleiaren meiner at talet på medlemer i Vestland fylkeskommune bør vera eit høgare tal enn det som er i Hordaland i dag ut frå at den nye fylkeskommune vert større.

I sak om godtgjersle for folkevalde som er lagt fram til behandling i fellesnemnda AU og fellesnemnda har ein lagt som grunnlag for saka at fylkesutvalet har 17 medlemer.

Prosjektleiari tilrår 17 medlemar i fylkesutvalet.

3.2 Hovudutvala og kontrollutvalet

I den nye kommunelova er følgjande bestemt om talet på medlemer til hovudutval.

Ny komml. § 5-7.Utvalg

1.ledd.

«Kommunestyret og fylkestinget kan selv opprette utvalg for kommunale og fylkeskommunale formål og for deler av den kommunale eller fylkeskommunale virksomheten. Kommunestyret kan selv også opprette utvalg med ansvar for en geografisk del av kommunen (kommunedelsutvalg). Utvalg etter denne paragrafen skal ha minst tre medlemmer.»

For hovudutvala er det i FN sak 22/18 sagt at fylkestinget sine 65 medlemmer, med unntak av fylkesordførar, fylkesvaraordførar og kontrollutvalet sine medlemmer, kan fordelast på dei fire hovudutvala. Dette medfører at alle medlemmene i fylkesutvalet, med unntak av fylkesordførar og fylkesvaraordførar og sit i eit hovudutval i tillegg til å vera medlem i fylkesutvalet.

For å finna ei fordeling må det fastsetjast kor mange representantar frå fylkestinget som skal vera medlemmer i kontrollutvalet. I følgje kommunelova må minst eit av utvalet sine medlemmer velgjast blant fylkestinget sine medlemmer.

Både kontrollutvalet i Hordaland og i Sogn og Fjordane er samansett med 5 medlemmer. I Sogn og Fjordane skal leiar og nestleiar veljast frå medlemmane i fylkestinget. Dei tre andre skal hentast utanfor fylkestinget. I Hordaland har kontrollutvalet 5 medlemmer. 3 medlemmer med varamedlemmer bør veljast blant fylkestinget sine medlemmer og varamedlemmer, 2 medlemmer med varamedlemmer bør veljast utanom fylkestinget sine medlemmer og varamedlemmer. Leiar og nestleiar bør veljast blant fylkestinget sine medlemmer. Begge reglementa stadfester at leiaren skal veljast blant medlemmer frå opposisjonspartia.

I og med at talet som skal fordelast til hovudutvala er 60 er det naturleg at ein har 3 medlemmer til kontrollutvalet frå fylkestinget. Dette vil medføra at ein får ei lik fordeling på 15 medlemmer til alle dei fire hovudutvala. Medlem i hovudutval som og sitt fylkesutvalet vil ikkje kunna vera leiar i utvalet.

Ein slik struktur er og grunnlaget for forslaget godtgjerslereglementet til folkevalde som er utarbeidd.

Prosjektleiar ber om at det vert drøfte og vurdert.

Som følgje av det som er opplyst ovanfor ser prosjektleiar at det er mest føremålstenleg at ein har eit kontrollutval med 5 medlemmer.

3.3 Administrasjonsutval

Ny komml. § 5-11. Partssammensatte utvalg (administrasjonsutvalg)

1. og 2. ledd.

«I alle kommuner og fylkeskommuner skal det opprettes ett eller flere partssammensatte utvalg (administrasjonsutvalg) for behandling av saker som gjelder forholdet mellom de ansatte og kommunen eller fylkeskommunen som arbeidsgiver. Hvis minst 3/4 av de ansatte ønsker det, kan slike utvalg erstattes med andre ordninger.

Partssammensatte utvalg settes sammen av representanter for kommunen eller fylkeskommunen og for de ansatte. De ansattes representanter velges av og blant de ansatte for to år av gangen. Flertallet i utvalget skal bestå av representanter for kommunen eller fylkeskommunen. Kommunestyret og fylkestinget velger selv kommunens eller fylkeskommunens representanter og utvalgets leder og nestleder blant disse.»

Det er vedteke at det skal vera eit eige administrasjonsutval. Det er og vedteke at likestilling, likeverd og mangfald skal ivaretakast av administrasjonsutvalet.

I Hordaland og Sogn og Fjordane er dette organisert svært ulikt. Hordaland har eit administrasjonsutval som er samansett av 5 politisk valde medlemmer(arbeidsgjevarrepresentantar) og 4 representantar for dei tilsette.

Sogn og Fjordane har eit hovudsamarbeidsutval som er eit kombinert samarbeids- og hovudarbeidsmiljøutval med 10 medlemmer. Arbeidsgjevarrepresentantane er fylkesrådmannen og fire andre

frå administrasjonen utpeika av fylkesrådmannen. I tillegg kjem hovudverneombod og 4 representantar for dei tilsette.

Prosjektleiari ser det som føremålstenleg at modellen frå Hordaland vert vidareført, då det er vedteke at det er administrasjonsutval ein skal ha.

Prosjektleiari tilrår at administrasjonsutvalet vert samansett med 6 folkevalde og 5 tillitsvalde representantar.

3.4 Planutval og finansutval

I fellesnemnda sitt møte 16.11.2018 sak 45/18 - Politisk organisering i Vestland fylkeskommune - tilleggsutgreiing fase II, vart det vedteke at planutvalet sine medlemmer skulle vera personsamanfallande med fylkesutvalet.

Når det gjeld finansutvalet er det ikkje fastlagt samansetnad. I Sogn og Fjordane har dei eit finansutval i dag som er sett saman av fylkesutvalet sine medlemmer, leiarane for hovudutvala og gruppeleiarane i dei partia som ikkje er representerte i fylkesutvalet eller som hovudutvalsleiarar.

Prosjektleiari tilrår Sogn og Fjordane sin modell og samansetjing for finansutvalet.

3.5 Medverknadsorgan

Dette gjeld for følgjande råd:

- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, jf. Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne. Ny kommunelov omtalar dette organet i § 5-2c.
- Råd for eldre, jf. Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd, kap. 2. Ny kommunelov omtalar dette organet i § 5-2d
- Ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom, jf. fylkesting for ungdom. Ny kommunelov omtalar dette organet i § 5-2e

I fellesnemnda si sak PS 58/18 vart det fastsett at det skulle haldast eit felles møte med medverknadsorganane i Hordaland (fylkeseldrerådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdommenes fylkesting) og Sogn og Fjordane (fylkesrådet for eldre, fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomspolitisk utval). Med møtet ønskte ein innspel på kva som er bra med dagens reglement i respektive fylke og kva som kan forbedrast.

Det er avholdt møte i dei to fylkeskommunane og det som kom fram i dette møtet er samla i eit eige notat som vert lagt ved saka som vedlegg.

Prosjektleiari ber om at dette vert vurdert og at ein kjem med føringa for tal på medlemmer, samansetjing og det som eventuelt er knytt til sakgang.

3.6 Andre utval og råd

Dette gjeld bl.a. fylkesvalstyret, yrkesopplæringsnemnd, trafikksikringsutval, valnemnd og klagenemnd.

Prosjektleiari vil koma tilbake til desse organa på eit seinare tidspunkt.

4.0 Saksgang mellom hovudutval, fylkesutval og fylkesting

I eit reglement må det avklarast kva saksgang som skal leggjast til grunn for saker som skal til behandling i fylkestinget. Det må drøftast om alle saker skal gå til fylkesutvalet, som så innstiller til fylkestinget eller om saker kan gå direkte til fylkestinget med innstilling frå hovudutval.

I Hordaland er det fylkesutvalet som innstiller i saker til fylkestinget.

I Sogn og Fjordane er hovudregelen i følge reglementet at sakene går direkte frå hovudutval til fylkestinget, og at hovudutvala dermed har innstillingsrett til fylkestinget.

I reglement for fylkesutvalet står det følgjande:

«Saker frå hovudutvala skal som hovudregel gå direkte til fylkestinget utan handsaming i fylkesutvalet. Unntak gjeld for årsbudsjett, økonomiplan, regionale plansaker og saker frå hovudutvala som inneber endringar i føresetnadene i desse overordna dokumenta, eller der ein på annan måte legg opp til vedtak av vesentleg prinsipiell rekkevidde.

Fylkesordføraren er ansvarleg for å vurdere om sakene skal gå direkte frå hovudutvala til fylkestinget eller om dei bør gå via fylkesutvalet.»

Prosjektleiaren er kjent med at denne hovudregelen i liten grad vert praktisert, og at dei aller fleste politiske sakene går via fylkesutvalet som innstiller til fylkestinget.

Dette er prinsipielt viktig å drøfte hovudutvala si rolle i saksgangen for politiske saker fram mot handsaming på fylkestinget. Dette vil vera avgjerande for det vidare arbeidet med fastsetjing av mandat og oppgåver mellom fylkesutvalet og hovudutvala.

5.0 Saksbehandlingsreglar for dei folkevalde organa

Begge fylkeskommunane har eigne reglement for saksbehandling i folkevalde organ, og som omfattar og regulerer følgjande tema:

- Målform
- Møteprinsippet og møtetidspunkt
- Møteplikt og forfall
- Fjernmøter
- Teieplikt
- Inhabilitet
- Sekretariat
- Tolking av reglement
- Innkalling og saksliste
- Møtebok
- Forslag
- Oversendingsforslag
- Opne møte
- Vedtaksførhet og røystingar
- Ordskiye
- Mindretalsanke
- Lovlegkontroll
- Hastesaker
- Lyd- og bildeopptak

Fleire av desse punkta er likt omtalt i reglementa som gjeld for Sogn og Fjordane og Hordaland. Enkelte av punkta er lovregulert og vert teke med i reglementet for å få ei heilheitleg oversikt. Dette vert ikkje teke med som grunnlag for drøfting i denne saka.

Det ein må få nærare avklart er nye tema som følge av ny kommunelov eller at det er handtert ulikt eller ikkje er teke med i dei to respektive reglementa som gjeld i dag.

5.1 Møteplikt og forfall

Lovregulert i ny kommunelov § 8-1 (i kapittel om rettigheter og plikter for folkevalde):

«Medlemmer av et kommunalt eller fylkeskommunalt folkevalgt organ plikter å delta i organets møter hvis de ikke har gyldig forfall.»

Sogn og Fjordane har regulert dette slik:

«Medlemene har plikt til å delta i utvalet sine møte med mindre det ligg føre gyldig forfallsgrunn. Som gyldig forfallsgrunn vert rekna sjukdom, viktige velferdsgrunnar og forretningar eller plikter som ikkje kan utsetjast eller forsømast.»

Forfall skal meldast til sekretariatet snarast mogleg og i god tid før møtet.

Etter at møtet er sett kan medlemer ikkje forlate møtet utan å melde frå til møteleiaren på førehand.

Er det reist tvil om eit forfall er gyldig, vert dette handsama før sakene på saklista.»

Hordaland har regulert dette slik:

«Medlem som har lovleg forfall, skal straks melde frå til sekretariatet for organet og til fraksjonsleiar/ gruppeleiar. Sekretæren for organet kallar inn varamedlem. Det same vert gjort når ein er kjend med at nokon er inhabil i ei sak som skal behandlast. Administrasjonen informerer fraksjonsleiar/gruppeleiar om kva varamedlem som møter.»

Prosjektleiar ber om innspel på rutine ved varsling av forfall og om ein skal utdjupe kva som er å ansjå som lovleg/gyldig forfall, slik Sogn og Fjordane har gjort.

I tillegg er det i ny kommunelov § 11-11 ei føresegn om *Fritak av personlege grunner*. Prosjektleiar tilrår at eit slikt punkt/lovhenvising vert innarbeidd under møteplikt og forfall.

5.2 Fjernmøter

I ny kommunelov § 11-7 heiter det at fylkestinget sjølv kan beslutta at folkevalde organ skal ha høve til å halde møter som fjernmøter. Det følgjer av lova at møte som ikkje er opne, ikkje kan gjennomførast som fjernmøte.

Samanslåinga av fylka med større avstandar gjer fjernmøter meir aktuelt enn tidlegare. Prosjektleiar tilrår at ein i reglement gjev alle utvala (eksklusiv fylkestinget) høve til fjernmøte, i tråd med kva lova no opnar for. Det er det enkelte organ som i kvart tilfelle avgjer korleis møtet skal haldast.

5.3 Inhabilitet

Lovreglar om folkevalde sin habilitet er nedfelt i ny kommunelov § 11-10. Hordaland har i sitt reglementet teke inn følgjande tilleggsføresegn:

«Medlemmene bør vurdera sin eigen habilitet, og varsle om dette til administrasjonen så tidleg som mogeleg om det vil eller kan verta fremja spørsmål om habilitet i ei sak på saklista.»

Sogn og Fjordane har henvising til reglane som gjeld for dette i forvaltningslova og kommunelova.

Prosjektleiar tilrår at føresegna til Hordaland vert presiserast i tråd med kva som er lova sitt utgangspunkt. Det ligg ein plikt til dette i lovtekst.

Prosjektleiar tilrår følgjande ordlyd:

«Ein medlem skal i god tid orientere sekretariatet om forhold som gjer eller kan gjere ein ugild.
«Medlemeren bør gjere seg opp ei eiga vurdering av habilitet som han munnleg kan leggje fram for organet.»

Prosjektleiari ber om innspel på om det er ønskeleg å ta med 2.setning, då det her ikkje er noko plikt til dette, men det gjev ei føring som vil komme organet til hjelp.

5.4 Tolking av reglement

Sogn og Fjordane har ikkje regulert spørsmålet om tolking av reglementet. Hordaland har i sitt reglementet teke inn følgjande:

«Dersom det oppstår tvilsspørsmål med omsyn til tolking av saksbehandlingsreglement for folkevalde organ, skal fylkesrådmannen gje ei grunngeven tolking. Vert spørsmålet ikkje løyst på denne måten, vert saka å leggja fram for fylkesutvalet for avgjerd.

Gjeld tolkingstvilen kontrollutvalet, fylkesvalstyret, klagenemnda, utvala, fylkesutvalet eller fylkestinget sitt reglement, vert saka å leggja fram for fylkestinget.

Det skal leggjast fram rapport for fylkesutvalet minst ein gong i året om alle saker der det har vore reist spørsmål om tolking av reglementa.»

Prosjektleiari ser det som ei føremon at ein vidarefører Hordaland sine føresegner.

5.5 Oversendingsforslag

Sogn og Fjordane har ikkje regulert praksis rundt oversendingsforslag i sitt reglement. Praksisen i Sogn og Fjordane er at dette vert det fremma forslag og vert ein del av vedtaket.

I Hordaland har ein regulert dette slik:

- Oversendingsforslag er forslag som det ikkje er ønske om å realitetshandsama i møtet, men som ein likevel ønskjer å få vurdert av enten eit anna utval/nivå eller av administrasjonen.
- Det skal røystast om forslaget skal oversendast utan realitetsbehandling. Det krevst fleirtal for å verta oversendt.
- Ved oversendingsforslag til politiske organ legg fylkesrådmannen fram melding til utvalet der forslaget er referert. Vidare arbeid er avhengig av positiv avgjerd i utvalet.
- Ved oversendingsforslag til fylkesrådmannen gir fylkesrådmannen tilbakemelding i form av melding eller sak til organet som har oversendt forslaget.

Prosjektleiari tilrår ei regulering i tråd med kva Hordaland har praktisert når det gjeld oversendingsforslag.

5.6 Mindretalsanke

Sogn og Fjordane har i sitt reglement regulert dette slik:

«Minst ¼ av medlemene i utvalet, fylkesordføraren, fylkesrådmannen eller dei som møter på deira vegner, kan anke eit vedtak i utvalet til fylkesutvalet for overprøving.»

Prosjektleiaren er kjent med at dette er ei ordning som i svært liten grad vert nytta i Sogn og Fjordane. Ordninga heng saman med at ein i Sogn og Fjordane har som hovudregel at politiske saker skal gå direkte frå hovudutval til fylkestinget.

Med grunnlag i at ordninga med mindretalsanke er svært lite nytta i Sogn og Fjordane bør ei slik ordning etter prosjektleiari sitt syn ikkje vidareførast.

5.7 Særskilde sakshandsamingsreglar for fylkestinget

Det kan takast inn i saksbehandlingsreglementet, men som eit eige avsnitt som berre gjeld fylkestinget, eller takast inn i det reglement som gjeld eksplisitt for fylkestinget.

Interpellasjonar

Det bør vurderast om ein ønskjer å ta inn noko om dette i reglementet, då dette ikkje er lovregulert. Spørsmålet blir om ein ønskjer at interpellasjonsinstituttet skal vidareførast.

Dersom ein finn å vidareføra dette bør ein følgja det som ligg i førearbeida.

Kva fristar ein skal ha for innsending av interpellasjonar bør ein vurderast. Det er svært ulike fristar i dei to fylkeskommunane.

Sakshandsamingsreglar om interpellasjonar må utarbeidast i tråd med kva som er uttala i førearbeida til ny kommunelov, sjå prop.46 L (2017-2018) s. 156. Førearbeida gir desse føringane:

1. Interpellasjon utan forslag

Ein interpellasjon som berre inneheld spørsmål og ønskje om eit svar, og som er sendt til møteleiar på førehand, skal påførast sakslista. Interpellasjonen kan berre nektast handsama om organet med alminneleg fleirtal vedtek å utsetje realitetshandsaminga (jf. § 11-3 fjerde ledd).

2. Interpellasjon med forslag

- a) Interpellasjonar med forslag til vedtak fremma i forkant av møtet, skal handsamast etter § 11-3 første ledd eller § 11-2 andre ledd bokstav c) dersom 1/3 av medlemmene krev saka handsama.
- b) Dersom forslaget fremmast i forbindelse med organet si handsaming av interpellasjonen, vil det være å anse som «ny sak» etter § 11-3 femte ledd. For at saka skal verte realitetshandsama må ikkje møteleiar eller 1/3 av møtande medlemer nekte dette.

Dette er regulert i reglementet slik:

Hordaland

Frist: Må meldast skriftleg til fylkesordførar innan 4 yrkedagar før tingssamling.

Taletid: 5 minutt for første innlegg og 5 min for svar. Deretter 3 min. Maks tidsbruk totalt 20 min.

Sogn og Fjordane

Frist: Ein interpellasjon som er meld seinare enn ein månad før den aktuelle fylkestingssamlinga, kan avvisast frå tingsamlinga.

Taletid: 10 min for den som set fram interpellasjonen. Ordskifte bør avgrensast til 1 time.

Prosjektleiar tilrår at interpellasjonsinstituttet vert vidareført, og at det vert teke inn i reglement som gjeld for fylkestinget.

Prosjektleiar meiner at Hordaland sine føresegner vert vidareførtast når det gjeld frist for innsending og taletid. Det som ofte dette instituttet vert nytta til er dagsaktuelle emne, med for lange fristar vil ein missa ein del av hensikta som ligg bak ordninga.

Prosjektleiar ber om ei vurdering og tilbakemelding på frist for innsending og fastsetjing av taletid.

Spørsmål

Fors spørsmål er det ulike fristar i dei to reglementa.

Hordaland

Frist: Bør meldast skriftleg til fylkesordførar seinast kl 9 dagen før tinget

Taletid: Spørjar og svarar 2 min kvar. Høve til oppfølgingsspørsmål og svar på 1 min

Sogn og Fjordane

Frist: I utgangspunktet bør førespurnader/spørsmål varslast seinast åtte dagar før møtedagen for at møteleiaren skal kunne gi fullnøyande svar.

Taletid: Inntil 2 min for den som stillar spm. Inntil 1 min på tilleggsspørsmål.

På lik line med interpellasjonar ber ein om at ein vurderer frist og taletid for dette, og om det av praktiske omsyn til tidsbruk bør setjast ei maksgrænse for totaltid som kan nyttast til interpellasjonar og spørsmål.

Fråsegn

Hordaland:

«Dersom fylkestinget ynskjer å uttala seg om dagsaktuelle saker kan det gjerast gjennom å vedta ei fråsegn om saka. Framlegg om fråsegn vert varsla i samband med ordskiftet etter talane.»

Dersom ein ønskjer at dette skal varslast tidleg i tingsetet, slik at representantane vert kjend med det, må det reglementsfastast.

Opningstalar

Ikkje regulert i Sogn og Fjordane sitt reglement.

Regulert i Hordaland sitt reglement slik:

«Etter fylkesordføraren og fylkesrådmannen sine opningstalar er det høve til ordskifte om ikkje fylkestinget vedtek noko anna. Taletida for kvart innlegg bør vera avgrensa til 3 minuttar og samla tid for ordskiftet til ein time.»

Her er det ønskjeleg med ei tilbakemelding på om ein ønskjer eit slikt ordskifte etter talane. Dersom ein finn at dette er noko ein vil vidareføra så bør det reglementsfastast.

Taletid

Hordaland:

«Ordinær taletid for innlegg i fylkestinget er sett til 3 minuttar. Det er høve til 3 replikkar til kvart innlegg på 1 min, samt svarreplikk på 1 min pr. replikk.

I større saker, for eksempel budsjettbehandling kan fylkesordføraren fastsetja ei anna ordning for taletid, dersom ikkje fylkestinget set seg imot. Dette må takast opp før ordskiftet tek til.»

Sogn og Fjordane:

«Møteleiar kan for den einskilde sak, som t.d. årsbudsjettet og økonomiplanen, ta avgjerd om avgrensa taletid for kvart innlegg. Møteleiar kan også ta avgjerd om å slutte av ordskiftet i ei sak.»

Det bør vurderast om ein ønskjer å regulera taletida i fylkestinget, og korleis den skal fastsetjast.

Anna som må reglementsfastast.

Reglar generelt om delegering og korleis dette kan nyttast må takst inn i reglementet om delegering.

- Generelt om delegering
- Vidaredelegering, i kor stor grad dette kan gjerast og om det bør vera fastsette skrankar.

I delegeringsreglementet må det takast inn delegering etter særlover og forskrifter.

Delegering til fylkesrådmannen må og fastsetjast i delegeringsreglementet. Dette gjeld innan ulike områder, bl.a. bygg- og eigedomsforvaltning, personalforvaltning, pengekrav og underskriftsfullmakter.

Dette vert ikkje teke med i denne saka, men vert arbeid vidare med fram til sak vert lagt fram.

Notat

Dato: 06.02.2019
Arkivsak: 2018/16486-17
Saksbehandlar: siggaard

Til: Fellenemnda

Frå: Prosjektlear

Utarbeiding av reglement for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune – PS 6/2019.

Oppsummering og tilbakemeldingar etter møtet 04.02.2019 i FN-AU.

I sak om utarbeiding av reglement for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune vart det frå prosjektleiaren stilla konkrete spørsmål eller tilrådingar som var viktig å få klarlagt for det vidare arbeidet med reglementa.

Det prosjektleiaren i saka bad FN-AU om å koma med tilbakemelding på var spesielt markert med understreking i saka. I tillegg til det som var spesielt markert opplyste prosjektleiaren at det og var viktig å få ei tilbakemelding om korleis saksgangen mellom hovudutval, fylkesutval og fylkestinget skal vera. Prosjektlearen peika på at ha ville tilrå den ordninga som er nedfelt i Hordaland og som i praksis vert nytta i Sogn og Fjordane og.

Prosjektlear sine tilrådingar i saka:

- Prosjektlear finn at det er føremålstenleg å nytta ei slik 3 deling av reglementa som den nye kommunelova gjev føringar på.
- Prosjektlear tilrår 17 medlemar i fylkesutvalet.
- Som følge av det som er opplyst ovanfor ser prosjektleiar at det er mest føremålstenleg at ein har eit kontrollutval med 5 medlemmer. (3 frå fylkestinget).
- Prosjektlear ser det som føremålstenleg at modellen frå Hordaland vert vidareført, då det er vedteke at det er administrasjonsutval ein skal ha. Prosjektlear tilrår at administrasjonsutvalet vert samansett med 6 folkevalde og 5 tillitsvalde representantar.
- Prosjektlear tilrår Sogn og Fjordane sin modell og samansetjing for finansutvalet.
- Dette er prinsipielt viktig å drøfte hovudutvala si rolle i saksgangen for politiske saker fram mot handsaming på fylkestinget. Prosjektlear rår til at det som hovudregel er fylkesutvalet som innstiller i saker som skal behandlast i fylkestinget.

Avklaringar knytt til saksbehandlingsreglar for dei folkevalde organa.

Møteplikt og forfall

I tillegg er det i ny kommunelov § 11-11 ei føresegn om *Fritak av personlige grunner*. Prosjektlear tilrår at eit slikt punkt/lovhenvisning vert innarbeidd under møteplikt og forfall.

Inhabilitet

Prosjektlear tilrår følgjande ordlyd:

«Ein medlem skal i god tid orientere sekretariatet om forhold som gjer eller kan gjere ein ugild.
«Medlema bør gjere seg opp ei eiga vurdering av habilitet som han munnleg kan leggje fram for organet.»

Prosjektlear ber om innspel på om det er ønskjeleg å ta med 2.setning, då det her ikkje er noko plikt til dette, men det gjev ei føring som vil komme organet til hjelp.

Tolking av reglement

Prosjektlear ser det som ei føremon at ein vidarefører Hordaland sine føresegner

Oversendingsforslag

Prosjektlear tilrår ei regulering i tråd med kva Hordaland har praktisert når det gjeld oversendingsforslag.

Mindretalsanke

Med grunnlag i at ordninga med mindretalsanke er svært lite nytta i Sogn og Fjordane bør ei slik ordning etter prosjektlear sitt syn ikkje vidareførast.

Særskilde saksbehandlingsrelar for fylkestinget.InterpellasjonarSpørsmålFråsegnerTalar, ordskifte etter talane.Taletid**Tilbakemeldingar i møtet**

Det vart berre gjeve tilbakemelding på dei punkta ein hadde anna på syn enn det som gjekk fram av saka.

Når det gjalt andre som prosjektleiaren hadde teke opp i saka var det ikkje nokre tilbakemeldingar. Tilrådingane som ligg i saka vert lagt som grunnlag for det vidare arbeidet med reglementa.

Talet medlemmer til fylkesutvalet.

Det var ulikt syn på talet på medlemmer. Det vart nemnd at talet 17 var eit for lite tal medlemmer sett i forhold til storleiken på fylket. Talet 19 vart trekt fram som tenleg og passe stor. Fleire av medlemmane gav uttrykk for at 19 var for mange og at ein og meinte at 17 og kunne vera eit noko høgt tal. Det vart nemnt at for store utval kunne vera krevjande i høve samarbeid, men at eit for lite tal medførte at dei minste partia ikkje vart representert i fylkesutvalet.

FN-AU trekte ikkje nokon konklusjon på dette.

Saksgang hovudutval-fylkesutval-fylkesting.

Det vart frå utvalet gjeve uttrykk for at det var ønskjeleg med ein saksgang der fylkesutvalet er det organet som innstiller til fylkestinget.

Interpellasjonar- taletid.

Her kom det fram synspunkt på at tida på kvar interpellasjon på 20min. var noko knapt. Burde kanskje aukast til 25min evt.30min. pr. interpellasjon.

Oppsummert.

Det utvalet hadde merknader til vil prosjektleiar ta med i det vidare arbeidet.

Prosjektleiar legg til grunn at dei tilrådingane som ligg i saka og som utvalet ikkje har hatt merknader til, vert lagt som grunnlag for det vidare arbeidet med reglementa.

Prosjektleiar ser det som svært viktig at ein fekk fastlagt saksgangen mellom hovudutvala, fylkesutvalet og fylkestinget. Dette er viktig å få fastlagt no, då det har innverknad på det vidare arbeidet med dei ulike reglementa.

Notat

Dato: 06.02.2019
Arkivsak: 2018/16486-18
Saksbehandlar: annsten1

Til: Fellesnemnda

Frå: Prosjektleiari Rune Haugsdal

Oppfølging av fylkestingsvedtak i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Prosjektleiari viser til brev frå fylkesrådmann Tore Eriksen, datert 14.12.2018, der det vert vist til to vedtak i fylkestinget 4. desember 2018.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane gjorde slikt i sak 56/18 Budsjett 2019/ økonomiplan 2019 –2022 som må fylgjast opp i fellesnemnda i nye Vestland fylkeskommune:

«Punkt 14. Fylkestinget ber om at det, gjennom fellesnemnda, vert laga retningslinjer for Vestland fylke som:

- a) Sikrar at 5% av nyttilsette skal rekrutterast frå menneske med «hol i CV-en» og med nedsett funksjonsevne.
- b) Stiller krav i innkjøpsstrategien om at personar med utfordringar på arbeidsmarknaden skal delta i utføringa av alle relevante kontraktar.»

«Punkt 15. Fylkestinget ber om at det gjennom fellesnemnda vert drøfta korleis ei ordning med skulefrukost i dei vidaregåande skulane kan innrettast og at det vert innhenta erfaring med dei som prøvd ut skulefrukost».

Prosjektleiari har adressert oppdraget til fagavdelingane i nye Vestland fylkeskommune.

Pkt. 14 a) vert sett i samanheng med ny HR-strategi/arbeidsgjevarpolitikk, rullering av likeverdsplan mv. Prosjektleiari tek sikte på å legge fram sak om dette hausten 2019/ tidleg 2020.

Pkt. 14 b) vert sett i samanheng med ny innkjøpsstrategi/politikk. Prosjektleiari tek sikte på legge fram sak om dette hausten 2019/tidleg 2020.

Pkt. 15 Prosjektleiari tilrår at igangsetting av arbeidet med vurdering av innføring av skulefrukost, vert avklart i politiske organ i Vestland fylkeskommune etter 1.1.2020.

PS 4/19 Innkomne spørsmål frå politikarane

Fra: aud karin oen (audkarino@hotmail.com)

Sendt: 08.02.2019 19:21:17

Til: Folkevalde

Kopi: Anne Gine Hestetun

Emne: Spørsmål til fylkesordfører, fellesnemnda 14.02.19

Vedlegg:

Spørsmål til fylkesordfører , fellesnemnda 14.02.19

Eg får attendemelding frå fleire som har vore på dei tre dialogmøta om Vestland kvifor Sv ikkje er der når det er debattmøte i valkamp.

Dei fortel at det er eit panel der politikarane set partivis og vert spurt spørsmål som dei sjølvsagt svarar på slik dei vil. Eg oppfatta aldri at det var slik det skulle gjennomførast og trur kanskje at det ikkje var intensjonen.

Dersom det er ein paneldebatt bør alle partia som er representert på fylkestinget verta invitert. Om ikkje vonar eg dei to dialogmøta som er att får ei anna form.

Beste helsing

Aud Karin Oen

Tlf: 922251195

PS 5/19 Ymse

Arkivnr: 2019/338-1
Saksbehandlar: Karl Viken, Hordaland
Saksbehandlar: Nils Egil Vetlesand, Hordaland

Saksframlegg**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--------------|--------|------------|
| Fellesnemnda | 6/19 | 14.02.2019 |

Budsjett for samanslåingskostnader**Samandrag**

Saka skisserer eit budsjett for samanslåingskostnadane for Vestland fylkeskommune for 2019. I det ligg det å setja opp budsjettsummar for dei ulike områda og aktivitetane der ein har identifisert meirkostnader. Det er laga eit spesifisert budsjett med ei ramme på 46 mill. kr i 2019. I tillegg er det sett av ein budsjettreserve på 7 mill. kr til uforutsette kostnader.

Det totale budsjettbehovet av meirkostnader som følgje av samanslåingsprosessen er estimert til 86,9 mill. kr. Forbruket i 2018 var 25 mill. kr, og i 2019 tek ein altså høgde for eit forbruk på 46 mill. kr. Den siste delen av meirkostnadane ved samanslåingsprosessen, 15,9 mill. kr, er venta å påløpa etter 2019.

Prosjektleiaren rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Fellesnemnda vedtek budsjett for meirkostnader i samband med samanslåingsprosessen for nye Vestland fylkeskommune.
2. Budsjettet for 2019 vert sett til 46 mill. kr. Utover denne ramma er det også sett av ein budsjettreserve på 7 mill. kr. til uforutsette kostnader.

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Prosjektlear, 01.02.2019

Bakgrunn

Saka skisserer eit budsjett for samanslåingskostnadane for Vestland fylkeskommune for 2019. I det ligg det å setja opp budsjettsummar for dei ulike områda og aktivitetane der ein har identifisert meirkostnadar.

Budsjettområde og forbruk i 2018

Det er tidligare gjort greie for kva område og kva tiltak som krev meirkostnadar grunna samanslåingsprosessen for Vestland fylkeskommune. Det er avtalt at det er dei same områda som skal brukast ved inndeling av eit budsjett.

Områda og tiltaka er lista opp under:

| Område/ tiltak |
|---|
| - Nytt fylkesvåpen |
| - Rekruttering prosjektlear/ fylkesrådmann |
| - Kurs, samlingar, møteverksemd (politisk) |
| - Kommunikasjonstiltak |
| - Konsulenttenester/ frikjøpte ressursar |
| - Løn- og sosiale kostnadar |
| - IKT- system |
| - Politiske fellesaktivitetar/ evt. Partistøtte |
| - Andre tiltak |

Samla forbruk av meirkostnadar i samanslåingsprosessen innanfor desse områda i 2018 var på 25 mill. kr. Vurderinga til prosjektlear er at takten i forbruket vil auke gjennom 2019. Når ein nærmar seg samanslåinga vil særskilt kostnadane som er knyt til IKT auke. I dette ligg kostnadar knyt til IKT- system, innleidde konsulentar, lisensar og frikjøp av eigne ressursar. Størstedelen av budsjettbehovet under kommunikasjonstiltak dreier seg om nye skilt, men det aller meste av kostnadane med dette tiltaket vil koma etter 2019.

Prinsipp for bruk av statlege tilskotsmidlar

Fellesnemnda vedtok i møte 18. desember 2017 prinsipp for bruk av tilskotsmidlar ved samanslåinga. Desse prinsippa vert også lagt til grunn i 2019. Det følgjer av dette at kostnadane som skal dekkast av dei statlege tilskotsmidlane er:

- konsulentkjøp,
- kjøp av styringssystem
- prosjektlear si løn, reiseverksemd og opphaldsutgifter
- gjennomføring av fellesmøte

Fylkesbudsjetta skal dekkja følgjande kostnadar:

- reise og diett
- godtgjerdse folkevalgte i samband med møte fellesnemnda
- frikjøp tillitsvalde

Fylkesmidlar, budsjettreserve og budsjetttramme 2019

Fylkesmidlar

Samla er det avsett 51 mill. kr i fylkeskommunale midlar til meirkostnadar i samanslåingsprosessen. HFK har sett av 29 mill. kr og SFFK har sett av 22 mill. kr. Løyvinga til HFK vart redusert i den politiske handsaminga av budsjettet for 2019. I fylkesrådmannen sitt framlegg var det i HFK sitt budsjett sett av 33 mill. kr, medan denne summen vart redusert til 29 mill. kr etter politisk handsaming. Det vil vera naturleg

at også Sogn og fjordane reduserer sin del med fylkeskommunale midlar for å halde på fordelinga 60 % HFK og 40 % SFFK.

Dersom SFFK reduserer sin del med 3 mill. kr vert fordelinga mellom fylka:

| | | |
|----------------------------|--------------------|------|
| HFK | 29 mill. kr | 60 % |
| SFFK | 19 mill. kr | 40 % |
| Totalt fylkesmidlar | 48 mill. kr | |

Budsjettreserve

Det er tidligare øyremerka 15 mill. kr som skal setjast av som ein budsjettreserve til uforutsette kostnader. Grunna storleiken på dei estimerte kostnadane, og reduksjon i dei fylkeskommunale midlane er det grunn til å redusera denne reserven; til 7 mill. kr.

Budsjetttramme 2019

Disponibel ramme for budsjettering i 2019 er lik summen av tildelte statsmidlar og avsette fylkesmidlar; med fråtrekk for budsjettreserve og forbruk i 2018. Den totale summen til rådvelde som kan budsjetterast på dei ulike områda i 2019 vert då 46 mill. kr.

| | |
|----------------------------|--------------------|
| Fylkesmidlar HFK og SFFK | 48 mill. kr |
| Tildelte statsmidlar | 30 mill. kr |
| Tidligare forbruk 2018 | -25 mill. kr |
| Budsjettreserve | -7 mill. kr |
| Budsjetttramme 2019 | 46 mill. kr |

Dersom det realiserer seg eit mindre- eller meirforbruk i høve til budsjett så vert dette fordelt etter fordelingsnøkkelen mellom fylka; 60% HFK og 40% SFFK. Dette med atterhald om at dei to noverande fylkestinga gjer vedtak om ekstraløyving dersom det vert eit meirforbruk.

Budsjett og kostnadstypar

Det er kartlagt tiltak og område som krev meirkostnader i samanslåingsprosessen. Under er ei utdjuping av kva type kostnader dette dreier seg om innanfor dei ulike områda.

| Område/ tiltak | Kostnadstypar |
|--|--|
| Nytt fylkesvåpen | Fotograf Innleigd konsulent Folkejury Utdelte premiar Utlysning Trykking |
| Rekruttering pro.lei./ fylkesrådmann / leiarar | Kjøpte rekrutteringstenester Utlysning |
| Kurs, samlingar, møteverksemd (politisk) | Opphaldsutgifter Reiseverksemd Beverting Utlysning Lokale Kjøpte tenester ism møter |
| Kommunikasjonstiltak | Byte av skilt - gml. til Vestland fk Kjøpte tenester ism grafisk profil |

| | |
|---|---|
| | Foredrag Webtjenester |
| Konsulenttenester | Diverse kjøpte IKT- tenester Kjøpte juridiske tenester Diverse kjøpte ressursar, ikkje IKT |
| Prosjektleiing | Løn og sosiale kostnader Reiseverksemd Opphaldsutgifter |
| IKT- system/ modifisering og innkjøp | IT- infrastrukturstruktur i Vestland Internett i Vestland Intranett i Vestland Løn- og personalsystem Økonomisystem Sak- og arkivsystem Tannhelse, røntgensystem Kvalitetssystem Lisensar |
| Politiske fellesaktivitetar/ evt. Partistøtte | Auka politisk stønad til parti Tillegg for ekstra medlem Politisk parti fellesaktivitetar |
| Andre tiltak | Arkivkostnader Friluftsliv Ekstrakostnader ved regional planstrategi Diverse innkjøp; bl.a. rundt ordførar. |

Budsjettfordeling 2019

Under er tabell som syner ei fordelinga av 46 mill. kr i budsjettmidlar i 2019. Budsjettsummen for 2019 er gitt utifrå estimerte behov på områda med fråtrekk for forbruk 2018. I tillegg har ein tilpassa budsjettet i 2019 i høve til at det vert rekna med at delar av meirkostnadane fyrst vil påløpa etter 2019. Det dreier seg om totalt 15,9 mill. kr i kommunikasjonsiltak; skilting i det nye fylket.

IKT- system 2018

Når det gjeld forbruket i 2018 så syner tabellen at ein stor del av forbruket er knytt til IKT- system. Totalt beløp på 16,3 mill. kr til IKT-system pr. 2018 er brukt på desse områda: Lagring (5,2 mill. kr), Nettverk (3,8 mill. kr), Servere (3,6 mill. kr), HR- System (2,0 mill. kr), Brannmur (1,4 mill. kr), og Sharepoint (0,3 mill. kr).

Innanfor området IKT- system er det identifisert eit nytt budsjettbehov som er teken inn i budsjettet. Det er sett av 2,35 mill. kr til eit felles fylkeskommunalt ikt- prosjekt i samband med overtakinga av administrasjon av fylkesvegnettet.

Andre tiltak

Under andre tiltak er det sett av meirkostnader i høve til arkiv for Vestland fylke på 2,7 mill. kr. Når det gjeld arbeidet rundt regional planstrategi for Vestland fylke er det sett av 1,4 mill. kr. I samband med reforma får Vestland fylke overført nye oppgåver på friluftslivsområdet. Det er behov for ressursar i 2019 for at ein skal kunne forvalte desse oppgåvene frå 2020. Det er sett av ein frikjøpt ressurs i halv stilling frå august 2019, og kostnaden er rekna til om lag 0,3 mill. kr. Til sist er det budsjettert med om lag 0,1 mill. kr til diverse innkjøp og materiell til politisk møter; blant anna ordførarkjede.

Forbruk 2018 og Bud 2019

| Område/ tiltak | Totalt bud.behov | Forbruk 2018 | Resterande bud.behov 2019 | Utsett til 2020 - | Justert budsjett |
|-----------------------------------|------------------|--------------|---------------------------|-------------------|------------------|
| Nytt fylkesvåpen | 750 000 | 130 000 | 620 000 | | 620 000 |
| Rekruttering prosj.lei./ fylkråd. | 3 000 000 | 1 431 000 | 1 569 000 | | 1 569 000 |
| Kurs, saml., møter (pol) | 3 900 000 | 1 950 000 | 1 950 000 | | 1 950 000 |
| Kommunikasjonstiltak | 17 000 000 | 51 000 | 16 949 000 | 15 900 000 | 1 049 000 |
| Konsulenttenester | 7 000 000 | 3 080 000 | 3 920 000 | | 3 920 000 |
| Prosjektlear | 4 000 000 | 1 417 000 | 2 583 000 | | 2 383 000 |
| IKT- system/ mod. og innkjøp | 44 350 000 | 16 273 000 | 28 077 000 | | 28 077 000 |
| Politisk verksemnd/ partistøtte | 2 400 000 | 668 000 | 1 732 000 | | 1 732 000 |
| Andre tiltak | 4 500 000 | - | 4 500 000 | | 4 500 000 |

| | | | | | |
|----------------------|------------|------------|------------|------------|------------|
| Totalt budsjett 2019 | 86 900 000 | 25 000 000 | 61 900 000 | 15 900 000 | 46 000 000 |
|----------------------|------------|------------|------------|------------|------------|

Detaljert budsjett

Under er det sett opp eit budsjett med type kostnader på dei ulike områda for 2019. Det faktiske forbruket må jamnleg kontrollerast opp mot budsjettsummane. Ved avvik bør det vurderast tiltak i høve til forbruket eller revidering av budsjettsummane.

| Område | Konto | Budsjettsum |
|---|-------------------------------------|-------------|
| Nytt fylkesvåpen | 12700 Konsulenttenester | 400 000 |
| | 11200 Anna forbruksmatriell | 110 000 |
| | 11400 Annonse, reklame, informasjon | 110 000 |
| Rekruttering prosjektlear/ div. leiarar | 12700 Konsulenttenester | 1 569 000 |
| Kurs, samlingar, møteverksemd (pol.) | 11231 Opphaldsutgifter | 1 350 000 |
| | 11150 Bevertning | 500 000 |
| | 11400 Annonse, reklame, informasjon | 100 000 |
| Kommunikasjonstiltak | 12003 Inventar | 800 000 |
| | 12700 Konsulent tenester | 100 000 |
| | 12780 Kjøpte tenester | 149 000 |
| Konsulenttenester | 12700 Konsulenttenester | 2 000 000 |
| | 12701 Juridiske tenester | 1 000 000 |
| | 12780 Kjøpe tenester | 920 000 |
| Prosjektlear | 10110 Fast Løn | 2 383 000 |
| | 11701 Reiseutgifter | 100 000 |
| | 11231 Opphaldsutgifter | 100 000 |
| IKT-system/ modifisering og innkjøp | 12012 It- utstyr | 20 000 000 |
| | 12700 Konsulent tenester | 7 050 000 |
| | 11230 Tenestefrikjøp | 1 027 000 |
| Politisk verksemd | 14700 Overføring til andre | 1 732 000 |

| | | | |
|-----------------------|-------|------------------------|------------|
| Andre tiltak | 12780 | Kjøpte tenester | 3 000 000 |
| | 11230 | Tenestefrikjøp | 1 000 000 |
| | 11200 | Anna forbruksmateriell | 300 000 |
| | 11231 | Opphaldsutgifter | 100 000 |
| | 11150 | Beverting | 100 000 |
| KOSTNADSBUDSJETT 2019 | | | 46 000 000 |

Arkivnr: 2018/16486-16
Saksbehandlar: Nils Egil Vetlesand
Saksbehandlar: Astrid Lernes

Saksframlegg**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--------------|--------|------------|
| Fellesnemnda | 7/19 | 14.02.2019 |

Nytt inntektssystem - fråsegn frå Nye Vestland fylkeskommune**Samandrag**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har sendt ut forslag til nytt inntektssystem på høyring til fylkeskommunane. Det er dei eksisterande fylkeskommunane som er inviterte til å kome med høyringsinnspel, med høyringsfrist 8.mars. Det endelege forslaget til nytt inntektssystem vert presentert av KMD i kommuneproposisjonen 14.mai. Prosjektlear legg opp til - i samråd med fylkesrådmennene i Hordaland og Sogn og Fjordane - å sende eit likelydande innspel frå dei to fylkeskommunane. I og med at inntektssystemet skal gjelde for Vestland fylkeskommune, meiner prosjektleiaren at det er relevant at også Fellesnemnda for høve til å godkjenne/uttale seg før høyringsinnspellet vert handsama i dei to respektive fylkesutvala.

Prosjektlear si samla vurdering av det nye inntektssystemet er at det stort sett speglar det gjeldande inntektssystemet – både når det gjeld metodisk tilnærming og kostnadsnøklar. Prosjektlear har i sitt framlegg til høyringsinnspel konsentrert seg om å kommentere enkelte svakheiter med forslaget.

Prosjektlear rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Fellesnemnda i nye Vestland fylkeskommune gjev høyringsuttale til nytt inntektssystem for fylkeskommunane frå 2020 slik det går fram av saksframstillinga.
2. Høyringsuttalen vert, etter møtet i Fellesnemnda, lagt fram som sak for dei to fylkesutvala, med sikte på samtidig og fylkesvis handsaming også i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar.

Rune Haugsdal
prosjektlear

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Prosjektleiari, 06.02.2019

Innleiing/bakgrunn

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har sendt ut forslag til nytt inntektssystem på høyring til fylkeskommunane. Det er dei eksisterande fylkeskommunane som er inviterte til å kome med høyringsinnspel, med høyringsfrist 8.mars. Det endelege forslaget til nytt inntektssystem vert presentert av KMD i kommuneproposisjonen 14.mai. Prosjektleiari legg opp til - i samråd med fylkesrådmennene i Hordaland og Sogn og Fjordane - å sende eit likelydande innspel frå dei to fylkeskommunane. I og med at inntektssystemet skal gjelde for Vestland fylkeskommune, meiner prosjektleiari at det er relevant at også Fellesnemnda for høve til å godkjenne/uttale seg før høyringsinnspelet vert handsama i dei to respektive fylkesutvala.

Prosjektleiari si samla vurdering av det nye inntektssystemet er at det stort sett speglar det gjeldande inntektssystemet – både når det gjeld metodisk tilnærming og kostnadsnøklar. KMD har i vesentleg grad vidareført gjeldande systemet, som vart revidert i 2015. Prosjektleiari vil presisere at det nye inntektssystemet ikkje seier noko om økonomisk ramme til fylkeskommunane, men berre korleis den ramma Stortinget vedtek bør fordelast.

Prosjektleiari har i sitt framlegg til høyringsinnspel konsentrert seg om å kommentere enkelte svakheiter med forslaget. KMD føreslår 3 ulike modellar for fordeling av tapskompensasjonen som vart gjeve til dei fylkeskommunane som tapte mest på nytt inntektssystem. Desse modellane gjev ulikt utslag for Vestland Fk. Modellen der Vestland Fk kjem best ut gjev ein auke 10,8 mill. kr, mens modellen der Vestland Fk kjem dårlegast ut gjev eit tap på 27,8 mill. kr. Vidare er det føreslått to overgangsordningar, anten på to eller fire år. Prosjektleiari meiner tapskompensasjonen bør fordelast i samsvar med Stortinget sitt vedtak i statsbudsjettet for 2019. I 2019 får Sogn og Fjordane fk 106,8 mill. kr i tapskompensasjon, og denne bør vidareførast til Vestland fk frå 2020. Det vert gjort nærare greie for grunnlaget for dette i høyringsuttalen. Det vert gjort merksam på at finansiering av nye oppgåver, mellom anna overføring av oppgåver frå Statens vegvesen (Sams vegadministrasjon), ikkje er teke med i det nye inntektssystemet – så langt. Dette gjer at vi ikkje veit noko om kva fordelingsopplegg staten her vil følgje.

Høyringsuttale til nytt inntektssystem for fylkeskommunane frå 2020

Fylkeskommunane sin medverknad i utforminga av nytt inntektssystem

Kommunal og moderniseringsdepartementet (KMD) har i tidlegare dialog lovd at fylkeskommunane skal få medverke i *utforminga* av nytt inntektssystem. Også denne gongen har medverknaden vore svært avgrensa, og fylkeskommunane har no fått presentert eit ferdig utkast, med relativt kort høyringsfrist. Dette gjer at fylkeskommunane får liten medverknad. Det er svært avgrensa kva innspel som kan vurderast og imøtekomast fram til det ferdige forslaget skal leggast fram i Kommuneproposisjonen i mai. Opplaget frå KMD si side kan kallast ein «proformaprosess» som i beste fall gjer at fylkeskommunane får moglegheit til å kommentere enkeltutslag ved systemet, ikkje påverke val av metodikk og grunnprinsipp for utforminga av det samla systemet.

Justeringar i kriteria for berekning av utgiftsbehov

Hordaland fylkeskommune har fleire gonger tidlegare peika på at kriteriet innbyggjarar pr km offentleg veg ikkje gir tilsikta resultat. Ein kan t.d. samanlikne Rogaland og Hordaland med Agder-fylka. Agder-fylka har lågare tal innbyggjarar per km, men får vesentleg høgare indeks. Det er positivt at kriteriet «» no er teke ut av kriteriesettet som ligg til grunn for inntektssystemet.

Det er vidare positivt at det er teke omsyn til lærlingar i kriteriesettet for vidaregåande opplæring.

Tapskompensasjonen må vidareførast i tråd med Stortinget sin intensjon

KMD føreslår ulike modellar for omfordeling av tapskompensasjonen som har vore gjeve til dei fylkeskommunane som tapte mest ved omlegging av inntektssystemet i 2015. Sogn og Fjordane fylkeskommune og Nordland fylkeskommune var dei to fylkeskommunane som tapte desidert mest ved førre omlegging, og av desse kom Sogn og Fjordane desidert dårlegast ut. Etter vår vurdering bør tapskompensasjonen Stortinget har vedteke i løpet av åra frå 2015-2019, og som per 2019 er på 335 mill.

kr, fordelast på dei fylka og fordelt slik Stortinget har vedteke. Bakgrunnen for tapskompensasjon er ei politisk vilje blant fleirtalet i Stortinget om å kompensere dei fylka som kom svært dårleg ut ved omlegginga av inntektssystemet i 2015. Stortinget har slege fast at det er svakheiter i dette systemet (2015) som ikkje vert fanga opp gjennom det samla kriteriesettet. Nye Vestland fylkeskommune kan ikkje sjå at det no er gjort endringar i kostnadsnøklane som tilseier at desse svakheitene er retta opp. Tapskompensasjonen bør difor ha den same fordelinga mellom fylkeskommunane i 2020, som i 2019, men overført til dei samanslegne fylkeskommunane frå 2020.

Vestland fylkeskommune sitt sekundære standpunkt er at dersom ikkje tapskompensasjonen vert vidareført i tråd med intensjonen frå Stortinget, så bør den innlemmast som ein del av innbyggartilskotet. Det bør likevel leggjast til rette for ei overgangsordning slik at det ikkje vert dramatiske endringar frå eitt år til det neste.

Rammeoverføringane må sikre fullfinansiering ved innføring av nye statlege pålegg og oppgåver

Fylkeskommunane har ved fleire høve fått ansvar for å følgje opp nye statlege pålegg og oppgåver som ikkje vert fullfinansierte. Dette gjer at eksisterande oppgåveportefølje må nedprioriterast/forsømmast om dei nye oppgåvene/pålegga skal følgjast opp. Dette undergrev i neste omgang finansieringsgrunnlaget for seinare år – ved at etablerte oppgåver framstår med lægre ressursbruk enn det faktiske behovet tilseier. Det bør difor vere eit absolutt krav i det nye inntektssystemet at nye pålegg/oppgåver vert fullfinansiert.

Eit eksempel på manglande fullfinansiering av eit statleg pålegg kjem tydeleg til uttrykk i samband med tunnelsikkerheitsforskrifta. For å illustrere konsekvensane skisserer vi her kva verknad dette pålegget har hatt på Sogn og Fjordane fylkeskommune sin økonomi:

I samband med innføring av tunnelforskrifta er rammetilskotet styrka i tabell c, med ei eiga tildeling. I åra 2015-19 har Sogn og Fjordane fylkeskommune isolert sett fått auka statlege overføringar på 324 mill. kr i 2015-kr, for å møte auka kostnader til opprusting av tunnelane. I 2015 var tiltak for å tilfredstille forskrifta, samt ta igjen forfallet på fylkesvegstunnelane, kostnadsrekna til om lag 2,6 mrd. kr. Ein stor del av kostnadane er knytt til tiltak som må gjennomførast for å tilfredstille krav i forskrifta. Dette betyr at Sogn og Fjordane fylkeskommune må løyse størsteparten av kostnadane innanfor midlar frå rammetilskotet elles. Underfinansieringa medfører nedprioritering av andre fylkeskommunale tenesteytingar.

Den same underfinansieringa gjeld for Hordaland fylkeskommune. Dette medfører at nye Vestland fylkeskommune får eit «uløseleg finansieringsproblem». Staten har eit ansvar for å sette fylkeskommunane i stand til å finansiere forskrifter/pålegg som kjem frå statleg hald.

Finansieringsutfordringa innanfor veg vert forsterka ved at midlane til drift/vedlikehald og investeringar på fylkesvegnettet ikkje er i nærleiken av behovet.

Ein god infrastruktur er naudsynt for å sikre regional utvikling og effektiv utnytting av ressursane i alle delar av landet. Dagens løyvingar til fylkesvegar står ikkje i forhold til det store behovet for å hindre ytterlegare forfall av vegnettet, og redusere alt opparbeida vedlikehaldsetterslep. Det bør prioriterast auka løyvingar til dette føremålet for å sikre ein betre infrastruktur. Nye Vestland fylkeskommune vil få til saman vel 5800 km fylkesveg, og topografien er slik at vi har mange tunnelar (om lag 265) og bruer. Det samla forfallet knytt til fylkesvegane i nye Vestland fylkeskommune er berekna til 11-12 mrd. kr. Forfallet er for stort til at den nye fylkeskommunen kan løyse dette ved dagens prioritering og tildelingar til føremålet frå staten. Dette vil igjen ramme næringslivet og utnytting av dei store naturressursane i denne landsdelen. Innføring av tunnelsikkerheitsforskrifta fører til at gapet mellom behov for ressursar og tilgjengeleg finansiering vert ytterlegare auka.

Investeringane på fylkesvegane kjem i tillegg til utfordringane med vedlikehald og tunnelopprusting. Per i dag får ikkje fylkeskommunane statlege tildelingar til større investeringar. Dette medfører at fylkeskommunane må basere finansieringa på låneopptak, noko som igjen utfordrar driftsøkonomien. At staten har valt å ikkje vidareføre ordninga med rentekompensasjon for nye investeringar på fylkesvegane

frå 2018, gjer at presset på lånegjelda vert enno større. Det nye inntektssystemet frå 2020 må i større grad ta omsyn til behovet for auka løyvingar til fylkesvegane.

Vestland fylkeskommune støttar det alternative forslaget til delkostnadsnøkkel for fylkesveg der 70 pst. vert fordelt etter Motiv.

Alle nye oppgåver til fylkeskommunane må innreknast i det nye inntektssystemet

Ved overføring av oppgåver frå staten må ressursar også følgje med slik at fylkeskommunane vert sett i stand til å løyse ansvaret. Eit døme vi no ser er den vedtekne overføringa av statlege fiskerihamner. Her er det presisert frå Kystverket at oppgåva vert overført, men at det ikkje vil følgje med administrative ressursar.

Saksbehandlar: Lisa Marie Hillestad Ålsberg, prosjektleiaren, Sogn og Fjordane
Sak nr.: 2018/16486-10

| Saksgang | Saknr. | Møtedato |
|-----------------|--------|------------|
| Utval | | |
| Fellesnemnda-AU | 5/19 | 04.02.2019 |
| Fellesnemnda | 8/19 | 14.02.2019 |

Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune

SAMANDRAG

Prosjektleiar fekk i samband med sak 22/18 «Politisk organisering i den nye fylkeskommunen på Vestlandet» i oppgåve å utarbeide framlegg til reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde i Vestland fylkeskommune. Fellesnemnda slo fast at saka burde leggjast fram for drøfting i fellesnemnda sitt arbeidsutval 18.10.18 og deretter til vedtak i fellesnemnda.

Prosjektleiar starta arbeidet med reglementet sommaren 2018, og la – på bakgrunn av ønsket om at rammene for det politiske arbeidet blir klarlagt så tidleg som mogleg – fram ei første skisse til drøfting 10.09.18 og vedtak 21.09.18. Saka synleggjorde ei breidde av politiske organ i Vestland fylkeskommune utover den faste hovudutvalsstrukturen, samt eit framlegg til grunnleggjande prinsipp for utforming av godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde i den nye fylkeskommunen.

Fellesnemnda sitt arbeidsutval drøfta eit utkast til reglement for godtgjersle framlagt av prosjektleiar i sine møte den 18.10.18, 29.10.18 og 27.11.18. Arbeidsutvalet sine drøftingar og arbeidsverkstader har resultert i at prosjektleiar har fått nokre justerte føringar i samband med framlegging av eit nytt heilskapleg utkast til reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde. Arbeidsutvalet sine føringar ligg til grunn for modellen og vurderingane som er gjort i dette saksframlegget.

Prosjektleiar rår fellesnemnda sitt arbeidsutval til å gje slik tilråding:

1. Fellesnemnda fastset reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune, slik dette ligg føre i vedlegg 1.
2. Fellesnemnda vil eventuelt vurdere reglementet for godtgjersle og arbeidsvilkår dersom delegeringsreglementet medfører betydelege justeringar av roller, ansvar og mynde. Prosjektleiar utarbeider framlegg til politisk delegeringsreglement til fellesnemnda første halvår 2019.
3. Fellesnemnda vil vurdere samla kostnader knytt til folkevalde sin politiske aktivitet dersom oppgåvestrukturen for fylkeskommunane vert endra utover det som no er kjent.

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

1. Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune, framlegg datert 25.01.2019.

Lenker til relevante dokument:

1. Reglement for godtgjersle/arbeidsvilkår i Hordaland fylkeskommune i dag ([her](#)).
2. Reglement for godtgjersle/arbeidsvilkår i Sogn og Fjordane fylkeskommune i dag ([her](#)).
3. Økonomiske vilkår for folkevalde ([her](#)). Kommunesektorens organisasjon (KS), 2017.

1. BAKGRUNN FOR SAKA

Føreseieleg reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde i Vestland fylkeskommune

Prosjektleiari fekk i samband med sak 22/18 «Politisk organisering i den nye fylkeskommunen på Vestlandet» i oppgåve å utarbeide framlegg til reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde i Vestland fylkeskommune. Fellesnemnda slo fast at saka burde leggjast fram for drøfting i fellesnemnda sitt arbeidsutval 18.10.18 og deretter til vedtak i fellesnemnda.

Prosjektleiari starta arbeidet med reglementet sommaren 2018, og la – på bakgrunn av ønsket om at rammene for det politiske arbeidet blir klarlagt så tidleg som mogleg – fram ei første sak til drøfting 10.09.18 og vedtak 21.09.18. Saka synleggjorde ei breidde av politiske organ i Vestland fylkeskommune utover den faste hovudutvalsstrukturen, samt framlegg til grunnleggjande prinsipp for utforming av godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde i den nye fylkeskommunen.

Fellesnemnda vedtok 21.09.18 i sak 35/18 «Politisk organisering i Vestland fylkeskommune - fase II» følgjande føringar for arbeidet med framtidig reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde:

- a) Samla økonomiske rammer for folkevalde sin aktivitet i Vestland fylkeskommune skal hovudsakleg liggje innanfor summen av ramma som Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har for den folkevalde aktiviteten i dag. Dette omfattar m.a. løn, møtegodtgjersle og kompensasjon for tapt arbeidsforteneste.
- b) Fellesnemnda vil vurdere det samla kostnadsbiletet knytt til folkevalde sin aktivitet på nytt dersom oppgåvestrukturen for fylkeskommunane vert endra utover det som no er kjent.
- c) Fylkesordførar, fylkesvaraordførar og dei fire hovudutvalsleiarane i Vestland fylkeskommune skal ha godtgjersle tilsvarande heil stilling (100%).
- d) Leiaren for kontrollutvalet skal ha godtgjersle tilsvarande halv stilling (50%).
- e) Fellesnemnda legg opp til ei differensiering i høve til den enkelte folkevalde si rolle som fylkestingsrepresentant, fylkesutvalsrepresentant, gruppeleiar og/eller andre sentrale roller.

Fellesnemnda sitt arbeidsutval drøfta eit utkast til reglement for godtgjersle framlagt av prosjektleiar i sine møte den 18.10.18, 29.10.18 og 27.11.18. Arbeidsutvalet sine drøftingar og arbeidsverkstader har resultert i at prosjektleiar har fått nokre justerte føringar i samband med framlegging av eit nytt heilskapleg utkast til reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde:

- a) Det skal leggjast til grunn at medlemene i fylkesutvalet, med unntak av fylkesordførar og fylkesvaraordførar, også sit i eit hovudutval.
- b) Hovudutvalsleiarane sit ikkje i fylkesutvalet, men tiltrer i finansutvalet og planutvalet.
- c) Hovudutvalsleiarane skal ikkje frikjøpast i heil stilling.
- d) Gruppeleiarane i fylkestinget skal tilgodesjåast noko meir i det nye reglementsutkastet enn det som var tilfelle i utkastet som var til handsaming 18.10.18. Det bør vurderast om gruppeleiarane bør sitje fast i fylkesutvalet.
- e) Gruppeleiarane si godtgjersle skal vere noko meir differensiert enn det som var tilfelle i utkastet som var til handsaming 18.10.18.
- f) Opposisjonsleiar bør få tilnærma heil stilling som gruppeleiar for den største partigruppa og som medlem i fylkesutvalet.

- g) Kommunelova sin § 43 seier at kommunestyret/fylkestinget kan vedta å opprette eller slutte seg til ei pensjonsordning for folkevalde i kommunar. Arbeidsutvalet la til grunn at alle folkevalde i Vestland fylkeskommune vert innmelde i KLP.
- h) Dersom folkevalde som er frikjøpte vert sjukmelde, er det KS si tilråding at vedkomande beheld si faste godtgjersle. Arbeidsutvalet la dette til grunn i si drøfting 18.10. og 29.10.
- i) Fellesnemnda sitt arbeidsutval la til grunn at prosjektleiar også gjer ei førebels vurdering av framtidig nivå på samla reisegodtgjersle og ev. bustadutgifter i det vidare arbeidet.
- j) Nestleiarar bør ha fast godtgjersle.
- k) Hovudutvalsmedlem og fylkestingsmedlem bør likestillast.
- l) Grunnlaget for berekning av godtgjersle skal vere 100 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle, og ikkje 90 % som skissert i utkastet den 27.11.18.

2. REGLEMENT FOR GODTGJERSLE OG ARBEIDSVILKÅR FOR FOLKEVALDE

I utforminga av reglementet legg prosjektleiar til grunn signala frå drøftingane i fellesnemnda sitt arbeidsutval.

Alle kostnader er i 2018-kroner, og dei konkrete talstorleikane som er presentert vil bli endra når reglementet trer i kraft.

Funksjonar og roller

Reglementet omtalar følgjande roller:

- a) Fylkesordfører
- b) Fylkesvaraordfører
- c) Fylkesutvalsmedlemer
- d) Hovudutvalsleiarar, nestleiar og –medlemer
- e) Kontrollutvalsleiar, nestleiar og –medlemer
- f) Fylkestingsmedlemer
- g) Gruppeleiarar i fylkestinget
- h) Saksordfører
- i) Leiarane for:
 - Fagopplæringsnemnda/yrkesopplæringsnemnda
 - Fylkesrådet for eldre
 - Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
 - Trafikktryggingsutvalet
 - Styret for fagskuleutdanninga
 - Medverknadsorganet for ungdom

Presisering av godtgjersle til ulike politiske funksjonar og roller

Fylkesutvalsmedlemane, leiarane for hovudutvala og kontrollutvalet og gruppeleiarane for partigruppene i fylkestinget vert frikjøpte i si rolle. Det inneber at ein mottek ei fast godtgjersle i staden for dekning av tapt arbeidsinntekt og arbeidsgodtgjersle, jf. kommunelova § 8-5.

Fylkesutvalsmedlem

Som fylkesutvalsmedlem vert ein frikjøpt med grunnlag i 50 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Funksjonen som fylkesutvalsmedlem inneberer at ein også sit i eit hovudutval. Godtgjersla som fylkesutvalsmedlem skal også dekke rolla som hovudutvalsmedlem. Fylkesutvalsmedlemane får difor ikkje

fast godtgjersle som hovudutvalsmedlem, møtegodtgjersle eller vederlag for tapt arbeidsinntekt for møte i hovudutvala. Viss ein vert nestleiar i eit hovudutval får ein ei ytterlegare godtgjersle på 5 % av grunnlaget.

Leiarane for hovudutvala og kontrollutvalet

Som leiar i eit av hovudutvala eller kontrollutvalet vert ein frikjøpt med grunnlag i 50 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Funksjonen som leiar inneberer at når ein møter i kraft av rolla som hovudutvalsleiar eller kontrollutvalsleiar får ein ikkje utbetalt møtegodtgjersle eller vederlag for tapt arbeidsinntekt.

Gruppeleiarane for partigruppene i fylkestinget

Gruppeleiarane i partia vert frikjøpt med grunnlag i 20 % - 50 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Gruppeleiarane si godtgjersle vert differensiert i tre intervall etter tal representantar i fylkestinget. Rolla som gruppeleiar inneber å leie og koordinere det politiske arbeidet som partigruppa utøver i fylkestinget. Godtgjersla dekkjer møtegodtgjersle, vederlag for tapt arbeidsinntekt, førebuing og deltaking i møter, konferanse, synfaring m.m.

Nivå på faste godtgjersler

Det er lagt opp til at stortingsrepresentantane si godtgjersle per 01.05.18 dannar grunnlaget for berekning av dei faste årlege godtgjerslene i Vestland fylkeskommune, der fylkesvaraordførar si godtgjersle utgjer 100 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Prosjektleiar har føresett ei godtgjersle på 1,3 mill. kr for fylkesordførar i berekningsgrunnlaget, men denne vert fastsett særskilt ved konstituering av det framtidige fylkestinget.

Satsane vert justert i takt med stortingsrepresentantar si godtgjersle, som vert regulerte 1.mai kvart år.

Ved fastsetjing av godtgjerslene har prosjektleiar lagt seg på minst same kronenivå som det dei to fylkeskommunane har i dag. Prosjektleiar legg opp til følgjande faste godtgjersler til folkevalde:

| | %-sats | Beløp |
|--|--------|--------------|
| fylkesordførar | | kr 1 300 000 |
| fylkesvaraordførar | | kr 956 500 |
| Fylkesutvalsmedlem | 50 % | kr 478 250 |
| Leiar i hovudutvala | 50 % | kr 478 250 |
| Leiar i kontrollutvalet | 50 % | kr 478 250 |
| Nestleiarane i hovudutvala og kontrollutvalet | 10 % | kr 95 650 |
| Fylkestingsmedlem | 5 % | kr 47 825 |
| Hovudutvalsmedlem og kontrollutvalsmedlem | 5 % | kr 47 825 |
| Leiar yrkesopplæringsnemnda | 3 % | kr 28 695 |
| Leiar for trafikktryggingsutvalet | 3 % | kr 28 695 |
| Leiar for styret for fagskuleutdanninga | 3 % | kr 28 695 |
| Leiar for fylkesråd for eldre | 3 % | kr 28 695 |
| Leiar for fylkesråd for menneske med neds. funksj. | 3 % | kr 28 695 |
| Leiar for medverknadsorganet for ungdom | 3 % | kr 28 695 |
| Gruppeleiarar | | |
| inntil 5 medlem i FT | 20 % | kr 191 300 |
| frå 6-9 | 35 % | kr 334 775 |
| 10 eller meir + opposisjonsleiar | 50 % | kr 478 250 |
| | | |
| Telefon og breiband godtgjersle | | kr 5 400 |
| Frikjøpsordning | | kr 25 000 |

- a) Representantane som har fast godtgjersle har ikkje krav på møtegodtgjersle for møte i det utvalet dei har fast godtgjersle i, eller når ein møter i kraft av sitt verv eit anna utval.
- b) Varamedlemer i fylkestinget, fylkesutvalet, hovudutvala og kontrollutvalet har krav på møtegodtgjersle.
- c) Med unntak av fylkesordførar og fylkesvaraordførar kan folkevalde ha fleire ulike funksjonar og dermed ha krav på godtgjersla som høyrer til kvar enkelt funksjon.
- d) Summen av dei faste godtgjerslene kan ikkje overstige fylkesvaraordførar si godtgjersle.
- e) Gruppeleiarane, fylkesutvalsmedlemane og leiarane i hovudutvala og kontrollutvalet får ikkje betalt vederlag for tapt arbeidsinntekt når ein møter i eigenskap av rolla si.
- f) Dei folkevalde skal ha skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle etter det kommunale reiseregulativet ved møter eller oppdrag på vegne av fylkeskommunen. Utover dette skal fylkeskommunen etter behov syte for høveleg husvære og dekke dei faste utgiftene med leige, straum m.m. for fylkesordførar, fylkesvaraordførar og hovudutvalleiarane. Vidare skal fylkestinget fastsette særskilte reglar for dekking av reiseutgifter til og frå heimstaden på bakgrunn av kven som innehar vervet og kva som er rimeleg i det enkelte tilfelle, jf. punkt 9 i vedlegg 1.

Tabellen under syner kva godtgjersle ein får ved ulike rollekombinasjonar:

| Rollekombinasjonar | Godtgjersle |
|---|--------------|
| FT-medlem + HU/KU-medlem ¹ | 10 % |
| FT- medlem + HU-medlem + FU-medlem ¹ | 55 % |
| FT-medlem + HU/KU-leiar | 55 % |
| FT- medlem + HU/KU-medlem + gruppeleiar ¹ og ² | 25 %- 55 % |
| FT-medlem + HU-medlem + FU-medlem+ gruppeleiar ¹ og ² | 70 % -100 % |
| FT-medlem + HU/KU-leiar+ gruppeleiar ² | 70 % - 100 % |

¹ Dersom ein er nestleiar i enten HU eller KU vert godtgjersla auka med 5 %, men likevel ikkje slik at ein kjem over 100%.

² Føreset at ikkje alle gruppeleiarar sitter i FU

3. PROSJEKTLEIAR SI VURDERING

Prosjektleiar rår i denne saka fellesnemnda sitt arbeidsutval og i neste runde fellesnemnda til å drøfte eit nytt og konkretisert reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune. Reglementet er utarbeidd med grunnlag i den nye kommunelova kapittel 8 , og byggjer på dei politiske drøftingane som så langt er gjort knytt til godtgjersle og arbeidsvilkår for politisk nivå i fellesnemnda 21.09.18 samt i fellesnemnda sitt arbeidsutval den 18.10.18, 29.10.18 og 27.11.18.

Med bakgrunn i nemnde politiske drøftingar rår prosjektleiar fellesnemnda til å fastsetje reglementet for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune, slik dette ligg føre i vedlegg 1.

Prosjektleiar ønskjer samstundes å gjere merksam på det samla kostnadsbiletet det no vert lagt opp til. Fellesnemnda vedtok 21.09.18 i sak 35/18 at «samla økonomiske rammer for folkevalde sin aktivitet i Vestland fylkeskommune hovudsakleg skal liggje innanfor summen av ramma som Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har for den folkevalde aktiviteten i dag.» Det er då lagt opp til å i hovudsak vidareføre godtgjerslenivået, som i dag dekker godtgjerslene og reiseaktiviteten til folkevalde i to fylkeskommunar, i Nye Vestland fylkeskommune.

Utkastet som prosjektleiar la fram for arbeidsutvalet den 18.10.18 var i hovudsak innanfor summen av ramma som Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har i dag. Det vart då gjort merksam på at kostnader som då skal dekke reise, hybel m.m. truleg er lågt vurdert. Det er vanskeleg å gjere eit presist anslag på desse kostnadane no, då dei vil vere avhengige av kvar dei folkevalde kjem frå/bur m.m.

Prosjektleiar har difor lagt til grunn at Vestland fylkeskommune vil trenge minimum det dei to fylkeskommunane har til reise, hybel m.m. i dag.

Etter drøftingar i fellesnemnda sitt arbeidsutval vil ikkje gjeldande budsjettrammer i dei to fylkeskommunane vere tilstrekkeleg. Prosjektleiar tilrår ikkje å gå vesentleg utover tilgjengeleg ramme, og har difor redusert stønad til frikjøp for politisk arbeid til 25 000 kr per fylkestingsrepresentant, jf. frikjøpsordninga pkt. 13 i vedlegg 1. Frikjøpsordninga kjem i tillegg til partistønad. Partistønad er fylkeskommunen sitt tilskot til dei politiske partia sine fylkesorganisasjonar og gruppene i fylkestinget. Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har i dag til saman ei partistønad som utgjer om lag 11 mill. kr. I SFFK vert midlane fordelt med 15 % som ei grunnstønad (lik sum til kvart parti) og 85 % ut frå stemmer (lik sum per stemme). I HFK vert 12,5 % av partistønad fordelt som ei grunnstønad (lik sum til kvart parti), 44,5 % vert fordelt per representant (lik sum per representant) og 43 % vert fordelt ut frå stemmer (lik sum per stemme). Fordeling i Vestland fylkeskommune vert å kome attende til.

Framlegget som no ligg føre går ut over den samla ramma som dei to fylkeskommunane nyttar i dag med om lag 2,5 mill. kr.

Prosjektleiar rår vidare til at fellesnemnda vurderer det samla kostnadsbiletet knytt til folkevalde sin aktivitet på nytt dersom oppgåvestrukturen for fylkeskommunane vert endra utover det som no er kjent.

Saksprotokoll i Fellesnemnda-AU - 04.02.2019

Røysting

Prosjektleiar si tilråding var samrøystes vedteke som innstilling til fellesnemnda.

Innstilling til fellesnemnda

4. Fellesnemnda fastset reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune, slik dette ligg føre i vedlegg 1.
5. Fellesnemnda vil eventuelt vurdere reglementet for godtgjersle og arbeidsvilkår dersom delegeringsreglementet medfører betydelege justeringar av roller, ansvar og mynde. Prosjektleiar utarbeider framlegg til politisk delegeringsreglement til fellesnemnda første halvår 2019.
6. Fellesnemnda vil vurdere samla kostnader knytt til folkevalde sin politiske aktivitet dersom oppgåvestrukturen for fylkeskommunane vert endra utover det som no er kjent.

REGLEMENT FOR GODTGJERSLE OG ARBEIDSVILKÅR FOR FOLKEVALDE I VESTLAND FYLKESKommUNE

Reglementet har til føremål å sikre folkevalde kompensasjon for sin arbeidsinnsats, erstatning for tapt arbeidsinntekt og dekking av reelle utgifter i samband med utøving av vervet.

Reglementet gjeld for folkevalde og andre medlemar av fylkeskommunale organ. I tillegg gjeld reglementet for fylkeskommunane sine tillitsvalde i fylkeskommunale organ.

Reglementet er utarbeidd med grunnlag i den nye kommunelova kapittel 8.

Det vert vist til punkt 14 i dette reglementet for satsar for godtgjersler og vederlag, samt regulering av satsar.

1. FASTE GODTGJERSLER

Følgjande folkevalde skal ha faste godtgjersler:

- Fylkesordførar
- Fylkesvaraordførar
- Fylkestingsmedlemene
- Fylkesutvalsmedlemene
- Leiarane for hovudutvala og kontrollutvalet
- Nestleiarane for hovudutvala og kontrollutvalet
- Hovudutvalsmedlemene
- Kontrollutvalsmedlemene
- Saksordførar
- Leiarane for:
 - Yrkesopplæringsnemnda
 - Fylkesrådet for eldre
 - Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
 - Medverknadsorganet for ungdom
 - Trafikktryggingsutvalet
 - Styret for fagskuleutdanninga

1.1. Fylkesordførar

Godtgjersla vert fastsett for kvar valperiode av det konstituerande fylkestinget.

1.2. Fylkesvaraordførar

Godtgjersla er sett til stortingsrepresentantane si godtgjersle.

1.3. Andre folkevalde

Godtgjersla til folkevalde, med unntak av fylkesordførar, vert berekna med grunnlag i stortingsrepresentantane si godtgjersle.

Folkevalde kan ha fleire ulike funksjonar og dermed krav på godtgjersla som høyrer til kvar enkelt funksjon. Likevel skal ikkje summen av faste godtgjersler overstige fylkesvaraordførar si godtgjersle.

1.4. Godtgjersle til ulike politiske funksjonar og roller

Fylkesutvalsmedlemene, leiarane for hovudutvala og kontrollutvalet og gruppeleiarane for partigruppene i fylkestinget vert frikjøpte i si rolle. Det inneber at ein mottek ei fast godtgjersle i staden for dekning av tapt arbeidsinntekt og arbeidsgodtgjersle, jf. kommunelova § 8-5.

Fylkesutvalsmedlem

Som fylkesutvalsmedlem vert ein frikjøpt med grunnlag i 50 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Funksjonen som fylkesutvalsmedlem inneberer at ein også sit i eit hovudutval. Godtgjersla som fylkesutvalsmedlem skal også dekke rolla som hovudutvalsmedlem. Fylkesutvalsmedlemene får difor ikkje fast godtgjersle som hovudutvalsmedlem, møtegodtgjersle eller vederlag for tapt arbeidsinntekt for møte i hovudutvala. Viss ein vert nestleiar i eit hovudutval får ein ei ytterlegare godtgjersle på 5 % av grunnlaget.

Leiarane for hovudutvala og kontrollutvalet

Som leiar i eit av hovudutvala eller kontrollutvalet vert ein frikjøpt med grunnlag i 50 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Funksjonen som leiar inneberer at når ein møter i kraft av rolla som hovudutvalsleiar eller kontrollutvalsleiar får ein ikkje utbetalt møtegodtgjersle eller vederlag for tapt arbeidsinntekt.

Gruppeleiarane for partigruppene i fylkestinget

Gruppeleiarane i partia vert frikjøpt med grunnlag i 20 % - 50 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Gruppeleiarane si godtgjersle vert differensiert i tre intervall etter tal representantar i fylkestinget. Rolla som gruppeleiar inneber å leie og koordinere det politiske arbeidet som partigruppa utøver i fylkestinget. Godtgjersla dekker møtegodtgjersle, vederlag for tapt arbeidsinntekt, førebuing og deltaking i møter, konferanse, synfaring m.m.

Dersom fylkesvaraordførar er gruppeleiar, vert gruppeleiar godtgjersla overført til partigruppa. I slike tilfelle fordeler partigruppa midlane sjølve. Godtgjersla vert utbetalt på grunnlag av gruppeleiar sin attestasjon.

1.5. Frikjøp tilsvarande heil stilling

Fylkesordførar og fylkesvaraordførar og andre folkevalde som i sum har faste godtgjersler tilsvarande 100 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle skal reknast for å vere 100% frikjøpte.

Det inneber at godtgjersla er ei totalgodtgjersle som omfattar fast godtgjersle, møtegodtgjersle og vederlag for tapt arbeidsinntekt for alle verv vedkomande har, der valet eller oppnemninga er resultat av direkte vedtak i eit fylkeskommunalt vedtaksorgan.

1.6. Reduksjon i fast godtgjersle

Dersom ein representant har fråvær i meir enn 25% av møta, vert den faste godtgjersla redusert tilsvarande det totale fråværet. Dersom fråværet skuldast anna fylkeskommunal verksemd, sjukdom,

fødsels- og adopsjonspermisjon vert det ingen reduksjon i den faste godtgjersla. Fylkeskommunen betalar likevel ikkje godtgjersle lengre enn 12 mnd. Føresetnaden er at ein har teke til i vervet.

Godtgjersle utbetalt under sjukdom eller fødsels- og adopsjonspermisjon, jf. avsnittet ovanfor, skal samordnast med eventuelle ytingar frå NAV. Tilkjende ytingar frå NAV vert å betale attende til Vestland fylkeskommune.

Grunnen til fråværet skal opplysast og dokumenterast. Fylkesordføraren avgjer om fråværet skal telje med i «25% -regelen» i tvilstilfelle. Godtgjersla vert i alle høve ikkje betalt utover den perioden ein er vald for.

Dersom fylkesutvalet/hovudutvalet har samrådingar, synfaringar, temamøte eller liknande dagen før eller etter eit møte med sakshandsaming, vert også denne dagen rekna som møtedag i høve til «25%-regelen».

1.7. Fast godtgjersle til varamedlem

Varamedlem som møter i meir enn 25% av møta får prosentvis fast godtgjersle i høve til frammøte. Det vert då ikkje betalt møtegodtgjersle. Det same gjeld for nestleiarar som fungerer for leiar med fast godtgjersle. Det vert føreteke ei avrekning mot slutten av året for dei representantane dette er aktuelt for.

2. MØTEGODTGJERSLE

2.1. Møtegodtgjersle

Møtegodtgjersle for representantar i fylkeskommunale organ vert utbetalt for kvar møtedag i same organ.

Representantane som har fast godtgjersle har ikkje krav på møtegodtgjersle for møte i det utvalet ein har fast godtgjersle i, eller når ein møter i kraft av si stilling som til dømes hovudutvalsleiar, fylkesutvalsmedlem, gruppeleiar m.m. Varamedlemer har krav på møtegodtgjersle.

Fylkesutvalmedlemene får ikkje møtegodtgjersle for møte som følgjer av fylkesutvalet sine andre roller og funksjonar. Leiarane av hovudutvala og kontrollutvalet får ikkje møtegodtgjersle for møte der dei møter i eigenskap av hovudutvalsleiar/kontrollutvalsleiar. I begge tilfella gjeld dette møte i finans- og planutval..

Valde representantar til m.a. årsmøte, generalforsamlingar, arbeidsgrupper, styringsgrupper, interkommunale utval m.m. får utbetalt møtegodtgjersle med 50 %, når slik godtgjersle ikkje vert betalt av andre.

2.2. Fleire møte same dag

Dersom folkevalde møter i fleire utval same dag, har dei rett på ei møtegodtgjersle per utval.

2.3. Dobbel møtegodtgjersle

Utvalsleiarar som ikkje har fast godtgjersle får dobbel møtegodtgjersle.

Nestleiar eller andre, som ikkje har fast godtgjersle, som må leie heile møte i leiaren sitt fråvær får dobbel møtegodtgjersle.

2.4. Arbeidstakarrepresentantar

Arbeidstakarrepresentantar i folkevalde organ har same rettar til godtgjersle etter regulativet som dei folkevalde medlemene av organet.

Møtegodtgjersle vert ikkje gitt til arbeidstakarar som møter i kraft av si stilling.

2.5. Presiseringar

Møtegodtgjersle vert gitt til mellom anna:

- Varamedlemer i fylkestinget, fylkesutvalet, hovudutvala og kontrollutvalet.
- Møtande medlem og varamedlemer i Vestlandsrådet
- Møtande representantar til m.a. årsmøte og generalforsamlingar
- Møtande medlemer og varamedlemer i andre råd og utval (t.d. fylkesråd for eldre, fylkesråd for menneske med nedsett funksjonsevne, medverknadsorgan for ungdom, fagopplæringsnemnda, trafikktryggingsutvalet)

3. VEDERLAG FOR TAPT ARBEIDSINNTEKT

Folkevald skal ha vederlag for tap av inntekt som følgje av tillitsvervet.

Det gjeld *ein* sats for legitimert tap og *ein* sats for ulegitimert tap, jf. punkt 14. .

Dersom det ikkje ligg føre dokumentasjon på inntektstapet, vert vederlaget gitt etter satsen for ulegitimert tap, såframt tapet er sannsynleggjort

Vederlag kan gjevast til arbeidstakarar, sjølvstendig næringsdrivande og personar utan arbeidsinntekt dersom dei må forsøme sine ordinære gjeremål for å ivareta tillitsvervet, t.d. heimeverande, studentar og pensjonistar.

Fylkesrådmannen avgjer i kvart tilfelle om det ligg føre faktisk inntektstap.

3.1. Unntak

Gruppeleiarane, fylkesutvalsmedlemene, leiarane i hovudutvala og kontrollutvalet får ikkje betalt vederlag for tapt arbeidsinntekt når dei møter i eigenskap av rolla si, jf. pkt. 1.4.

Fylkesutvalsmedlemene får ikkje vederlag for tapt arbeidsinntekt for møte som følgje av fylkesutvalet sine spesielle funksjonar, t.d. funksjonen som finansutval og fylkesplanutval.

3.2. Personar med lønsinntekt

Tapt arbeidsinntekt skal dekkast ved at arbeidsgivar fakturerer kommunane/fylkeskommunane direkte for fråvær, for å hindre at folkevalde taper pensjon.

3.3. Sjølvstendig næringsdrivande

Dersom inntektstapet er større enn satsen for ulegitimert tap, kan inntektstapet dokumenterast med likningsattest for det siste året. Som alternativ kan ein ta utgangspunkt i gjennomsnittet for likningsattestane for dei tre siste åra.

Kapital- og pensjonsinntekter som kjem inn uavhengig av eige nærver på arbeidsplassen vert ikkje medrekna i grunnlaget. Det er den pensjonsgivande inntekta med fråtrekk for godtgjersla folkevalde har fått utbetalt frå fylkeskommunen som skal leggest til grunn.

Inntektstapet pr. dag vert utrekna etter netto årsinntekt dividert på 260 dagar.

3.4. Personar utan lønsinntekt

Denne gruppa får dekka tap tilsvarande satsen for ulegitimert tap.

3.5. Folkevald tilsett i fylkeskommunen

Folkevald som er tilsett i fylkeskommunen får utbetalt si ordinære løn i fylkeskommunen.

Ved fråver utover 10 dagar per år kan vedkomande institusjon krevje refusjon for ev. vikarutgifter. Refusjonskrav vert å sende fylkesrådmannen.

4. GODTGJERSLER VED DELTAKING PÅ GRUPPEMØTE, KURS, SYNFARING OG LIKNANDE.

4.1. Gruppemøte

Gruppemøte som vert haldne i fylkestingsgruppene før opninga av fylkestinget vert rekna som ein del av fylkestingsmøtet og gir ikkje grunnlag for eigne godtgjersler.

4.2 Kurs, konferanse o.l.

Ved deltaking på kurs, konferansar, folkemøte og liknande vert det vert gitt vederlag for tapt arbeidsinntekt og skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle. Det vert ikkje gjeve møtegodtgjersle. Det vert ikkje betalt vederlag for tapt arbeidsinntekt dersom ein deltek i eigenskap av rollene nemnt under punkt 1.4.

Slik deltaking skal vera avtala og godkjent av fylkesordførar eller utvalsleiar.

4.3. Synfaringar o.a. arbeid utanfor møta

Ved deltaking på synfaringar og anna arbeid utanfor møta som vert gjort av det samla utvalet, vert det gitt møtegodtgjersle, vederlag for tapt arbeidsinntekt og skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle. Dette gjeld likevel ikkje for rollane nemnt under pkt. 1.4.

Det same gjeld når utvalet, fylkesordførar eller fylkesrådmannen har bede om at ein eller fleire medlemmer føretek synfaring.

5. VEDERLAG FOR PÅFØRTE UTGIFTER

5.1. Utgifter i samband med tilsyn til barn under 12 år, funksjonshemma, eldre og sjuke

Folkevalde skal ha vederlag for påførde utgifter som følgje av ombodet. Det gjeld ein sats for legitimerede utgifter og ein sats for ulegitimerte utgifter, jf. pkt. 14.

Dersom det ikkje ligg føre dokumentasjon på utgiftene, vert det gitt etter satsen for ulegitimert tap såframt utgiftene er sannsynleggjort. Det er i alle høve ein føresetnad at det ligg føre eit økonomisk tap.

Aktuelle utgifter vil m.a. kunne vere utgifter til stedfortredar, tilsyn til barn under 12 år og funksjonshemma, samt stell av sjuke og eldre.

Vederlag for påførde legitimerede utgifter vert dekkja inntil eit visst beløp, jf. pkt. 14. I slikt tilfelle skal alderen på barnet og at tilsynet har funne stad dokumenterast. Det er ein føresetnad at omsorgsansvaret elles ville ha hindra den folkevalde i å delta i møtet.

6. SKYSS- OG KOSTGODTGJERSLER M.M.

Dei folkevalde skal ha skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle etter det kommunale reiseregulativet ved møte eller oppdrag på vegner av fylkeskommunen.

6.1. Skyssgodtgjersle

Den folkevalde får dekkja reiseutgifter frå heimstaden/arbeidsstaden.

Dersom den folkevalde på grunn av utdanning, verneplikt, jobb eller liknande oppheld seg ein annan stad enn heimstaden, vert det dekkja reiseutgifter til og frå den staden ein oppheld seg som følge av dette. Fylkesordførar kan i særskilte tilfelle gjere unntak frå dette.

Det er høve for fylkeskommunale folkevalde representantar å nytte eige skyssmiddel for reiser til og frå møte.

6.2. Overnattingsgodtgjersle

Når det vert lagt opp til at overnatting vert dekkja av fylkeskommunen, vil dette gå fram av innkallinga til dei fylkeskommunale møta.

Fylkeskommunen dekkjer overnatting:

- Når fylkeskommunale møte eller møte representanten deltek på som fylkeskommunal folkevald/på vegne av fylkeskommunen går over fleire døger, eller representanten må møte på møte påfølgjande dag og reiseavstand til heimen er på minst 150 km med bil eller minst 2,5 time reise med kollektive transportmiddel (målt etter www.vegvesen.no/trafikk hjå Statens vegvesen).
- Når det ikkje er praktisk mogeleg å komme seg heim med kollektiv reise, eller at heimreise medfører urimeleg lang tidsbruk for representanten dersom representanten skal på fylkeskommunale oppdrag neste dag.
- Dersom møtet varer så lenge ut over kvelden at representanten ikkje kan nå heim same dag.
- Reglane gjeld tilsvarande for gruppemøte før fylkestingsmøte.
- Fylkesordføraren tolkar regelverket og kan gjera unntak til dømes ved ekstremver, brot i samferdsletilbod, vegsteining eller særskilte behov som sjukdom eller liknande.

7. UTGIFTER TIL TELEFON OG BREIBAND

7.1. Telefon

Fylkeskommunen held mobiltelefon for fylkesordførar og fylkesvaraordførar, og dekkjer alle utgiftene ved abonnementet, jf. elles fylkeskommunen sitt telefonreglement så langt det passar.

Fylkestingsmedlemene elles og leiaren for kontrollutvalet får ei fast telefongodtgjersle pr. år, jf. punkt 14.

7.2. Breiband

Fylkestingsmedlemene og leiaren for kontrollutvalet skal ha ei årleg godtgjersle til dekking av utgifter til breiband, jf. punkt 14. Dei ordnar sjølve med tinging og vedlikehald av breibandet.

8. PENSJONSMEDLEMSKAP, FORSIKRINGAR OG PERMISJON

8.1. Medlemskap i KLP

Folkevalde skal ha medlemskap i Kommunal Landspensjonskasse (KLP).

8.2. Tap av pensjonsrettar

Folkevald som vil tape pensjonsrettar som følgje av redusert stilling/fråvær frå sitt ordinære arbeid får refundert arbeidsgivardelen av den tilleggspremie som må betalast for å oppretthalde pensjonsmedlemskapen.

Det vert ikkje gitt refusjon når pensjonsmedlemskap knytt til det politiske vervet minst kompenserer for det tap i ytingar som manglande innbetaling av tilleggspremie vil resultere i. Ved berre delvis tap i ytingar etter ei slik samordning skjer det ei høvesvis avkorting i refusjon av tilleggspremie.

8.3. Gruppelivsforsikring

Folkevalde som er medlem i pensjonsordninga i KLP er også dekkja av fylkeskommunen si gruppelivsforsikring som har heimel i Hovudtariffavtalen kap. 1, § 10.5

8.4 Reiseforsikring

Det er teikna reiseforsikring for folkevalde. Ordninga gjeld for reiser som følgje av vervet, og kun desse.

8.5 Yrkesskade

Folkevalde som er frikjøpt med grunnlag i minst 50 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle skal ha same rett til ytingar ved yrkesskade som dei tilsette i fylkeskommunen.

8.6 Permisjon

Folkevalde som er frikjøpt med grunnlag i minst 50 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle kan få permisjon i samsvar med arbeidsmiljølova §§12-1 til 12-10, 12-12 og 12-15. Under permisjonen beholder den folkevalde godtgjersla i inntil to veker, med mindre ein gir avkall på den.

Under svangerskapspermisjon, omsorgspermisjon, fødselspermisjon, foreldrepermisjon og permisjon ved barn - og barnepassar sin sjukdom har den folkevalde rett til å behalde godtgjersla etter dei same reglane som dei tilsette i fylkeskommunen.

9. ORDNINGAR FOR FYLKESORDFØRAR, FYLKESVARAORDFØRAR OG HOVUDUTVALSLEIARANE

9.1. Husvære

Fylkeskommunen skal etter behov syte for høveleg husvære og dekkjer dei faste utgiftene med leige, straum m.m.

9.2. Dekking av spesielle reiseutgifter, m.v.

Fylkestinget skal fastsette særskilte reglar for dekking av reiseutgifter til og frå heimstaden på bakgrunn av kven som innehar vervet og kva som er rimeleg i det enkelte tilfellet. Skyss- og kostgodtgjersle vert gjeve etter det kommunale regulativet.

10. POLITIKARDAGAR

Leiarar/medlemer i andre utval som ikkje er medlemer i fylkestinget skal ha høve til å møte på politikardagar dersom det er aktuelle saker som vedkjem deira utval. Dei skal då få dekkja utgiftene til reise, overnatting, møtegodtgjersle og eventuell kompensasjon for tapt arbeidsinntekt. Fylkesordføraren avgjer i tvilstilfelle.

11. ETTERGODTGJERSLE

Folkevald som er frikjøpt med grunnlag i minst 50 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle og som ikkje vert attvald, som fråtrer vervet eller som får vervet redusert, kan søke om å få ettergodtgjersle slik:

- Folkevald som ikkje har arbeid å gå til får ettergodtgjersle i tre månader.
- Folkevald som har arbeid å gå til får ettergodtgjersle i ein og ein halv måned.

Ettergodtgjersla skal vere lik den faste godtgjersla vedkomande hadde, ev. differansen mellom denne og ny godtgjersle.

12. INNLEVERING AV REISEREKNING M.V.

Reiserekning med krav om godtgjersler og vederlag skal leverast seinast tre månader etter at møtet er halde.

Fylkesrådmannen avgjer om vesentleg brot på denne fristen skal medføre at reiserekninga ikkje vert godkjent.

Eventuelt utbetalt reiseforskot vert trekt ved oppgjeret av reiserekninga.

13. FRIKJØPSORDNINGA

Stønad til frikjøp for politisk arbeid vert gjeve til partigruppene i fylkestinget med 25 000,- per fylkestingsrepresentant per år. Frikjøpsmidlane vert utrekna og fordelt på fylkestinget sine medlemer, med unntak av fylkesordførar, fylkesvaraordførar, hovudutvalsleiarane, kontrollutvalsleiar og gruppeleiarane.

Partigruppene fordeler midlane sjølve. Stønadent vert utbetalt på grunnlag av gruppeleiareren sin attestasjon.

Når fylkeskommunen føretek utbetaling direkte til eit medlem vert dette registrert som honorar, og det vert trekt skatt og rekna arbeidsgivaravgift av beløpet.

14. REGULATIV FOR GODTGJERSLER OG VEDERLAG TIL FOLKEVALDE

Folkevalde vert rekna som 100 % frikjøpt når ein i sum har godtgjersle tilsvarande 100 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Godtgjerslene er rekna med eit grunnlag pr. 1.5.2018 på 956 500 kr. Dei faste godtgjerslene vert regulerte i tråd med stortingsrepresentantane si årlege lønsregulering pr. 1. mai. Godtgjersler og vederlaga vert elles regulerte per 1.mai i samsvar med årslønsveksten i det kommunale tariffområdet.

Dei nye satsane vert slik:

1. Faste godtgjersler per år:

| | %-sats | Beløp |
|--|--------|--------------|
| fylkesordførar | | kr 1 300 000 |
| fylkesvaraordførar | | kr 956 500 |
| Fylkesutvalsmedlem | 50 % | kr 478 250 |
| Leiar i hovudutvala | 50 % | kr 478 250 |
| Leiar i kontrollutvalet | 50 % | kr 478 250 |
| Nestleiarane i hovudutvala og kontrollutvalet | 10 % | kr 95 650 |
| Fylkestingsmedlem | 5 % | kr 47 825 |
| Hovudutvalsmedlem og kontrollutvalsmedlem | 5 % | kr 47 825 |
| Leiar yrkesopplæringsnemnda | 3 % | kr 28 695 |
| Leiar for trafikktryggingsutvalet | 3 % | kr 28 695 |
| Leiar for styret for fagskuleutdanninga | 3 % | kr 28 695 |
| Leiar for fylkesråd for eldre | 3 % | kr 28 695 |
| Leiar for fylkesråd for menneske med neds. funksj. | 3 % | kr 28 695 |
| Leiar for medverknadsorganet for ungdom | 3 % | kr 28 695 |
| Gruppeleiarar | | |
| inntil 5 medlem i FT | 20 % | kr 191 300 |
| frå 6-9 | 35 % | kr 334 775 |
| 10 eller meir + opposisjonsleiar | 50 % | kr 478 250 |
| | | |
| Telefon og breiband godtgjersle | | kr 5 400 |
| Frikjøpsordning | | kr 25 000 |

2. Godtgjersler og vederlag per møtedag:

| | | Beløp |
|--|--------|----------|
| Møtegodtgjersle | | kr 1 400 |
| Vederlag for ulegitimert tap i inntekt | | kr 1 500 |
| Vederlag for legitimert tap i inntekt | inntil | kr 4 000 |
| Vederlag for påførde ulegitimerte utgifter | | kr 700 |
| Vederlag for påførde legitimerte utgifter | inntil | kr 1 500 |

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)

Notat

Dato: 06.02.2019
Arkivsak: 2018/16486-19
Saksbehandlar: thoare

Til: Fellesnemnda

Frå: Prosjektlear Rune Haugsdal

Tillegg til sak - reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune

I møtet i fellesnemnda sitt arbeidsutval (FN-AU) den 4. februar 2019, vart det reist nokre spørsmål og innspel som prosjektlear ønskjer å knytte nokre merknader til. Med grunnlag i dette vil prosjektlear føreslå endring i høve framlagt reglement til FN-AU, 4.februar 2019. Oppdatert reglement; sjå side 3 i dette dokumentet.

Spørsmål og innspel i FN-AU, 4.februar 2019:1) Bør det etablerast eit arbeidsutval til dei ulike politiske hovedutvala?

Det vert gjeve fast godtgjersle både til leiar og nestleiar av hovudutvala. Prosjektlear ser det difor ikkje som naudsynt med godtgjersle til eigne arbeidsutval.

Dette vert i tilfelle å vurdere i arbeidet med reglement for folkevalde organ.

2) Jf. punkt 3.3 i reglementet, bør det vere anna godkjent dokumentasjon i tillegg til likningsattest for sjølvstendig næringsdrivande?

Sjølvstendig næringsdrivande kan dokumentere inntektstapet dersom det er større enn satsen for ulegitimert tap. Godkjent dokumentasjon er då likningsattest for det siste året, alternativt gjennomsnittet av likningsattestane for dei siste tre åra. Dersom ein ikkje kan dokumentere inntekta, kan ein bruke ulegitimert sats.

3) Reiseavstanden for å få dekka overnatting er noko lang. Det må ligge ein viss fleksibilitet i punkt 6.2.

I høve reiseavstand vil prosjektlear presisere at når fylkeskommunen dekker overnatting, vil det gå fram av innkallinga til dei fylkeskommuneale møta. Utover det gjeld kulepunkta i punkt 6.2.

4) Er det betre å redusere den fast godtgjersla til fylkesutvalsmedlemene, og heller utbetale vederlag for tapt arbeidsinntekt.

Jf. pkt. 1.4 i reglementet vil fylkesutvalsmedlemene ikkje få tapt arbeidsforteneste, men vert kompensert gjennom den faste godtgjersla. Dette meiner prosjektlear er eit betre alternativ då den enkelte slepp å

krevje vederlag for tapt arbeidsinntekt. I tillegg vert faste godtgjersler meldt inn i KLP og er pensjonsgivande. Vidare vil prosjektleiar gjere fellesnemnda merksam på at reglementet legg opp til at folkevalde som vert rekna for å vere frikjøpt med grunnlag i minst 50% av stortingsrepresentantane si godtgjersle har nokre særskilte rettigheitar, jf. pkt. 8.5 og 8.6. Ein reduksjon i godtgjersla vil gjere at ein ikkje kjem inn under desse punkta.

5) I høve punkt 1.6 i reglementet, kva er meint med at tilkjende ytingar frå NAV vert å betale attende til Vestland fylkeskommune?

Prosjektleiar vil komme attende til nærmare forståelse og rutinar rundt praktiseringen av dette punktet i reglementet.

Prosjektleiar tilrår følgjande endringar i reglementet:

- Punkt 6.2 vert endra slik at ein er tydlegare på at kulepunkta gjeld utover det som kjem fram av innkallingar til dei fylkeskommunale møta. Vidare vert siste kulepunkt endra til fylkesordføraren tolkar regelverket og kan gjere unntak.
- Prosjektleiar vil gjere merksam på ein feil i både saksframstillinga og i vedlagde reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune knytt til saksordførar. Saksordførar er nemnt i opplistinga over kven som skal ha faste godtgjersler. Fast godtgjersle til saksordførar har i prosessen vore vurdert, men vert ikkje føreslått i det nye reglementet. Prosjektleiar viser til at grunnlaget for godtgjersle til dei folkevalde er auka, særleg for gruppeleiarar, fylkesutvalsmedlemer, leiar av hovudutval og kontrollutval. Prosjektleiar tilrår derfor at det ikkje er naudsynt med ei særskilt godtgjersle til saksordførar for å dekke avgrensa oppgåver og funksjonar som folkevald. Som ein konsekvens av dette foreslår prosjektleiar at saksordførar utgår i det endelege reglementet. I kva grad og kva form rolla som saksordførar eventuelt skal vidareførast vil bli eit spørsmål i prosessen med utarbeiding av reglement for folkevalde organ.

REGLEMENT FOR GODTGJERSLE OG ARBEIDSVILKÅR FOR FOLKEVALDE I VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Reglementet har til føremål å sikre folkevalde kompensasjon for sin arbeidsinnsats, erstatning for tapt arbeidsinntekt og dekking av reelle utgifter i samband med utøving av vervet.

Reglementet gjeld for folkevalde og andre medlemar av fylkeskommunale organ. I tillegg gjeld reglementet for fylkeskommunane sine tillitsvalde i fylkeskommunale organ.

Reglementet er utarbeidd med grunnlag i den nye kommunelova kapittel 8.

Det vert vist til punkt 14 i dette reglementet for satsar for godtgjersler og vederlag, samt regulering av satsar.

1. FASTE GODTGJERSLER

Følgjande folkevalde skal ha faste godtgjersler:

- Fylkesordførar
- Fylkesvaraordførar
- Fylkestingsmedlemene
- Fylkesutvalsmedlemene
- Leiarane for hovudutvala og kontrollutvalet
- Nestleiarane for hovudutvala og kontrollutvalet
- Hovudutvalsmedlemene
- Kontrollutvalsmedlemene
- Leiarane for:
 - Yrkesopplæringsnemnda
 - Fylkesrådet for eldre
 - Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
 - Medverknadsorganet for ungdom
 - Trafikktryggingsutvalet
 - Styret for fagskuleutdanninga

1.1. Fylkesordførar

Godtgjersla vert fastsett for kvar valperiode av det konstituerande fylkestinget.

1.2. Fylkesvaraordførar

Godtgjersla er sett til stortingsrepresentantane si godtgjersle.

1.3. Andre folkevalde

Godtgjersla til folkevalde, med unntak av fylkesordførar, vert berekna med grunnlag i stortingsrepresentantane si godtgjersle.

Folkevalde kan ha fleire ulike funksjonar og dermed krav på godtgjersla som høyrer til kvar enkelt funksjon. Likevel skal ikkje summen av faste godtgjersler overstige fylkesvaraordførar si godtgjersle.

1.4. Godtgjersle til ulike politiske funksjonar og roller

Fylkesutvalsmedlemene, leiarane for hovudutvala og kontrollutvalet og gruppeleiarane for partigruppene i fylkestinget vert frikjøpte i si rolle. Det inneber at ein mottek ei fast godtgjersle i staden for dekning av tapt arbeidsinntekt og arbeidsgodtgjersle, jf. kommunelova § 8-5.

Fylkesutvalsmedlem

Som fylkesutvalsmedlem vert ein frikjøpt med grunnlag i 50 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Funksjonen som fylkesutvalsmedlem inneberer at ein også sit i eit hovudutval. Godtgjersla som fylkesutvalsmedlem skal også dekke rolla som hovudutvalsmedlem. Fylkesutvalsmedlemene får difor ikkje fast godtgjersle som hovudutvalsmedlem, møtegodtgjersle eller vederlag for tapt arbeidsinntekt for møte i hovudutvala. Viss ein vert nestleiar i eit hovudutval får ein ei ytterlegare godtgjersle på 5 % av grunnlaget.

Leiarane for hovudutvala og kontrollutvalet

Som leiar i eit av hovudutvala eller kontrollutvalet vert ein frikjøpt med grunnlag i 50 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Funksjonen som leiar inneberer at når ein møter i kraft av rolla som hovudutvalsleiar eller kontrollutvalsleiar får ein ikkje utbetalt møtegodtgjersle eller vederlag for tapt arbeidsinntekt.

Gruppeleiarane for partigruppene i fylkestinget

Gruppeleiarane i partia vert frikjøpt med grunnlag i 20 % - 50 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Gruppeleiarane si godtgjersle vert differensiert i tre intervall etter tal representantar i fylkestinget. Rolla som gruppeleiar inneber å leie og koordinere det politiske arbeidet som partigruppa utøver i fylkestinget. Godtgjersla dekker møtegodtgjersle, vederlag for tapt arbeidsinntekt, førebuing og deltaking i møter, konferanse, synfaring m.m.

Dersom fylkesvaraordførar er gruppeleiar, vert gruppeleiar godtgjersla overført til partigruppa. I slike tilfelle fordeler partigruppa midlane sjølve. Godtgjersla vert utbetalt på grunnlag av gruppeleiar sin attestasjon.

1.5. Frikjøp tilsvarende heil stilling

Fylkesordførar og fylkesvaraordførar og andre folkevalde som i sum har faste godtgjersler tilsvarende 100 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle skal reknast for å vere 100% frikjøpte.

Det inneber at godtgjersla er ei totalgodtgjersle som omfattar fast godtgjersle, møtegodtgjersle og vederlag for tapt arbeidsinntekt for alle verv vedkomande har, der valet eller oppnemninga er resultat av direkte vedtak i eit fylkeskommunalt vedtaksorgan.

1.6. Reduksjon i fast godtgjersle

Dersom ein representant har fråvær i meir enn 25% av møta, vert den faste godtgjersla redusert tilsvarende det totale fråværet. Dersom fråværet skuldast anna fylkeskommunal verksemd, sjukdom, fødsels- og adopsjonspermisjon vert det ingen reduksjon i den faste godtgjersla. Fylkeskommunen betalar likevel ikkje godtgjersle lengre enn 12 mnd. Føresetnaden er at ein har teke til i vervet.

Godtgjersle utbetalt under sjukdom eller fødsels- og adopsjonspermisjon, jf. avsnittet ovanfor, skal samordnast med eventuelle ytingar frå NAV. Tilkjende ytingar frå NAV vert å betale attende til Vestland fylkeskommune.

Grunnen til fråværet skal opplysast og dokumenterast. Fylkesordføraren avgjer om fråværet skal telje med i «25% -regelen» i tvilstilfelle. Godtgjersla vert i alle høve ikkje betalt utover den perioden ein er vald for.

Dersom fylkesutvalet/hovudutvalet har samrådingar, synfaringar, temamøte eller liknande dagen før eller etter eit møte med sakshandsaming, vert også denne dagen rekna som møtedag i høve til «25%-regelen».

1.7. Fast godtgjersle til varamedlem

Varamedlem som møter i meir enn 25% av møta får prosentvis fast godtgjersle i høve til frammøte. Det vert då ikkje betalt møtegodtgjersle. Det same gjeld for nestleiarar som fungerer for leiar med fast godtgjersle. Det vert føreteke ei avrekning mot slutten av året for dei representantane dette er aktuelt for.

2. MØTEGODTGJERSLE

2.1. Møtegodtgjersle

Møtegodtgjersle for representantar i fylkeskommunale organ vert utbetalt for kvar møtedag i same organ.

Representantane som har fast godtgjersle har ikkje krav på møtegodtgjersle for møte i det utvalet ein har fast godtgjersle i, eller når ein møter i kraft av si stilling som til dømes hovudutvalsleiar, fylkesutvalsmedlem, gruppeleiar m.m. Varamedlemer har krav på møtegodtgjersle.

Fylkesutvalmedlemene får ikkje møtegodtgjersle for møte som følgjer av fylkesutvalet sine andre roller og funksjonar. Leiarane av hovudutvala og kontrollutvalet får ikkje møtegodtgjersle for møte der dei møter i eigenskap av hovudutvalsleiar/kontrollutvalsleiar. I begge tilfella gjeld dette møte i finans- og planutval..

Valde representantar til m.a. årsmøte, generalforsamlingar, arbeidsgrupper, styringsgrupper, interkommunale utval m.m. får utbetalt møtegodtgjersle med 50 %, når slik godtgjersle ikkje vert betalt av andre.

2.2. Fleire møte same dag

Dersom folkevalde møter i fleire utval same dag, har dei rett på ei møtegodtgjersle per utval.

2.3. Dobbelt møtegodtgjersle

Utvalsleiarar som ikkje har fast godtgjersle får dobbelt møtegodtgjersle.

Nestleiar eller andre, som ikkje har fast godtgjersle, som må leie heile møte i leieren sitt fråvær får dobbelt møtegodtgjersle.

2.4. Arbeidstakarrepresentantar

Arbeidstakarrepresentantar i folkevalde organ har same rettar til godtgjersle etter regulativet som dei folkevalde medlemene av organet.

Møtegodtgjersle vert ikkje gitt til arbeidstakarar som møter i kraft av si stilling.

2.5. Presiseringar

Møtegodtgjersle vert gitt til mellom anna:

- Varamedlemer i fylkestinget, fylkesutvalet, hovudutvala og kontrollutvalet.
- Møtande medlem og varamedlemer i Vestlandsrådet
- Møtande representantar til m.a. årsmøte og generalforsamlingar
- Møtande medlemer og varamedlemer i andre råd og utval (t.d. fylkesråd for eldre, fylkesråd for menneske med nedsett funksjonsevne, medverknadsorgan for ungdom, fagopplæringsnemnda, trafikktryggingsutvalet)

3. VEDERLAG FOR TAPT ARBEIDSINNTEKT

Folkevald skal ha vederlag for tap av inntekt som følge av tillitsvervet.

Det gjeld *ein* sats for legitimert tap og *ein* sats for ulegitimert tap, jf. punkt 14. .

Dersom det ikkje ligg føre dokumentasjon på inntektstapet, vert vederlaget gitt etter satsen for ulegitimert tap, såframt tapet er sannsynleggjort

Vederlag kan gjevast til arbeidstakarar, sjølvstendig næringsdrivande og personar utan arbeidsinntekt dersom dei må forsøme sine ordinære gjeremål for å ivareta tillitsvervet, t.d. heimeverande, studentar og pensjonistar.

Fylkesrådmannen avgjer i kvart tilfelle om det ligg føre faktisk inntektstap.

3.1. Unntak

Gruppeleiarane, fylkesutvalsmedlemene, leiarane i hovudutvala og kontrollutvalet får ikkje betalt vederlag for tapt arbeidsinntekt når dei møter i eigenskap av rolla si, jf. pkt. 1.4.

Fylkesutvalsmedlemene får ikkje vederlag for tapt arbeidsinntekt for møte som følge av fylkesutvalet sine spesielle funksjonar, t.d. funksjonen som finansutval og fylkesplanutval.

3.2. Personar med lønsinntekt

Tapt arbeidsinntekt skal dekkast ved at arbeidsgivar fakturerer kommunane/fylkeskommunane direkte for fråvær, for å hindre at folkevalde taper pensjon.

3.3. Sjølvstendig næringsdrivande

Dersom inntektstapet er større enn satsen for ulegitimert tap, kan inntektstapet dokumenterast med likningsattest for det siste året. Som alternativ kan ein ta utgangspunkt i gjennomsnittet for likningsattestane for dei tre siste åra.

Kapital- og pensjonsinntekter som kjem inn uavhengig av eige nærver på arbeidsplassen vert ikkje medrekna i grunnlaget. Det er den pensjonsgivande inntekta med fråtrekk for godtgjersla folkevalde har fått utbetalt frå fylkeskommunen som skal leggst til grunn.

Inntektstapet pr. dag vert utrekna etter netto årsinntekt dividert på 260 dagar.

3.4. Personar utan lønsinntekt

Denne gruppa får dekka tap tilsvarande satsen for ulegitimert tap.

3.5. Folkevald tilsett i fylkeskommunen

Folkevald som er tilsett i fylkeskommunen får utbetalt si ordinære løn i fylkeskommunen.

Ved fråvær utover 10 dagar per år kan vedkomande institusjon krevje refusjon for ev. vikarutgifter. Refusjonskrav vert å sende fylkesrådmannen.

4. GODTGJERSLER VED DELTAKING PÅ GRUPPEMØTE, KURS, SYNFARING OG LIKNANDE.

4.1. Gruppemøte

Gruppemøte som vert haldne i fylkestingsgruppene før opninga av fylkestinget vert rekna som ein del av fylkestingsmøtet og gir ikkje grunnlag for eigne godtgjersler.

4.2 Kurs, konferanse o.l.

Ved deltaking på kurs, konferansar, folkemøte og liknande vert det vert gitt vederlag for tapt arbeidsinntekt og skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle. Det vert ikkje gjeve møtegodtgjersle. Det vert ikkje betalt vederlag for tapt arbeidsinntekt dersom ein deltek i eigenskap av rollene nemnt under punkt 1.4.

Slik deltaking skal vera avtala og godkjent av fylkesordførar eller utvalsleiar.

4.3. Synfaringar o.a. arbeid utanfor møta

Ved deltaking på synfaringar og anna arbeid utanfor møta som vert gjort av det samla utvalet, vert det gitt møtegodtgjersle, vederlag for tapt arbeidsinntekt og skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle. Dette gjeld likevel ikkje for rollane nemnt under pkt. 1.4.

Det same gjeld når utvalet, fylkesordførar eller fylkesrådmannen har bede om at ein eller fleire medlemmer føreteke synfaring.

5. VEDERLAG FOR PÅFØRTE UTGIFTER

5.1. Utgifter i samband med tilsyn til barn under 12 år, funksjonshemma, eldre og sjuke

Folkevalde skal ha vederlag for påførde utgifter som følgje av ombodet. Det gjeld ein sats for legitimerede utgifter og ein sats for ulegitimerte utgifter, jf. pkt. 14.

Dersom det ikkje ligg føre dokumentasjon på utgiftene, vert det gitt etter satsen for ulegitimert tap såframt utgiftene er sannsynleggjort. Det er i alle høve ein føresetnad at det ligg føre eit økonomisk tap.

Aktuelle utgifter vil m.a. kunne vere utgifter til stadfortredar, tilsyn til barn under 12 år og funksjonshemma, samt stell av sjuke og eldre.

Vederlag for påførde legitimerede utgifter vert dekka inntil eit visst beløp, jf. pkt. 14. I slikt tilfelle skal alderen på barnet og at tilsynet har funne stad dokumenterast. Det er ein føresetnad at omsorgsansvaret elles ville ha hindra den folkevalde i å delta i møtet.

6. SKYSS- OG KOSTGODTGJERSLER M.M.

Dei folkevalde skal ha skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle etter det kommunale reiseregulativet ved møte eller oppdrag på vegner av fylkeskommunen.

6.1. Skyssgodtgjersle

Den folkevalde får dekkja reiseutgifter frå heimstaden/arbeidsstaden.

Dersom den folkevalde på grunn av utdanning, verneplikt, jobb eller liknande oppheld seg ein annan stad enn heimstaden, vert det dekkja reiseutgifter til og frå den staden ein oppheld seg som følge av dette. Fylkesordførar kan i særskilte tilfelle gjere unntak frå dette.

Det er høve for fylkeskommunale folkevalde representantar å nytte eige skyssmiddel for reiser til og frå møte.

6.2. Overnattingsgodtgjersle

Når det vert lagt opp til at overnatting vert dekkja av fylkeskommunen, vil dette gå fram av innkallinga til dei fylkeskommunale møta.

Utover det dekkjer fylkeskommunen overnatting:

- Når fylkeskommunale møte eller møte representanten deltek på som fylkeskommunal folkevald/på vegne av fylkeskommunen går over fleire døger, eller representanten må møte på møte påfølgjande dag og reiseavstand til heimen er på minst 150 km med bil eller minst 2,5 time reise med kollektive transportmiddel (målt etter www.vegvesen.no/trafikk hjå Statens vegvesen).
- Når det ikkje er praktisk mogeleg å komme seg heim med kollektiv reise, eller at heimreise medfører urimeleg lang tidsbruk for representanten dersom representanten skal på fylkeskommunale oppdrag neste dag.
- Dersom møtet varer så lenge ut over kvelden at representanten ikkje kan nå heim same dag.
- Reglane gjeld tilsvarande for gruppemøte før fylkestingsmøte.
- Fylkesordføraren tolkar regelverket og kan gjera unntak.

7. UTGIFTER TIL TELEFON OG BREIBAND

7.1. Telefon

Fylkeskommunen held mobiltelefon for fylkesordførar og fylkesvaraordførar, og dekkjer alle utgiftene ved abonnementet, jf. elles fylkeskommunen sitt telefonreglement så langt det passar.

Fylkestingsmedlemene elles og leiaren for kontrollutvalet får ei fast telefongodtgjersle pr. år, jf. punkt 14.

7.2. Breiband

Fylkestingsmedlemene og leiaren for kontrollutvalet skal ha ei årleg godtgjersle til dekking av utgifter til breiband, jf. punkt 14. Dei ordnar sjølve med tinging og vedlikehald av breibandet.

8. PENSJONSMEDLEMSKAP, FORSIKRINGAR OG PERMISJON

8.1. Medlemskap i KLP

Folkevalde skal ha medlemskap i Kommunal Landspensjonskasse (KLP).

8.2. Tap av pensjonsrettar

Folkevald som vil tape pensjonsrettar som følgje av redusert stilling/fråvær frå sitt ordinære arbeid får refundert arbeidsgivardelen av den tilleggspremie som må betalast for å oppretthalde pensjonsmedlemskapen.

Det vert ikkje gitt refusjon når pensjonsmedlemskap knytt til det politiske vervet minst kompenserer for det tap i ytingar som manglande innbetaling av tilleggspremie vil resultere i. Ved berre delvis tap i ytingar etter ei slik samordning skjer det ei høvesvis avkorting i refusjon av tilleggspremie.

8.3. Gruppelivsforsikring

Folkevalde som er medlem i pensjonsordninga i KLP er også dekkja av fylkeskommunen si gruppelivsforsikring som har heimel i Hovudtariffavtalen kap. 1, § 10.5

8.4 Reiseforsikring

Det er teikna reiseforsikring for folkevalde. Ordninga gjeld for reiser som følgje av vervet, og kun desse.

8.5 Yrkesskade

Folkevalde som er frikjøpt med grunnlag i minst 50 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle skal ha same rett til ytingar ved yrkesskade som dei tilsette i fylkeskommunen.

8.6 Permisjon

Folkevalde som er frikjøpt med grunnlag i minst 50 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle kan få permisjon i samsvar med arbeidsmiljølova §§12-1 til 12-10, 12-12 og 12-15. Under permisjonen beholder den folkevalde godtgjersla i inntil to veker, med mindre ein gir avkall på den.

Under svangerskapspermisjon, omsorgspermisjon, fødselspermisjon, foreldrepermisjon og permisjon ved barn - og barnepassar sin sjukdom har den folkevalde rett til å behalde godtgjersla etter dei same reglane som dei tilsette i fylkeskommunen.

9. ORDNINGAR FOR FYLKESORDFØRAR, FYLKESVARAORDFØRAR OG HOVUDUTVALSLEIARANE

9.1. Husvære

Fylkeskommunen skal etter behov syte for høveleg husvære og dekkjer dei faste utgiftene med leige, straum m.m.

9.2. Dekking av spesielle reiseutgifter, m.v.

Fylkestinget skal fastsette særskilte reglar for dekking av reiseutgifter til og frå heimstaden på bakgrunn av kven som innehar vervet og kva som er rimeleg i det enkelte tilfellet. Skyss- og kostgodtgjersle vert gjeve etter det kommunale regulativet.

10. POLITIKARDAGAR

Leiarar/medlemer i andre utval som ikkje er medlemer i fylkestinget skal ha høve til å møte på politikardagar dersom det er aktuelle saker som vedkjem deira utval. Dei skal då få dekkja utgiftene til reise, overnatting, møtegodtgjersle og eventuell kompensasjon for tapt arbeidsinntekt. Fylkesordføraren avgjer i tvilstilfelle.

11. ETTERGODTGJERSLE

Folkevald som er frikjøpt med grunnlag i minst 50 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle og som ikkje vert attvald, som fråtrer vervet eller som får vervet redusert, kan søke om å få ettergodtgjersle slik:

- Folkevald som ikkje har arbeid å gå til får ettergodtgjersle i tre månader.
- Folkevald som har arbeid å gå til får ettergodtgjersle i ein og ein halv månad.

Ettergodtgjersla skal vere lik den faste godtgjersla vedkomande hadde, ev. differansen mellom denne og ny godtgjersle.

12. INNLEVERING AV REISEREKNING M.V.

Reiserekning med krav om godtgjersler og vederlag skal leverast seinast tre månader etter at møtet er halde.

Fylkesrådmannen avgjer om vesentleg brot på denne fristen skal medføre at reiserekninga ikkje vert godkjent.

Eventuelt utbetalt reiseforskot vert trekt ved oppgjeret av reiserekninga.

13. FRIKJØPSORDNINGA

Stønad til frikjøp for politisk arbeid vert gjeve til partigruppene i fylkestinget med 25 000,- per fylkestingsrepresentant per år. Frikjøpsmidlane vert utrekna og fordelt på fylkestinget sine medlemer, med unntak av fylkesordførar, fylkesvaraordførar, hovudutvalsleiarane, kontrollutvalsleiar og gruppeleiarane.

Partigruppene fordeler midlane sjølve. Stønaden vert utbetalt på grunnlag av gruppeleiaren sin attestasjon.

Når fylkeskommunen føretek utbetaling direkte til eit medlem vert dette registrert som honorar, og det vert trekt skatt og rekna arbeidsgivaravgift av beløpet.

14. REGULATIV FOR GODTGJERSLER OG VEDERLAG TIL FOLKEVALDE

Folkevalde vert rekna som 100 % frikjøpt når ein i sum har godtgjersle tilsvarande 100 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Godtgjerslene er rekna med eit grunnlag pr. 1.5.2018 på 956 500 kr. Dei faste godtgjerslene vert regulerte i tråd med stortingsrepresentantane si årlege lønsregulering pr. 1. mai. Godtgjersler og vederlaga vert elles regulerte per 1.mai i samsvar med årslønsveksten i det kommunale tariffområdet.

Dei nye satsane vert slik:

1. Faste godtgjersler per år:

| | %-sats | Beløp |
|--|--------|--------------|
| fylkesordførar | | kr 1 300 000 |
| fylkesvaraordførar | | kr 956 500 |
| Fylkesutvalsmedlem | 50 % | kr 478 250 |
| Leiar i hovudutvala | 50 % | kr 478 250 |
| Leiar i kontrollutvalet | 50 % | kr 478 250 |
| Nestleiarane i hovudutvala og kontrollutvalet | 10 % | kr 95 650 |
| Fylkestingsmedlem | 5 % | kr 47 825 |
| Hovudutvalsmedlem og kontrollutvalsmedlem | 5 % | kr 47 825 |
| Leiar yrkesopplæringsnemnda | 3 % | kr 28 695 |
| Leiar for trafikktryggingsutvalet | 3 % | kr 28 695 |
| Leiar for styret for fagskuleutdanninga | 3 % | kr 28 695 |
| Leiar for fylkesråd for eldre | 3 % | kr 28 695 |
| Leiar for fylkesråd for menneske med neds. funksj. | 3 % | kr 28 695 |
| Leiar for medverknadsorganet for ungdom | 3 % | kr 28 695 |
| Gruppeleiarar | | |
| inntil 5 medlem i FT | 20 % | kr 191 300 |
| frå 6-9 | 35 % | kr 334 775 |
| 10 eller meir + opposisjonsleiar | 50 % | kr 478 250 |
| | | |
| Telefon og breiband godtgjersle | | kr 5 400 |
| Frikjøpsordning | | kr 25 000 |

2. Godtgjersler og vederlag per møtedag:

| | | Beløp |
|--|--------|----------|
| Møtegodtgjersle | | kr 1 400 |
| Vederlag for ulegitimert tap i inntekt | | kr 1 500 |
| Vederlag for legitimert tap i inntekt | inntil | kr 4 000 |
| Vederlag for påførde ulegitimerte utgifter | | kr 700 |
| Vederlag for påførde legitimerte utgifter | inntil | kr 1 500 |

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)

Saksbehandlar: Johan J Meyer, Fylkesrådmannen, Hordaland
Sak nr.: 2018/16007-5

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|----------------------|--------|------------|
| Partssamansett utval | 2/19 | 04.02.2019 |
| Fellesnemnda | 9/19 | 14.02.2019 |

Overføring av personell frå Statens vegvesen - garanti med omsyn til vern mot oppseiing, jf. Intensjonsplanen av 17. januar 2017

1. Samandrag

I samband med avvikling av sams vegadministrasjon og overføring av oppgåvene frå Statens vegvesen til fylkeskommunane har Samferdsledepartementet lagt fram til høyring eit lovforslag om at overføringa av alle aktuelle tilsette frå Statens vegvesen vert behandla som ein «virksomhetsoverdragelse» i samsvar med arbeidsmiljølova kapitel 16.

For å sikre lik behandling av dei tilsette som vert overført til den nye fylkeskommunen med verknad frå 1. januar 2020, gjer fylkesrådmennene her framlegg om at intensjonsplanen pkt 6 fjerde avsnitt óg vert gjort gjeldande for dei tilsette som vert overførte frå Statens vegvesen. Fylkeskommunen kjem ikkje til å opprette fleire stillingar knytta til fylkesvegområdet enn naudsynt. Vi må difor leggje til grunn at ingen av dei tilsette som vert overført frå Statens vegvesen kjem til å bli «overtalige som følgje av samanslåinga». Garantien kan likevel gjere det meir attraktivt for tilsette som er i ein vallsituasjon å søke seg til stilling i Vestland fylkeskommune

Ordlyden i intensjonsplanen pkt 6 fjerde avsnitt:

« Vernet mot oppseiing av medarbeidarar som eventuelt blir overtalige som følgje av samanslåinga, skal vare i 5 – fem – år frå samanslåingsdato. Ein skal i størst muleg grad nytte naturleg avgang som eit aktivt verkemiddel for å unngå oppseiing av tilsette i ein eventuell nedbemanningsprosess.»

Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Overføring av fylkesvegadministrasjon frå Statens vegvesen til Vestland fylkeskommune: Dei tilsette i Statens vegvesen som etter individuell avtale anten vert overført til, eller tilsett i Vestland fylkeskommune med verknad frå 1. januar 2020 vert gjeve garanti med vern mot oppseiing i 5 – fem – år frå samanslåingsdatoen 1. januar 2020 dersom dei vert overtalige som følgje av samanslåinga i denne perioden.
2. Det er ei føresetnad for denne garantien at Stortinget gjer vedtak i samsvar med intensjonane som ligg i høyringsutkastet frå samferdsledepartementet datert 20. november 2018: «Ny lov om overgangsbestemmelser ved overføring av fylkesveiadministrasjon fra Statens vegvesen til fylkeskommunene».

Saksprotokoll i partssamansett utval - 04.02.2019

Røysting

Fylkesrådmennene sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fellesnemnda.

Innstilling til fellesnemnda

1. Overføring av fylkesvegadministrasjon frå Statens vegvesen til Vestland fylkeskommune: Dei tilsette i Statens vegvesen som etter individuell avtale anten vert overført til, eller tilsett i Vestland fylkeskommune med verknad frå 1. januar 2020 vert gjeve garanti med vern mot oppseiing i 5 – fem – år frå samanslåingsdatoen 1. januar 2020 dersom dei vert overtalig som følgje av samanslåinga i denne perioden.
2. Det er ei føresetnad for denne garantien at Stortinget gjer vedtak i samsvar med intensjonane som ligg i høyringsutkastet frå samferdsledepartementet datert 20. november 2018: «Ny lov om overgangsbestemmelser ved overføring av fylkesveiadministrasjon fra Statens vegvesen til fylkeskommunene.

Saksframlegg

Saksbehandlar: Britt Karen Spjeld, Per Morten Ekerhovd, Hordaland
Saksbehandlar: Atle Skrede, Ingebjørg Erikstad, Sogn og Fjordane
Sak nr.: 2018/15999-5

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--------------|--------|------------|
| Fellesnemnda | 10/19 | 14.02.2019 |

Felles anleggs- og tildelingspolitikk for spelemidler til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune**Samandrag**

DPO 3.1, Kartlegginga av kultur- og idrettsfeltet, eksterne kritiske faktorar, syner at fylkeskommunane har noko ulik tilnærming i anleggspolitikk og kriteria for tildeling av spelemidler. For å ha eit best mogleg grunnlag for aktørane ute, kommunane og frivillig sektor, må vi ha ein felles politikk. Regional anleggspolitikk og kriteria for tildeling av spelemidler vil vere førande for utvikling av kommunal anleggspolitikk. Dette er særleg tidskritisk for dei kommunane som skal slå seg saman. Såleis er det viktig at fellesnemnda vedtek ny regional anleggspolitikk og kriteria for tildeling av spelemidler 23.mai 2019. Dette skapar føreseielege vilkår for aktørane, kommunane og frivillig sektor i god tid før kommunane gjer sine prioriteringar hausten 2019.

Prosjektlear rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Fellesnemnda ber prosjektlear utarbeide eit framlegg til felles anleggs- og tildelingspolitikk for spelemidler til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune, gjeldande for perioden 2020 - 2024.
2. Fellesnemnda ber om å få saka tilbake til handsaming/vedtak i mai 2019.

Rune Haugsdal
prosjektlear

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn

Lov om pengespel fordeler overskotet frå Norsk Tipping med 64% til idrettsføremål, 18% til kulturføremål og 18% til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar, som ikkje er knytt til Norges idrettsforbund og olympisk og paralympisk forbund. Midlane vert fordelte av Kongen. Fylkeskommunane har gjennom kongeleg resolusjon av 3. april 1987 fullmakt til å fordele dei spelemidlane som kvart år vert stilt til disposisjon for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Kulturdepartementet krev at fylka og kommunane har ein planforankra anleggs- og aktivitetspolitikk.

DPO 3.1, Kartlegginga av kultur- og idrettsfeltet, eksterne kritiske faktorar, syner at dei to fylkeskommunane har noko ulik tilnærming i anleggspolitikk og kriteria for tildeling av spelemidlar. For å ha eit best mogleg grunnlag for aktørane ute, kommunane og frivillig sektor, må vi ha ein felles politikk. Regional anleggspolitikk og kriteria for tildeling av spelemidlar vil vere førande for utvikling av kommunal anleggspolitikk. Dette er særleg tidskritisk for dei kommunane som skal slå seg saman. Såleis er det viktig at fellesnemnda vedtek ny regional anleggspolitikk og kriteria for tildeling av spelemidlar 23.mai 2019. Dette skapar føreseielege vilkår for aktørane, kommunane og frivillig sektor i god tid før kommunane gjer sine prioriteringar hausten 2019.

Status

Plandokumenta for dei to fylka viser til nasjonale tilrådingar for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Fylkeskommunane sine visjonar legg opp til at fylkeskommunen si rolle er å legge til rette for at flest mogleg skal ha høve til å vere aktiv. Barn og ungdom er prioriterte målgrupper. I tillegg skal det leggst til rette for at personar med nedsett funksjonsevne og fysisk inaktive skal kunne vere aktive. Plandokumenta vert nytta som verkty i arbeid med kommunale planar. Politikken er førande for innspel til kommunane i deira planprosessar. Dette kan t.d. gjelde plassering av planlagde anlegg og friluftsområde, type anlegg, samlokalisering/sambruk og omsyn til brukargrupper/inkludering. Planane skal gje rom for framtidsretta og behovsprøvde prioriteringar, og vere i tråd med faglege tilrådingar.

Målsetjingane og føringane som ligg i plandokumenta vert underbygd av tilpassa tilskotsordningar og prioritering av tildelingar. Dei ulike definerte satsingsområda i planane er med på å sette retning for utviklinga på område. Dette gjeld i stor grad spelemiddeltildelingane, men også andre statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar.

Spelemiddelordninga er eit vesentleg verkemiddel i samfunnsutviklinga og måloppnåing på fagfeltet. I 2018 vart det fordelt nesten 200 mill. i spelemidlar tilsaman i dei to fylka.

Omfanget av godkjente søknader/midlar

| Faktor 2018 | Sogn og Fjordane | Hordaland |
|---|------------------|-------------|
| Tal kommunar | 26 | 33 |
| Søknader nærmiljøanlegg | 119 | 122 |
| Søknadssum nærmiljøanlegg | 30 773 000 | 26 463 000 |
| Tildelt nærmiljøanlegg | 7 944 000 | 17 803 000 |
| Søknader ordinære anlegg | 154 | 219 |
| Søknadssum ordinære anlegg | 206 872 000 | 477 833 000 |
| Tildelt ordinære anlegg | 53 402 000 | 114 543 000 |
| Godkjent søknadssum totalt | 237 645 000 | 504 271 000 |
| Gjennomsnittleg ventetid (søknad til tildeling), begge ordningar. Gjennomsnittleg ventetid heile landet er 3,4 år | 3,9 år | 3,8 år |
| Fordeling totalt | 61 346 000 | 132 346 000 |
| Tal søknadar 2019 | 284 | 318 |
| Søknadssum 2019 i mill. | 370,5 | 675,2 |

Visjon/mål i plandokumenta og tildelingskriteria for spelemidlar til idrett og fysisk aktivitet

| | Sogn og Fjordane | Hordaland |
|-------------|---|---|
| Planperiode | Regional plan for kultur 2019-2027, Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 – 2019 | Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025 |
| Visjon/mål | Visjonen for fagområdet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er « Fysisk aktivitet for alle ». | Visjonen for fagområdet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er « Aktiv Kvar Dag ». |

| | | |
|------------------------------|---|--|
| | Visjonen skal gjennomsyre alt arbeid på feltet i regional, kommunal og lokal planlegging av både tiltak- og anleggsutvikling. Særskild viktig er å legge til rette for eigenorganisert aktivitet utifrå føresetnad til den enkelte. | Mål: alle skal kunne vere aktive etter eigne ønskje og føresetnader på allment tilgjengelege område i naturen og i anlegg i nærleiken av der dei bur. Politikk: Ulike anleggstypar er skildra. Grunnlag for m.a. tildelingskriterium for spelemidlar, fylkeskommunale investeringstilskot og innspel til kommunale planprosessar. |
| Kriterier for tildeling til; | | |
| Nærmiljøanlegg | Nærmiljøanlegg - inntil 15 % av ramme skal få tildeling. Alle kommunar som søker skal få tildeling til minst eit nærmiljøanlegg. Prioriterer tildeling til ferdige reviderte anlegg og frivillig sektor | Minimum 50% av søknadane til nærmiljøanlegg skal få tildeling. Alle kommunar som søker får tildeling til minst eit nærmiljøanlegg. |
| Ordinære anlegg | Kommunale prioriteringar lagt til grunn, prosentvis fordeling av ramma mellom nærmiljøanlegg og ordinære anlegg Inntil 30 % av ramma skal prioriterast til ordinære anlegg styrt av kommunale planar Prioriterer tildeling til søknadar frå frivillig sektor Handlingsprogram (4 år) for utvalde anleggstypar som kan vere kostnadskrevjande, arealkrevjande eller miljømessig belastning Inntil 55 % av ramma skal prioriterast desse ordinære anlegga | Lokale behov avgjer i utgangspunktet kva anlegg som får tildeling. Kommunar med høg godkjent søknadssum vert prioriterte og vekta saman med folketal (70% og 30%). For å utjamne ventetida mellom kommunane må ordinære anlegg ha vore ein godkjent spelemiddelsøknad i minst tre år før det kan får tildeling. Dette gjeld ikkje anlegg for friluftsliv som er prioritert. Årleg er det fleire kommunar som ikkje får tildeling Fylkeskommunale tilskotsordningar: 1. Investeringstilskot til idrettsanlegg der ein kan arrangere nasjonale og internasjonale meisterskap 2. Investeringstilskot til idrettshallar i kommunar som ikkje har det |
| Friluftsliv | Friluftslivsanlegg får tildeling første godkjende søknadsår | Friluftsanlegg kan bli prioritert første godkjende søknadsår |
| Pressområde | Sogndal og Førde som studiestader kan ha auka press på anlegga, men dette er ikkje lagt til grunn for tildeling. | Om lag 40 % av tildelt ramme skal gå til Bergen kommune om godkjent søknadsmasse tilseier det. Pressområde i føresegnene frå KUD: Kommunane Bergen og Askøy får 15% utover ordinært tilskot til ordinære anlegg (2019). |

Kunnskapsgrunnlag

Det er avgjerande at eit felles kunnskapsgrunnlag ligg til grunn for utforming av felles anleggs- og tildelingspolitikk for spelemidlar til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune. I ein felles idrettsindeks for dei to fylka (Telemarksforskning) vert Sogn og Fjordane og Hordaland samanstillt med fylka Rogaland, Trøndelag og Akershus. Rapporten vert supplert med anna føremålstenleg statistikk og anna kunnskapsbehov som prosessen måtte avdekke. Ung-data, levekårsundersøkingar og folkehelseindeks er døme på kjelder som kan setje fagfeltet inn i ein større samfunnsutviklingskontekst.

Framdriftsplan for politisk behandling

- Vedtak om opp-start av arbeidet - Fellesnemnda (FN) 14.02.19
- Framlegg til vedtak – Fellesnemnda sitt arbeidsutval (FNAU) – 13.05.19 og Fellesnemnda (FN) 23.05.19

Framdriftsplan involvering av partnerskapen

- Innspelsdag for kommunane, 16.01.19 – innspelsfrist 22.1.19
- Presentasjon/drøfting med idrettsråda i Hordaland på idrettsrådskonferansen 08.-10.03.19
- Presentasjon/drøfting med idrettsråda i Sogn og Fjordane på idrettsrådkonferanse – 13.03.19
- Sende ut framlegg til ny anleggs- og tildelingspolitikk på høyring 13.03.19
- Presentasjon/drøfting på felles anleggskonferanse 20.03.19
- Råda for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdommens fylkesutval/ Ungdomspolitisk utval får høve til medverknad.
- Høyringsfrist for innspel frå partnerskapen, kommunane og regional-ledd innan idrett og friluftsliv 05.04.19
- Prosjektleiar tilrår 01.05.19
- Vedtak i Fellesnemnda sitt arbeidsutval 13.05.19 og Fellesnemnda 23.05.19

Arkivnr: 2018/16486-12

Saksbehandlar: Paal Fosdal, ass.fylkesrådmann, Sogn og Fjordane

| Saksgang | Saknr. | Møtedato |
|----------------------|--------|------------|
| Utval | | |
| Partssamansett utval | 3/19 | 04.02.2019 |
| Fellesnemnda | 11/19 | 14.02.2019 |

Ordning for bedriftshelsetenesta i Vestland fylkeskommune

Prosjektleiar rår PSU til å gjere slik innstilling:

- 1) Fellesnemnda viser til delprosjekt 11.5 «Ordning for bedriftshelsetenesta» og går inn for at tilrådinga i delprosjektet vert lagt til grunn for etablering av bedriftshelseteneste i Vestland fylkeskommune.
- 2) Fellesnemnda gir prosjektleiar fullmakt til å gjennomføre kjøp av tenester frå eksternt, godkjent leverandør av bedriftshelseteneste.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Bedriftshelsetenesta er organisert ulikt i Hordaland fylkeskommune (HFK) og i Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFFK).

HFK har ein godkjent intern bedriftshelseteneste med fire tilsette og ein innleigd fysioterapeut i 50% stilling og ein arbeidsmedisinar i 30% stilling. Budsjettet er på 5 millionar og eininga er satt saman for å kunne dekke fagfelt som ein historisk har hatt behov for i fylkeskommunen (sjukepleiar, yrkeshygienikar, fysioterapeut med vidareutdanning innan ergonomi og psykolog med vidareutdanning innanfor arbeid- og organisasjonspsykologi).

Bedriftshelsetenesta HFK er organisert som del av HR-seksjonen og BHT-sjef inngår i HR-seksjonen si leiargruppe.

SFFK kjøper tenester frå Stamina Helse. Avtalen legg til grunn betaling for leverte timeverk, men ikkje godtgjerse for transport til og frå leveringsstaden. Det er ikkje avtalt fast abonnement eller grunnbetaling til tenesteleverandøren. Leverandøren får betalt for førearbeid og etterarbeid der leveransen krev dette.

Ved etablering av Vestland fylkeskommune (VLFK) må vi ha på plass ein godkjent bedriftshelseteneste for heile fylkeskommunen. På oppdrag frå prosjektleiar, har delprosjekt 11.5 «Ordning for bedriftshelsetenesta» greidd ut og tilrådd organisering av bedriftshelsetenesta i Vestland fylkeskommune.

Begge fylkeshovudverneomboda og ein tillitsvald har vore med i delprosjektgruppa.

Fylkeshovudverneomboda stiller seg bak tilrådinga. Tillitsvalde sin representant går primært for ei intern BHT-ordning, sekundært for tilrådd modell.

Prosjektleiari stiller seg bak tilrådinga frå delprosjektet.

Rapport og tilråding frå delprosjektet er drøfta med dei tillitsvalde på VLFK-nivå i møte 20. desember 2018 (sak 2). Med nokre kommentarar knytt til vidare prosess, er konklusjonen herfrå: *Partane sluttar seg til modell 4 i DPO 11.5 «Ordning for bedriftshelsetenesta» - Sluttrapport.*

Etter vedtak i fellesnemnda for VLFK 4.mai 2018 (sak 16/18) fekk partssamansett utval sitt mandat. Her får partssamansett utval innstillingsmynde til fellesnemnda for nokre spesifiserte område, mellom anna «Overordna strategiar og planar innanfor HMS og IA-området». Prosjektleiari legg til grunn at organisering av bedriftshelseteneste fell inn under dette punktet og legg difor saka fram for partssamansett utval med framlegg til innstilling til vedtak i fellesnemnda.

2. Vurderingar og konsekvensar

I vurderinga av ulike modellar for bedriftshelseteneste i VLFK, har delprosjektgruppa lagt til grunn ei teneste som:

- Er fagleg uavhengig, fagkyndig og rådgjevande innanfor førebyggjande HMS-arbeid.
- Dekkjer heile VLFK og tilbyr same tenester uavhengig av geografi.
- Står til disposisjon for arbeidsgjevar (leiariar med personalansvar), arbeidstakarar og verneombod innanfor dei rammene som er gitt for tenesta.
- Er kopla mot HMS-arbeidet og tilbyr tenester primært retta inn mot:
 - Lovpålagte tiltak og kjerneområde (ikkje tilleggstenester).
 - Risikoutløyste og kunnskapsbaserte tiltak (ikkje ad hoc tiltak).
 - Førebyggjande arbeidsmiljøtiltak .
 - Arbeidshelsetiltak (ikkje folkehelsetiltak).
 - Verksemdstiltak (ikkje kurative individtiltak).
- Er kostnadseffektiv innanfor dei rammer som er gitt i lovverk, forskrifter og interne økonomiske og organisatoriske rammer.

Delprosjektgruppa har vurdert fire modellar som aktuelle for ny bedriftshelseteneste i VLFK:

- 1) Intern BHT: Byggjer vidare på og utvidar den ordninga som ein har i HFK i dag.
- 2) Ekstern BHT: Byggjer på den ordninga som SFFK har i dag, der alle tenester innanfor BHT blir kjøpt av ein ekstern, godkjent leverandør
- 3) Hybrid-modell: Byggjer vidare på og utvidar den ordninga som HFK har i dag, men supplerer denne med ein samarbeidsavtale med eksternt, godkjent leverandør
- 4) Forsterka HMS-funksjon med ekstern BHT: Modellen kombinerer kjøp av BHT-tenester eksternt med ei styrking av HMS-funksjonen.

Prosjektgruppa vurderer det slik at modell 4 best vil tene VLFK. Denne modellen sikrar at det blir eit likt tenestetilbod i heile det nye fylket, samstundes som ei sikrar intern kompetanse på ein del fagområde som er viktige for fylkeskommunen, dvs:

- a) VLFK kjøper alle lovpålagte tenester frå ein ekstern, godkjent leverandør av bedriftshelseteneste. Leverandøren skal dekkje heile det nye fylket, slik at tenestene er likt tilgjengeleg for alle VLFK sine arbeidsstader uansett lokalisering.
- b) VLFK etablerer ei eiga faggruppe som støtter linja med rådgjeving innanfor:
 - Psykososialt arbeidsmiljø
 - Fysisk arbeidsmiljø

- Rutinar og avvik
- Kvalitetsutvikling, sikkerheit og beredskap

I tillegg får faggruppa ansvar for kontroll og evaluering av eksterne BHT-tenester. Faggruppa skal bistå linja i kvalitetssikring av bestillingar til ekstern BHT, og sjå til at ekstern BHT leverer tenester i tråd med VLFK sine rutinar og verdiar.

Det er viktig at faggruppa får organisatoriske rammer som sikrar at den kan fungere som støtte overfor arbeidsgjevar, verneombod og tilsette. Samstundes må linjeleiinga sitt sjølvstendige ansvar for arbeidsmiljøet verken bli utydeleg eller pulverisert.

- c) Over tid bør kompetansen til denne faggruppa spissast inn mot oppgåvene som er skissert i kulepunkta over, dvs:
- Organisasjonspsykologi
 - Ergonomi (særleg retta inn mot tannhelse)
 - Verneingeniør (særleg retta inn mot bygg)
 - HMS system og rutinar
- d) Det er viktig at faggruppa ivaretek problemstillingar og verdiar som er særskilte for fylkeskommunen si verksemd og vidareformidlar desse i bestillingar og oppfølging av ekstern BHT.
- e) DP 11.4 «HMS og kvalitetsstyring» må vurdere korleis organiseringa kan leggjast opp best mogeleg innanfor desse rammene. Ei slik faggruppe bør ha om lag fire til fem årsverk i Bergen og to i Leikanger. Dette må kunne justerast etter ei behovsvurdering ved endringar i personalsamansettinga.
- f) Det bør vere ein samla budsjettpost for kjøp av BHT og HMS-funksjonen. Dette for å motverke at arbeidsmiljøtiltak blir ein salderingspost for einingane.

Økonomiske konsekvensar

Delprosjektet stipulerer totalkostnaden for VLFK ved val av denne modellen slik:

| | Kostnad |
|---|--------------|
| Stillingar Bergen 4 x 800' | 3 200 |
| Stillingar Leikanger 2 x 800' | 1 600 |
| Delsum | 4 800 |
| Kostnad ved kjøp av ekstern BHT 750 kr x 6 000 tilsette | 4 500 |
| Delsum | 9 300 |
| - Stillingar i Bergen (binding fram mot 2025) 5 x 800' | 4 000 |
| - Stillingar i Leikanger (binding fram mot 2025) 1 x 800' | 800 |
| Stipulert kostnad ved val av modell 4 | 4 500 |

Denne tabellen viser stipulert årleg kostnad ved modell 4, gitt dei bindingane som VLFK har fram mot 2025.

Konsekvensar for personalet

Modellen ivaretek dei faste tilsette i HFK si bedriftshelseteneste i samsvar med omstillingsavtalen.

Modellen peikar vidare på framtidig utvikling der faggruppa i VLFK spissast inn mot oppgåvene som er skissert i kulepunkta over, dvs:

- Organisasjonspsykologi
- Ergonomi (særleg retta inn mot tannhelse)
- Verneingeniør (særleg retta inn mot bygg)
- HMS system og rutinar

Dette er område der delprosjektet ser at vi har særleg behov for kompetanse internt i VLFK.

Prosjektleiar viser elles til foreslått organisering av avdeling for organisasjon og økonomi, der HMS-funksjonen er synleggjort som ein eigen funksjon under HR-seksjonen med ei stipla rapporteringsline direkte til fylkesdirektør og fylkesrådmann. Dette for å tydeleggjere at HMS-funksjonen skal ha ei sjølvstendig og fri rolle i organisasjonen innanfor dei rammene som er trekt opp.

3. Prosjektleiar si tilråding

Prosjektleiar stiller seg bak tilrådinga frå delprosjekt 11.5 «Ordning for bedriftshelsetenesta» og vil tilrå at denne blir lagt til grunn for etablering av bedriftshelseteneste i Vestland fylkeskommune.

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Sluttrapport DP 11.5 Ordning for bedriftshelsetenesta

Saksprotokoll i partssamansett utval - 04.02.2019

Røysting

Prosjektleiar sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fellesnemnda.

Innstilling til fellesnemnda

1. Fellesnemnda viser til delprosjekt 11.5 «Ordning for bedriftshelsetenesta» og går inn for at tilrådinga i delprosjektet vert lagt til grunn for etablering av bedriftshelseteneste i Vestland fylkeskommune.
2. Fellesnemnda gir prosjektleiar fullmakt til å gjennomføre kjøp av tenester frå ekstern, godkjent leverandør av bedriftshelseteneste.

DPO 11 HR
Delprosjekt 11.5 «Ordning for
bedriftshelsetenesta»
Sluttrapport

5.oktober 2018

1. Tilråding

Delprosjekt 11.5 «Ordning for bedriftshelsetenesta» tilrår at VLFK organiserer bedriftshelseteneste etter modell 4 (jf. pkt. 5.4. og 6.4.4.nedanfor), dvs:

- a) VLFK kjøper alle lovpålagte tenester frå ein ekstern, godkjent leverandør av bedriftshelseteneste. Leverandøren skal dekkje heile det nye fylket, slik at tenestene er likt tilgjengeleg for alle VLFK sine arbeidsstader uansett lokalisering.
- b) VLFK etablerer ei eiga faggruppe som støtter linja med rådgjeving innanfor:
 - Psykososialt arbeidsmiljø
 - Fysisk arbeidsmiljø
 - Rutinar og avvik
 - Kvalitetsutvikling, sikkerheit og beredskap

I tillegg får faggruppa ansvar for kontroll og evaluering av eksterne BHT-tenester. Faggruppa skal bistå linja i kvalitetssikring av bestillingar til ekstern BHT, og sjå til at ekstern BHT leverer tenester i tråd med VLFK sine rutinar og verdiar.

Det er viktig at faggruppa får organisatoriske rammer som sikrar at den kan fungere som støtte overfor arbeidsgjevar, verneombod og tilsette. Samstundes må linjeleiinga sitt sjølvstendige ansvar for arbeidsmiljøet verken bli utydeleg eller pulverisert.

- c) Over tid bør kompetansen til denne faggruppa spissast inn mot oppgåvene som er skissert i kulepunkta over, dvs:
 - Organisasjonspsykologi
 - Ergonomi (særleg retta inn mot tannhelse)
 - Verneingeniør (særleg retta inn mot bygg)
 - HMS system og rutinar
- d) Det er viktig at faggruppa ivaretek problemstillingar og verdiar som er særskilte for fylkeskommunen si verksemd og vidareformidlar desse i bestillingar og oppfølging av ekstern BHT.
- e) *DP 11.4 HMS og kvalitetsstyring* må vurdere korleis organiseringa kan leggjast opp best mogeleg innanfor desse rammene. Ei slik faggruppe bør ha om lag fire til fem årsverk i Bergen og to i Leikanger. Dette må kunne justerast etter ei behovsvurdering ved endringar i personalsamansettinga.
- f) Det bør vere ein samla budsjettpost for kjøp av BHT og HMS-funksjonen. Dette for å motverke at arbeidsmiljøtiltak blir ein salderingspost for einingane.

2. Prosjektinformasjon

2.1. Kort omtale av prosjektet

Delprosjekt 11.5 *Ordning for bedriftshelsetenesta* skal greie ut organisering av ei bedriftshelseteneste (BHT) i Vestland fylkeskommune. BHT-ordninga som blir vald skal vere operativ i Vestland fylkeskommune (VLFK) frå 1.januar 2020. Bruk av ei godkjent bedriftshelseteneste er eit krav til verksemdar som driv mellom anna med undervisning og tannhelse.

Aktuelle styrande dokument:

- *Forskrift om organisering, ledelse og medvirkning, §13-1 Plikt til å knytte bedriftshelsetjeneste til virksomheten (næringskodene 85 Undervisning og 86 Helsetenester).*
- *Forskrift om administrative ordninger, kap 2. Godkjenning av bedriftshelseteneste.*

2.2. Mandat

Føremålet med delprosjektet er å klarleggje status i dei to fylka i dag og deretter føreslå løysing(ar) evt innføring/implementering, slik at VLFK er klar for iversetting frå 1.januar 2020.

Delprosjektet skal greie ut følgjande to hovudelement:

- a) No-situasjonen: Kort skildring av korleis oppgåva/aktiviteten vert utført i dag i HFK og SFFK. Aktuelle tema i utgreiinga er arbeidsmåtar (t.d. rutinar, prosedyrar, fullmakter), organisering, leiing, personell og kompetanse, samt digitale verktøy.
- b) 2020 situasjonen: Forslag til korleis oppgåvene/aktiviteten kan løysast i den nye fylkeskommunen frå 2020. Aktuelle tema i forslaget kan vere å skildre framtidig oppgåveløysing med vekt på arbeidsmåtar (t.d. rutinar, prosedyrar, fullmakter), organisering, leiing, personell og kompetanse, samt digitale verktøy.

Delprosjektet må også få fram samanslåingsgevinstar VLFK kan oppnå og eventuelle omstillingskostnader vi får gjennom felles oppgåveløysing og organisering.

2.3. Prosjektmål

Prosjektet skal greie ut ulike modellar for organisering av lovpålagt BHT i VLFK og tilrå ein modell som følgjer opp føringane gitt i punkt 4.3. nedanfor.

2.4. Avgrensingar og grensesnitt mot andre delprosjekt

Delprosjekt 11.5 *Ordning for bedriftshelsetenesta* har grensesnitt mot *DP 11.4 HMS og kvalitetsstyring* når det gjeld organisering av HMS-arbeidet samla sett. Prosjektgruppa legg til grunn ar rapport frå *DP 11.5 Ordning for BHT* og påfølgjande beslutningar frå prosjektleiinga inngår som grunnlagsdokument for DP 11.4 på dette punktet.

Der er også ei kopling mot prosjekt og enkelttiltak innanfor IKT. Bedriftshelsetenesta i HFK nyttar i dag fleire digitale verktøy knytt til felles system (kvalitetsportalen, personalportalen osv.). I og med at Bedriftshelsetenesta HFK handterer sensitive personalopplysningar i form av pasientdata, er det i HFK nytta ekstern leverandør og server (HMS-visjon og HMS-journal). Dette er system som berre er tilgjengelege for tilsette i bedriftshelsetenesta.

Mandatet legg til grunn ein omfattande interessentanalyse både internt og eksternt som skal gjennomførast tidleg i utgreiinga. Delprosjektgruppa ser dette som lite hensiktsmessig opp mot ressurs- og tidsbruk, og legg difor til grunn ein langt meir avgrensa interessentanalyse, der rapportutkastet blir sendt på ein kort utsjekk hos fylkesdirektørane for høvesvis opplæringsavdelinga, tannhelsetenesta og byggje- og eigedomstenesta i begge dei to fylka, samt til *DP 11.4 HMS og kvalitetsstyring*.

3. Prosjektgruppa

3.1. Samansetting

Delprosjektet har vore samansett slik:

- Paal Fosdal, SFFK (leiar)
- Arvid Stenehjelm, SFFK (sekretær)
- Bjørn-Atle Mikkelsen, HFK
- Gina Landro, HFK
- Jorunn Johannessen, HFK (FHVO)
- Olav Vestrheim, SFFK (FHVO)
- Margunn Sande, HFK (Tillitsvald)

3.2. Tal møte

Gruppa har hatt fem møte (fire videomøte og ei dagssamling).

Alle dokument knytt til desse møta er å finne på SharePoint her:

<https://vlfk.sharepoint.com/sites/prosjekter/ordning-for-bedrif/SitePages/ProjectHome.aspx>

3.3. Leveransefrist

Frist for leveranse var opprinneleg sett til 30.juni 2018. Fleire omstende, og særleg behov for å avvente rapporten frå Molander-utvalet (statleg utgreiing av BHT), gjorde at styringsgruppa endra leveransedato til 30.september 2018. Delprosjekt 11.5 *Ordning for bedriftshelsetenesta* er ikkje tidskritisk, og denne endringa av leveringsfrist har ingen konsekvens for andre pågåande prosessar.

4. Bakgrunn

4.1. Historikk

4.1.1. Sogn og Fjordane

SFFK kjøpte bedriftshelsetenester frå fleire ulike ordningar/tenester rundt om i fylket fram til 1996. Etter ei evaluering sa vi opp alle avtalar og etablerte internordninga «HMT-gruppa». Dette var i ei tid då SFFK drifta spesialisthelsetenesta og var meir enn dobbelt så stor som dagens fylkeskommune, og der BHT ikkje var kvalitetssikra gjennom godkjenningsordninga¹ som kom i 2010.

Etableringa av «HMT-gruppa» skjedde etter vedtak i fylkestinget i sak 27/96. Tenesta vart sett i funksjon frå 1.januar1998. Tenesta hadde fire heile stillingar på fylkeshuset og ei halv stilling lokalisert på sentralsjukehuset i Førde. Spesialhelsetenesta og psykiatrien vart overførde til staten i 2002. Gradvis (ved turnover) vart BHT-tenesta redusert til å bli ivareteken av ein stillingsheimel i 100%.

I 2010 tok to nye/reviderte føresegner til å gjelde, høvesvis forskrift om at verksemder innan visse bransjar skal knyte seg til godkjent bedriftshelseteneste (bransjeforskrifta) og føresegn om godkjenning av sjølve bedriftshelsetenesta (forskrift om godkjent bedriftshelsetjeneste mv). Begge desse føresegnene har heimel i [arbeidsmiljølova §3-3](#). Forskriftene vart seinare oppheva for i bli varetekne i [Forskrift om organisering, ledelse og medvirkning](#) gjeldande også i dag. Heimelen ligg framleis i arbeidsmiljølova §3-3.

Ved denne endringa måtte SFFK vurdere om vi skulle halde fram som eigenordning eller tilpassa oss til alternative modellar retta mot kjøp av eksterne tenester. Omfattande interne prosessar vart sett i verk med prosjektorganisering, interne høyringar og vedtak både i HAMU og i fylkestinget.

Prosessen var slik:

- Utgreiingsarbeid med forankring i hovudsamarbeidsutvalet (HSU) 23. november 2010
- Vedtak om val av modell i HSU sitt første møte 23. februar 2011
- Vedtak i fylkesutvalet (FU) 23. mars 2011
- Vedtak i fylkestinget (FT) 6. april 2011

¹ For å verte godkjent må bedriftshelsetenesta vera i stand til på levera eit heilskapleg og førebyggjande bistandsilbod, samt å ha tverrfagleg kompetanse innan arbeidsmedisin/arbeidshelse, yrkeshygiene, ergonomi, psykososialt og organisatorisk arbeidsmiljø og systematisk helse-, miljø og tryggleiksarbeid (internkontroll). Det faglege personalet må utgjere minimum tre årsverk. Fire av fagområda skal ha ei dekking på minimum 30% av eit årsverk. I særskilte tilfeller kan ei bedriftshelseteneste der det faglege personalet dekker 2 årsverk, likevel bli godkjent om det kan dokumenterast at bedriftshelsetenesta har eit samarbeid med relevante kompetansmiljø som dekker det/dei manglande fagområda.

Bedriftshelsetenesta må ha eit kvalitetstryggingssystem som sikrar at bedriftshelsetenesta bistår arbeidsgjevar på ein tilfredstillande måte, og sikra den faglege kompetanseutviklinga for personalet ved bedriftshelsetenesta.

- Offentleg anbudsutlysing (ekstern tilknytning) vs stillingsutlysing (intern oppbygging)
- Tilknytt godkjent ekstern bedriftshelseteneste frå 1.juli 2011

Etter konkurranse vart *Hjelp 24* vår første leverandør av bedriftshelseteneste.

4.1.2. Hordaland

Bedriftshelsetenesta HFK har ein lang forhistorie. Dei første åra var det ein rein bedriftshelseteneste med lokalisering i Bergen, men rundt 1995 vart den omgjort til ein HMS-eining. Dette vart vedtatt av fylkestinget og årsaka til endringa var at tilsette i heile fylket skulle få lik tilgang til tenesta. Eininga hadde kontor i Bergen sentrum, på Haukeland og på Stord. Haukeland og Stord vart skilt ut under sjukehusreforma i 2002.

Då forskrifta om godkjenning av bedriftshelsetenester kom i 2010 vart den dåverande HMT-seksjonen godkjent av Arbeidstilsynet.

Etter ein gjennomgang av oppgåver, ansvar og mynde i fylkesadministrasjonen i 2014 vart det vedteke at det overordna HMS-ansvaret skulle skiljast frå funksjonen bedriftshelseteneste. Ein stilling vart flytta frå denne eininga og over på HR-seksjonen. Denne eininga fekk då namnet Bedriftshelsetenesta HFK. Våren 2018 fekk Bedriftshelsetenesta ny godkjenning av Arbeidstilsynet som varer til februar 2023.

4.2. No-situasjon

4.2.1. Sogn og fjordane

SFFK kjøper tenester frå Stamina Helse der vi betaler kun for leverte timeverk. Vi betaler ikkje for transport til og frå leveringsstaden. Det er ikkje avtalt noko form for faste abonnement eller grunnbetaling til tenesteleverandøren. Leverandøren får betalt for førearbeid og etterarbeid der leveransen krev dette.

Koordinator for BHT-tenester godkjenner relevante leveransar (lovpålagde som utgangspunkt) og attesterer på fakturaer. Personalsjefen tilviser. SFFK nyttar om lag 10% stillingsressurs til dette. Bestillingar av etablerte faste oppdrag skjer etter to årlege status- og bestillingsmøter. Vidare vil bestillingar frå linja og eller frå sentralt hald skje på e-post/telefon. I dei åra vi har køyrt større medarbeidarundersøkingar (MTM levert av Stamina Census, kjøpt gjennom BHT-avtalen) krev det større arbeidsinnsats frå sentral koordinator.

4.2.2. Hordaland

Bedriftshelsetenesta HFK består i dag av fem tilsette og ein innleigd arbeidsmedisinar.

Budsjettet er på 5 millionar. Eininga er satt saman for å kunne dekke fagfelte som ein historisk har hatt behov for i fylkeskommunen og har difor sjukepleiar, yrkeshygienikar, fysioterapeut med vidareutdanning innan ergonomi og psykolog med vidareutdanning innanfor arbeid- og organisasjonspsykologi.

Bedriftshelsetenesta HFK er organisert som del av HR-seksjonen og BHT-sjef inngår i HR-seksjonen si leiargruppe.

Bedriftshelsetenesta HFK har eit tett samarbeid med linje-leiinga i HFK og vert nytta som rådgjevarar i ulike prosjekter, som ved planlegging av ny-opprettingar eller endringar og i saker som omhandlar arbeidsmiljø og den einskilde si arbeidshelse.

Døme på oppgåver:

- Deltaking i arbeidsgruppe for innkjøp av diverse utstyr, for å gi ergonomiske tilrådingar.
- Deltaking i arbeidsgruppe for miljøarbeidarane sin arbeidssituasjon.
- Deltaking i prosjektgruppe for jordmor-bistand for gravide i tannhelsetenesta.
- Støtte til rektorar som skal handtere påstand om trakassering.
- Støttesamtalar for tilsette som har vore utsett for truslar.

Eininga har også i oppgåve å administrere utdelinga av midlar som skal fremje ein fysisk aktiv arbeidskvardag samt å låne ut ergonomisk utstyr for utprøving.

Bedriftshelsetenesta HFK deltek på dialogmøte med tilsette ved sjukemelding og i AMU-møte ute på einingane. I nokre AMU deltek BHT kvar gong, som for driftstilsette og reinhald, fylkesadministrasjonen, tannhelse. På skolane deltek BHT etter bestilling, men minst ein gong i året, gjerne i samband med utarbeiding av eininga si årsplan for bruk av BHT.

Bedriftshelsetenesta samarbeider også tett med vernelinja for å støtte dei i oppfylling av deira rolle. Sjå elles årsmeldinga frå 2017 for fleire detaljer.

4.3. Føringer for den nye bedriftshelsetenesta.

For Vestland fylkeskommune skal bedriftshelsetenesta vere ei teneste som:

- Er fagleg uavhengig, fagkyndig og rådgjevande innanfor førebyggjande HMS-arbeid.
- Dekkjer heile VLFK og tilbyr same tenester uavhengig av geografi.
- Står til disposisjon for arbeidsgjevar (leiarar med personalansvar), arbeidstakarar og verneombod innanfor dei rammene som er gitt for tenesta.
- Er kopla mot HMS-arbeidet og tilbyr tenester primært retta inn mot:
 - Lovpålagte tiltak og kjerneområde (ikkje tilleggstenester).
 - Risikoutløyste og kunnskapsbaserte tiltak (ikkje ad hoc tiltak).
 - Førebyggjande arbeidsmiljøtiltak .
 - Arbeidshelsetiltak (ikkje folkehelseiltak).
 - Verksemdstiltak (ikkje kurative individtiltak).
- Er kostnadseffektiv innanfor dei rammer som er gitt i lovverk, forskrifter og interne økonomisk og organisatoriske rammer.

5. Alternative modellar

Delprosjektgruppa vurderer fire modellar som aktuelle for ny bedriftshelseteneste i VLFK:

- 1) Intern BHT
- 2) Ekstern BHT
- 3) Hybrid-modell
- 4) Forsterka HMS-funksjon med ekstern BHT

5.1. Modell 1: Intern BHT

Ei løysing med ei såkalla eigaordning vil føre med seg ein vidareføring og utviding av ordninga ein har i HFK i dag. HFK har ei intern bedriftshelseteneste som er godkjent av Arbeidstilsynet fram til februar 2023.

For å kunne gje eit likeverdig tilbod alle tilsette og leiarar i det nye storfylket, vil ei ordning med intern bedriftshelseteneste for VLFK krevje fleire ressursar i bedriftshelsetenesta og ei distribuert lokalisering med BHT-tilsette i t.d. Førde og/eller Leikanger. Pr i dag har alle tilsette i Bedriftshelsetenesta HFK kontor i Bergen. Dette er lite teneleg for VLFK då mykje arbeidstid vil gå bort i reising.

Fordelar:

- VLFK får ein BHT med god kjennskap til 75% av den nye organisasjonen.
- Tilsette i Bedriftshelsetenesta i HFK, som uansett er sikra jobb 5 år etter samanslåinga, kan fortsette i roller dei er kvalifisert til (sjukepleiar, psykolog og yrkeshygienikar).

Ulemper:

- Lite fleksibilitet. Viss VLFK tilsett t.d. to personar som hovudsakleg server tidlegare SFFK, så vil ikkje desse kunne dekkje alle fagområda som lov- og forskriftsverk set krav om.
- Høge reiseutgifter og myke tapt arbeidstid i reising.

Føresetnad for løysinga:

- Fungerande nettløysingar for journalføring og sikker kommunikasjon mellom dei to BHT-avdelingane

5.2. Modell 2: Ekstern BHT:

VLFK kan etablere ei BHT-ordning der alle tenester blir kjøpt inn frå godkjent leverandør. SFFK har organisert det slik frå 2011.

Fordelar:

- I ein anbudsrunde kan VLFK få fleire tilbydarar som konkurrerer på pris, slik at ein kan få ned kostnaden.
- VLFK kan velje å ha ein avtale der vi berre betaler som det ein faktisk bruker av tenester, noko som gir lågare utgifter
- Inngår VLFK avtale med ein stor leverandør, er tenesta robust i tilfelle sjukdom hos einskilde fagpersonar

Ulemper:

- Ein avtale kan maksimalt gjelde for 2+1+1 år. VLFK risikerer difor bytte av leverandør etter 4 år. Det er uheldig både for leiarar og tilsette som skal nytte tenesta, samt at det gjev eit kvalitativt tilbakeslag ved at den nye leverandøren treng tid til å gjere seg kjend med organisasjonen og våre særreigne risikoforhold (ergonomi for tannhelse er t.d. eit smalt fagfelt).
- Den faglege uavhengigheten for BHT kan bli påverka av ønskje om å få fornya avtalen.

Føresetnad for løysinga:

- Ved val av ekstern BHT-løysing vil det vere naudsynt å auke ressursane for HMS sentralt. Dette reduserer den økonomiske innsparinga ved å kjøpe BHT eksternt.
- Det vil krevje ein god del tid å administrere ordninga, tillegg må fleire oppgåver som løysast av Bedriftshelsetenesta HFK i dag bli overteke av HMS sentralt i VLFK. (jf. pkt. 4.2.2. over) For å si kor mykje ein må auke må ein gjere en grundig vurdering av oppgåver og ansvar.
- Kravspesifikasjon ved innkjøp som gjev konkrete fristar og t.d. bøter ved brot

5.3. Modell 3: Hybrid-løysing

Ein hybrid-løysing for bedriftshelseteneste inneber at VLFK vidarefører den interne BHT-ordninga som HFK har idag til å gjelde heile den nye fylkeskommunen og supplerer denne med ein samarbeidsavtale med ein ekstern BHT.

Fordelar:

- I ein situasjon med mange omstillingar og store organisatoriske prosessar er det nyttig å ha ein støttefunksjon som har god kjennskap til fylkeskommunale fagområder og som kjenner store deler av organisasjonen allereie.
- Ved å ha eit samarbeid med en BHT med lokale kontor rundt om i fylket reduserer vi reiseutgifter og reisetid.
- Eit samarbeid med ein større aktør gjev fleksibilitet og sikrar levering av tenestene
- Hybrid gjev den eksterne leverandøren ein uavhengig samarbeidspartner
- HMS- sentralt blir frigjort frå oppgåva å administrere BHT (samanlikna med ekstern løysing). HMS kan difor sannsynlegvis vere dimensjonert som i dag (2 stillingar totalt)

Ulemper hybrid:

- Vi har inga erfaring med ei delt BHT-ordning. Funksjonaliteten er usikker.
- Ordninga er tung å administrere
- Usikkert om tilbodet blir likt i hele fylket.
- Grensesnittsproblematikk. Uklart kva egne folk skal utføre og kva som blir lagt til leverandøren.

Føresetnad for hybrid-løysing:

- Felles journalsystem
- Faste samarbeidsmøter mellom Bedriftshelsetenesta VLFK og samarbeids-BHT
- Ekstern leverandør/samarbeidspartner må ha folk/kontorar spreidd utover fylket, t.d. Odda, Førde, Sogndal mm.

5.4. Modell 4: Forsterka HMS-funksjon med ekstern BHT

Denne modellen kombinerer kjøp av BHT-tenester eksternt med ei styrking av HMS-funksjonen.

BHT.

VLFK kjøper alle lovpålagte tenester frå ein ekstern, godkjent leverandør av bedriftshelsetenester. Leverandøren skal dekkje heile det nye fylket, slik at tenestene er likt tilgjengeleg for alle VLFK sine arbeidsstadar uansett lokalisering.

HMS-seksjonen

VLFK etablerer ei eiga faggruppe som støtter linja med rådgjeving innanfor:

- Psykososialt arbeidsmiljø
- Fysisk arbeidsmiljø
- Rutinar og avvik
- Kvalitetsutvikling, sikkerheit og beredskap

I tillegg får faggruppa ansvar for kontroll og evaluering av eksterne BHT-tenester. Faggruppa skal bistå linja i kvalitetssikring av bestillingar til ekstern BHT, og sjå til at ekstern BHT leverer tenester i tråd med VLFK sine rutinar og verdiar.

Det er viktig at faggruppa får organisatoriske rammer som sikrar at den kan fungere som støtte overfor arbeidsgjevar, verneombod og tilsette. Samstundes må linjeleiinga sitt sjølvstendige ansvar for arbeidsmiljøet verken bli utydeleg eller pulverisert.

Over tid bør kompetansen til denne faggruppa spissast inn mot oppgåvene som er skissert i kulepunkta over, dvs:

- Organisasjonspsykologi
- Ergonomi (særleg retta inn mot tannhelse)

- Verneingeniør (særleg retta inn mot bygg)
- HMS system og rutinar

Det er viktig at faggruppa ivaretek problemstillingar og verdiar som er særskilte for fylkeskommunen si verksemd og vidareformidlar desse i bestillingar og oppfølging av eksterne BHT.

DP 11.4 HMS og kvalitetsstyring må vurdere korleis organiseringa kan leggjast opp best mogeleg innanfor desse rammene. Ei slik faggruppe bør ha om lag fire til fem tilsette i Bergen og to i Leikanger. Dette må kunne justerast etter ei behovsvurdering ved endringar i personalsemansettinga.

Det bør vere ein samla budsjettpost for kjøp av BHT og HMS-funksjonen. Dette for å motverke at arbeidsmiljøtiltak blir ein salderingspost for einingane.

Fordelar:

- VLFK får ei samla teneste som dekkjer lovpålagt BHT, samstundes som behov for rådgjeving og støtte i saker knytt til arbeidsmiljø blir ivareteke av ein eiga faggruppe som organiserast under HMS seksjonen. Grappa vil kunne bistå både arbeidsgjevar, arbeidstakarar og deira representantar på ein uavhengig måte som sikrar ein trygg sakshandsaming etter VLFK sine interne retningslinjer.
- Målretta, intern kompetanseoppbygging over tid
- Styrkar oppfølging og evaluering av eksterne BHT-tenester

Ulemper:

- Kan gi ei uklar grenseoppgang mellom eksternt kjøpte tenester og intern rådgjeving.
- Kan bidra til pulverisering av linjeansvaret ved at faggruppa blir tillagt ansvar utover rådgjeving og støtte.

6. Økonomiske og administrative konsekvensar

6.1. Innleiande merknader

SFFK og HFK har p.t. to grunnleggande ulike BHT-ordningar med ulik storleik. Det er vanskeleg å gi ei direkte samanliknbar analyse av dagens kostnad og vidare kostnader som knytt ei framtidig ekstern eller intern ordning. Reknestykka nedanfor er difor prega av stor usikkerheit og basert på nokre føresetnader som det er nødvendig å ta. Alle kostnader er ført i 1000-kronar.

6.2. Kostnad HFK

For HFK er utgangspunktet budsjettet for 2018, der BHT er ført opp med ei totalkostnad på 5125'. Dette fordeler seg slik:

- Faste stillingar: 3048'

- Sosiale kostnader: 917'
- Drift: 1160'

Sosiale kostnader inkluderer arbeidsgjevaravgifta på 490'.
I driftskostnadene inngår tenestekjøp med 710'.

6.3. Kostnad SFFK

For SFFK svingar budsjett og rekneskap betydeleg alt etter aktivitet og om det har vore utført MTM (medarbeidertilfredsheitsundersøking) eller ikkje. Vi har sett på rekneskapstala for dei tre siste åra og vald 2016 det rekneskapen viser høgast forbruk med 1434' på tenestekjøp. I 2016 vart det utført MTM til ei kostnad på om lag 300'. Rekneskapstal når dette er trekt ut er 1134'. Indeksregulert med 2,5% pr år gir 1191' (2018 kronar) som utgangspunkt. Dette er +/- 200' sett i høve til budsjett for 2016, 2017 og 2018.

Vi legg til grunn at administrasjon av ordninga utgjer 10% av koordinator si stilling, dvs. $(620' \times 1,3) \times 0,1 = 81'$

Dette gir ei totalkostnad på 1272'.

6.4. Skalering til VLFK

6.4.1. Modell 1: Ekstern BHT

Dersom vi legg til grunn at HFK har eit behov for BHT som er tre gonger det som er SFFK sitt behov p.t., blir kostnaden med SFFK som utgangspunkt:

$1272 + (1272' \times 3) = 5088''$. I tillegg bør det leggjast på 1 årsverk til bestilling, styring og oppfølging, dvs 800'. Dette gir ei totalkostnad på 5888'.

Det er vanskeleg å vurdere kva kostnader i denne modellen som er uavhengige av storleik og vi kan heller ikkje sei korleis ei konkurranse for ein stor ny fylkeskommune vil slå ut med omsyn til pris. For å gi eit samanlikningsgrunnlag utover ei oppskalering av den ordninga SFFK har i dag, har vi henta inn nøkkeltal frå nokre fylke som har ekstern BHT:

(alle beløp i kronar)

| Fylkeskommune | Stipulert kostnad 2018 | Tilsette | Kostnad pr tilsett |
|------------------|------------------------|----------|--------------------|
| Sogn og Fjordane | 900 000 | 1400 | 643 |
| Trøndelag | 4 500 000 | 4500 | 1 000 |
| Vestfold | 1 800 000 | 2200 | 818 |
| Vest Agder | 1 400 000 | 1 600 | 875 |
| Oppland | 550 000 | 2 000 | 275 |
| Rogaland | 1 460 000 | 3649 | 400 |

Dette viser stor variasjon. Snittkostnad pr tilsett ligg på kr. 668,- pr. tilsett. Dersom vi reknar snitt utan høgast og lågaste kostnad, blir snittet kr. 684,- pr. tilsett. Held vi den unaturleg låge kostnaden i Oppland utanom, blir snittet kr. 747,- pr. tilsett. Telemark har meldt tilbake at dei nyleg har inngått ein avtale om kjøp av 2000 timar BHT til ein *timepris* på kr. 839,- gjeldande frå 1.januar 2019.

Legg vi til grunn 6000 tilsette i VLFK og ein kostnad på kr. 750,- pr tilsett, vil kostnaden bli 4 500 000.

6.4.2. Modell 2: Intern BHT

Dersom vi legg til grunn at ei påkopling av SFFK til den interne BHT-ordninga som HFK har i dag vil auke behovet med 30%, vil totalkostnaden basert på det budsjettet som HFK opererer med i dag bli $5152' \times 1,3 = 6662'$.

Denne berekninga er basert på ei intern BHT-ordning der dei tilsette er lokalisert i Bergen. Det er vanskeleg å vurdere kva den eksakte auken i kostnader vil bli gitt at prinsippet om like tenester i heile VLFK skal oppfyllest.

Tidlegare i rapporten (jf. pkt. 5.1. over) har vi peika på at to årsverk på Leikanger neppe vil kunne dekkje inn det som er lovpålagt. Dersom vi til dømes legg til grunn at vi må opp med tre årsverk for å dekkje inn det som i dag er SFFK, så er dette ei kostnad på: $800' \times 3 = 2400'$. Legg vi denne årsverkkostnaden til $5152'$ vil årleg kostand for intern BHT bli på $7552'$. Dette illustrerer usikkerheiten knytt til estimata og korleis totalkostnaden blir påverka.

6.4.3. Modell 3: Hybrid

Prosjektgruppa har ikkje vurdert kostnader knytt til ein hybrid modell. Dette vil krevje betydeleg meir arbeid knytt til definering av kva som skal gjerast av intern BHT og kva som skal kjøpast av tenester enn det som ligg innanfor rammene av dette utgreiingsarbeidet.

6.4.4. Modell 4: Forsterka HMS-funksjon med ekstern BHT

I denne berekninga legg vi til grunn kostnadene for kjøp av ekstern BHT, samt årsverkbehov tilrådd under punkt 6.4. over justert for årsverk som er i dei to fylkeskommunane p.t., dvs:

(alle tal i 1000 kroner)

| | Kostnad |
|---|--------------|
| Stillingar Bergen 4 x 800' | 3 200 |
| Stillingar Leikanger 2 x 800' | 1 600 |
| Delsum | 4 800 |
| Kostnad ved kjøp av ekstern BHT 750 kr x 6 000 tilsette | 4 500 |
| Delsum | 9 300 |
| - Stillingar i Bergen (binding fram mot 2025) 5 x 800' | 4 000 |
| - Stillingar i Leikanger (binding fram mot 2025) 1 x 800' | 800 |
| Stipulert kostnad ved val av modell 4 | 4 500 |

7. Interessentanalyse

I samsvar med punkt 2.4. over er det gjort ein avgrensa interessentanalyse, der rapportutkastet er sendt på ein kort utsjekk hos fylkesdirektørane for høvesvis opplæringsavdelinga, tannhelsetenesta og byggje- og eigedomstenesta i begge dei to fylka, samt til *DP 11.4 HMS og kvalitetsstyring*.

7.1. Opplæringsavdelinga

Det er ikkje kome innspel frå dei to opplæringsavdelingane.

7.2. Tannhelse

For tannhelsetenesta i Hordaland og tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane er det spesielt viktig at den framtidige bedriftshelsetenesta har eit godt tilbod – og god kompetanse – på desse områda:

1. Psykososialt arbeidsmiljø
2. Ergonomi – fysiske arbeidsforhold

I tillegg til at det er god kompetanse innan desse områda må det vere nok ressursar til at akutte situasjonar kan få hjelp rimeleg raskt. Tannhelsetenesta er truleg den meste desentraliserte avdelinga i fylkeskommunen, og det er heilt nødvendig at tilsette i alle delar av Vestland fylkeskommune må få eit likeverdig tilbod i form av rask og god hjelp. Dette gjeld i hovudsak problem som oppstår knytt til samarbeid og psykososialt arbeidsmiljø. Dei tilsette i tannhelsetenesta sin arbeidssituasjon er på godt og vondt prega av langvarig og fysisk tett samarbeid. Ut frå erfaring kan dette bli krevjande i periodar, og på nokre tannklinikkar kan det vere eit tilbakevendande problem. Det er difor svært viktig innan desse to omtalte oppgaveområda at dei som skal yte hjelp har god kjennskap til tannhelsetenesta som organisasjon – og til arbeidssituasjonen for dei tilsette.

Ei løysning med ei faggruppe + kjøp av bedriftshelseteneste frå ein ekstern leverandør vil best ivareta tannhelsetenesta sitt behov. Leiarane i tannhelsetenesta vil poengtere at det er viktig med ei robust og stabil faggruppe – som må gje eit likeverdig tilbod til alle tannklinikkar i heile Vestland fylkeskommune. Det må vera nok ressursar til å få hjelp uansett om det er eventuelle problem som oppstår på ein tannklinikk heilt sør i Vestland fylkeskommune – eller om det er heilt nord.

Leiarane for tannhelsetenesta i Hordaland og tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane vil tilrå modell 4 som den beste løysinga for dei 530 tilsette i den komande Vestland tannhelseteneste. Ei slik løysing vil best ivareta tilsette i heile det store geografiske området, og på best måte gi den kompetansen tannhelsetenesta treng.

7.3. Byggje- og eigedomstenesta

Det er ikkje kome innspel frå eigedomstenesta i HFK og i SFFK

7.4. DP 11.5 11.4 HMS og kvalitetsstyring.

Rapporten med tilråding er klår og grei å lese.

Det har ikkje kome mange kommentarar frå prosjektgruppedeltakarane i DPO 11.4.

Kommentarane som her vert gitt bygger særleg på drøfting i dag mellom Per Terje Engedal og underteikna [Frode Mannsåker].

- a) Tiltrådinga om å ha ein ekstern leverandør av bedriftshelseteneste for heile VLFK er godt begrunna, og eg har ingen kommentarar til denne konklusjonen.
- b) Omtalen av ei eiga faggruppe, som lenger ned i rapporten også vert nemnd som ein HMS-seksjon (pkt. 5.4), kjem inn på same felt som vårt DPO og vårt komande framlegg om organisering av HMS-arbeidet i VLFK. Eg må derfor ta atterhald om at DPO 11.4 vil nytte andre nemningar og omgrep på korleis ei slik faggruppe (eller HMS-seksjon) skal skildrast, og kva for kompetanse som trengst. I punkt c) i tilrådinga vert det t.d. nytta omgrepet «verneingeniør», her vil eg nok heller ha omtalt yrkeshygienisk kompetanse. Eg er også usikker på om det er rett å framheve visse sektorar slik det er gjort i pkt 1 c). Ergonomi er viktig innafor tannhelse, men og for kontorarbeidsplassar og verkstader i skulane. Slike avgrensing eller spissing kan skape uro om at ein vil bygge ned HMS-arbeidet på visse område.
- c) Dimensjoneringa av ei slik faggruppe meiner eg er noko prematur. Før ein kan fastsette slik dimensjonering må ein sjå på heile HR-området, og på andre sentrale og beslektta stabsfunksjonar. Her vil eg særleg nemne personvern, informasjonstryggleik, IA og samfunnssikkerheit.
- d) Grensesnittet mellom DPO 11.5 og DPO 11.4 vert omtalt i pkt 1 e), som at sistnemnde må «vurdere korleis organiseringa kan leggjast opp innanfor desse rammene». Eg er einig i at vårt delprosjekt må ta utgangspunkt i konklusjonen om val av ordning for bedriftshelseteneste, men det er samstundes problematisk dersom tilrådinga i DPO 11.5 legg for snevre rammer for utgreiing og framlegg til vidare organiseringa av ei faggruppe/HMS-seksjon.
- e) Føringane i pkt 4.3 er i hovudsak greie, men eg er noko usikker på korleis ein skal forstå omgrepa i det fjerde punktet om primær innretting av bedriftshelseteneste. Eg reknar med at vi gjennom DPO 11.4 kan drøfte dette nærare, og få ei felles forståing av desse punkta.
- f) Av innspela frå dei tillitsvalde vil eg særleg framheve bekymringa for at vi skal miste den kjennskapen til organisasjonen som den eksisterande bedriftshelsetenesta i Hordaland har opparbeidd gjennom åra. Det vert viktig å ta vare på denne kjennskapen vidare, ved at ein legg til rette for overføring av kompetanse og personell til den faggruppa/seksjonen som skal etablerast.

7.5. Innspel frå fylkeshovudverneomboda og frå tillitsvald.

Fylkeshovudverneomboda for HFK og SFFK og tillitsvalde sin representant i delprosjektet har lagt vekt på følgjande ved vurdering av modell for BHT:

- kjenne organisasjonen betre enn ein ekstern leverandør og dermed vere lettare å kommunisere med
- vere uhilda og alltid på arbeidsmiljøet si side

- kjenne arbeidsplassen til den enkelte medarbeidar betre
- vere tilgjengeleg og ikkje føre til ekstra kostnad for hovudverneombodet å kalle ut
- vere ein fast del av VLFK og understøtte eit prinsipp om minst mogeleg kjøp og innleige av tenester.

Fylkeshovudverneomboda går for modell 4.

Tillitsvalde sin representant går primært for ei internt BHT-ordning, sekundært for modell 4.

8.Konklusjon

Prosjektgruppa konkluderer med at modell 4 best vil tene VLFK. Denne modellen sikrar at det blir eit likt tenestetilbod i heile det nye fylket, samstundes som ei sikrar intern kompetanse på ein del fagområde som er viktige for oss.

Saksframlegg

Saksbehandlar: Odd Kenneth Mellingen, Kultur- og idrettsavdelinga, Hordaland
Saksbehandlar: Jarlaug Lauritsen. Avdeling for næring og kultur, Sogn og Fjordane
Sak nr.: 2018/15999-6

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--------------|--------|------------|
| Fellesnemnda | 12/19 | 14.02.2019 |

Delrapport til DPO 3.1 - Tilskotsordningar regionale organisasjonar og institusjonar**1. Samandrag**

Gjennom arbeidet med *DPO 3.1 Kartlegging av kultur og idrettsfeltet*, vart tilskotsforvaltning avdekket som ein kritisk faktor som trong særskild merksemd. Følgjande vart då sett i bestilling:

På bakgrunn av kartlegginga i DPO 3.1 skal tilskotsordningane på kultur- og idrettsområdet i Vestland fylkeskommune avklarast:

1. Oversikt:
Oversikt over korleis
 - a. Tilskot til drift av institusjonar og organisasjonar, og
 - b. Prosjekttilskot vert gjort i dag i dei to fylkeskommunane (kva ordningar, søking og saksbehandling inkl. avgjerdsprosessar/budsjettvedtak og einskildvedtak).
2. Framtidige tilskotsordningar/samordning
Utarbeide eitt (ev fleire) forslag til korleis dette kan samordnast og gjerast i Vestland fylkeskommune.
3. Retningslinjer, søking og saksbehandlarsystem.
 - a. Digital løysing for aktuelle tilskotsordningar (framgangsmåte og fristar)
 - b. Forvaltning, rutinar og reglement for tilskot (framgangsmåte og fristar).
 - c. Vurdere ev. overgangsfase t.d. fleirårige kulturmidlar
4. Politisk handsaming
Førebu sak til fellesnemnda.

Arbeidet er no gjennomført, og prosjektleiar sender med dette ferdigstilt rapport og tilleggsbestilling til DPO 3.1. - *Tilskotsordningar regionale organisasjonar og institusjonar*, til behandling i Fellesnemnda.

Prosjektleiar rår fellesnemnda sitt arbeidsutval til å gje slik tilråding:

1. Vestland fylkeskommune set av driftsmidlar i budsjettet. Driftstilskot til institusjonar, lag og organisasjonar vert lagt inn som budsjettvedtak.
2. Søknadsfrist vert sett til 1. april kvart år og gjeld for påfølgjande budsjettår

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

1. Oppfølging av kritiske oppgåver identifisert i DPO 3.1 Kultur og idrett – kartlegging tilskotsforvaltinga
2. Samandrag - Oppfølging av kritiske oppgåver identifisert i DPO 3.1 Kultur og idrett – kartlegging tilskotsforvaltinga

SAKSFRAMSTILLING

2. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja:
Behov for vedtak på eins behandling av driftstilskot.

Historikk - tidlegare vedtak:
Hordaland fylkeskommune sin praksis for tildeling av driftstilskot til institusjonar, lag og organisasjonar vert tilrådd for nye Vestland fylkeskommune.

Sentrale problemstillingar:
Viser til vedlegg.

Andre opplysningar:
Viser til vedlegg.

3. Vurderingar og konsekvensar

Økonomi- og budsjettkonsekvensar: Ingen økonomiske konsekvensar ut over vanleg budsjettbehandling.

Rettslege konsekvensar: Ingen.

Personalpolitiske konsekvensar: Ingen.

Plankonsekvensar: Ingen.

Klima- og miljøkonsekvensar: Ingen.

HMT: Ingen.

Andre konsekvensar: integrering, mangfald, likestilling, universell utforming eller liknande: Ingen.

4. Konklusjon

Som tilrådd vedtak.

| BESTILLING | |
|------------|--|
| 1. | <p>Oppfølging av kritiske oppgaver identifisert i DPO 3.1 Kultur og idrett – kartlegging</p> <p>Bestillinga gjeld: Tilskotsordningar regionale organisasjonar og institusjonar</p> <p>Bestillarar: Ingebjørg Erikstad (SFFK) og Per Morten Ekerhovd (HFK)</p> |
| 2. | <p>Innhald:</p> <p>På bakgrunn av kartlegginga i DPO 3.1 skal tilskotsordningane på kultur- og idrettsområdet i Vestland fylkeskommune avklarast.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Oversikt: <ul style="list-style-type: none"> Oversikt over korleis a). Tilskot til drift av institusjonar og organisasjonar, og b). Prosjekttilskot vert gjort i dag i dei to fylkeskommunane (kva ordningar, søking og saksbehandling inkl. avgjerdsprosessar/budsjettvedtak og einskildvedtak). 2. Framtidige tilskotsordningar/Samordning <ul style="list-style-type: none"> Utarbeide eitt (ev fleire) forslag til korleis dette kan samordnast og gjerast i Vestland fylkeskommune. 3. Retningslinjer, søking og saksbehandlarsystem. <ol style="list-style-type: none"> a. Digital løysing for aktuelle tilskotsordningar (framgangsmåte og fristar) b. Forvaltning, rutinar og reglement for tilskot (framgangsmåte og fristar). c. Vurdere ev. overgangsfase t.d. fleirårige kulturmidlar 4. Politisk handsaming <ul style="list-style-type: none"> Førebu sak til fellesnemnda. |
| 3. | <p>Utførarar:</p> <p>Jarlaug Lauritsen (SFFK)</p> <p>Odd Kenneth Mellingen (HFK)</p> |
| 4. | <p>Bestillinga:</p> <p>Bestillinga skal utførast med bakgrunn i kartlegginga i DPO 3.1 Kultur og idrett i samråd med ansvarlege på seksjonar/team i dei to fylkeskommunane.</p> <p>Av omsyn til framdrifta bør ein ha særleg merksemd på prosessar og rutinar (retningslinjer, søkarprosess, tidsfristar, informasjon) m.m. innan følgjande tidspunkt:</p> <p>Pkt 2.1.a: Driftsmidlar:</p> <p>Iverksetjing innan 01.02.19 for søknadsfrist 01.04.19 og budsjettprosess for 2020.</p> <p>Pkt 2.1 b. Prosjekttilskot:</p> <p>Iverksetjing pr. 01.01.2020</p> |
| 5. | <p>Tidsfrist:</p> <p>Utkast skal leverast bestillarane innan 1.november 2018.</p> <p>Gjennomgang og drøfting 2.november 2018.</p> |

| | |
|-----------|---|
| | Ferdigstilling 20.november 2018. |
| 6. | Oppfølging: Avklaring med prosjektleiar. Ansvar: Ingebjørg og Per Morten Førebu/gjennomføre informasjon ut til dei det gjeld. Ansvar: Jarlaug og Odd Kenneth (i kvar sine organisasjonar). |

Hordaland fylkeskommune:

1. **OVERSIKT OVER KORLEIS A). TILSKOT TIL DRIFT AV INSTITUSJONAR OG ORGANISASJONAR, OG B). PROSJEKTTILSKOT VERT GJORT I DAG I DEI TO FYLKESKOMMUNANE** (kva ordningar, søking og saksbehandling inkl. avgjerdsprosessar/budsjettvedtak og einskildvedtak).

Generelt

Tilskot vert handsama innafor delegasjonsreglementet og utarbeidde retningslinjer for Hordaland fylkeskommune, i samsvar med forvaltningslova og ulovfesta prinsipp for god forvaltningsskikk/skjønnsutøving. Retningslinjene skal elles bidra til å sikra ei føremålstenleg og effektiv forvaltning av tilskotsmidlar.

Alle tilskotsordningar/fordelingar vert lyst ut på ein måte som i størst mogleg grad skal nå fram til og gi tilstrekkeleg informasjon til målgruppa for kvart tilskot. Her er det etablert praksis om felles utlysning vår og haust i regionavisa Bergens Tidende og på heimesida til HFK.

Med nokre få unntak, vert alle tilskota behandla og vedtekne politisk i Utval for kultur, idrett og regional utvikling. Planlagt tidspunkt for når den einskilde ordninga skal handsamast, vert meldt opp i oversikt over større politiske saker som vert presentert i forkant av kvart halvår.

Hfk har delt inn tilskota i to hovudtypar.

Budsjettvedtak

Budsjettvedtak vert gjort budsjettet i desember kvart år der største delen utgjer driftstilskot til institusjonar, lag og organisasjonar vert tildelt.

Vedtak/enkeltvedtak

Enkeltvedtak er ei avgjerd som vert treft under utøving av offentlig mynde og som generelt eller konkret er bestemmende for rettar (godar) eller plikter til ein eller fleire bestemte private personar (enkelpersonar eller andre private rettssubjekt som t.d. foreiningar, selskap mv). Desse tilskota er i hovudsak prosjekt- og utviklingstilskot som, med nokre få delegerte unntak, vert lagt fram for politisk behandling gjennom året. Det er ikkje enkeltvedtak når det er kommunar som står som søker (til dømes ved Den kulturelle spaserstokken).

Retningslinjer for dei einskilde ordningane

Retningslinjene har informasjon om tilskotsordningane etter ein fastlagt mal og med naudsynt tilpassing. Dette vert meir omtala under pkt.3.b.

Samla tilskot lagt inn i bruttobudsjett for 2019 utgjer om lag 332,6 mill. kr. Av dette utgjer driftstilskot som budsjettvedtak om lag 119,6 mill. kr og tilskot til prosjekt og utviklingstiltak 213 mill. Kr.

Alle tal i tabellane vidare er gjevne opp i brutttotal.

a) DRIFTSSTILSKOT TIL KUNST, KULTUR OG IDRETT

Generelt

Driftsstønnad vert gjeve til institusjonar, lag og organisasjonar innan kunst-, kultur- og idrettsfeltet i Hordaland, med særskild verdi for heile fylket.

Kven kan søkje

Aktørar innan kunst-, kultur-, friluftsliv- og idrettsfeltet med hovudaktivitet i Hordaland. Verksemda skal vere ideell (ikkje-kommersiell) og ha sterk regional verdi / verdi for heile fylket.

Kva kan støttast

Driftstilskot er ikkje knytt til eit særskilt tiltak/prosjekt, men gjeld verksemda som heile. Det er knytt til verksemda sine vedtekne føremål og planar og grunngjeve ut frå dei fylkespolitiske målsettingane på feltet.

Tilskotet har eit langsiktig, strategisk preg, og går som hovudregel til varige føremål. I dette ligg implisitt at verksemda har ei tyding for kulturlivet i regionen, som inneber at fylkeskommunen - ut frå vedtekne kulturpolitiske målsettingar - bør medverke økonomisk til drifta.

Fylkeskommunalt driftstilskot til frivillige organisasjonar/amatørkultur vil først og fremst rette seg mot fylkesfemnande organisasjonar/fylkesledd.

Føremål

Tilskot til drift utgjer fylkeskommunen sitt viktigaste, og samla sett, tyngste, bidrag til finansieringa av kultur, idrett og friluftslivet i fylket. Kvar tildeling skal grunngjevast med klår forankring i dei fylkespolitiske målsettingane på kulturområdet.

Dei kulturpolitiske satsingane slik dei er formulert i Premiss: Kultur Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025 legg føringane for fordelinga av fylkeskommunale kulturmidlar. Driftstilskot skal vere med på å oppfylle dei målsettingane som er formulert i planen, både overordna og for det aktuelle feltet.

Hfk har samla 36 tilskotsordningar fordelt slik:

| | Tal tilskot | Tilskot i kr 2019 |
|----------------------|-------------|-------------------|
| *Budsjsøknadar | 1 | 119,6 |
| F.konservatoren | 10 | 41,1 |
| Fylkesbiblioteket | 3 | 0,65 |
| Idr&fril.liv | 10 | 139,6 |
| Kunst&kult. formidl. | 12 | 27,3 |
| Fylkesarkivet | (1) | ** |
| Samla | 36 | 328,25 |

* For 2019 er det søkt om 148 668 290 kr.

** Tilskot til Lokalhistoriske lag og sogelag var på 155 000 kr i 2018, men er ikkje tatt med i fylkesrådmannen sitt budsjett for 2019.

Søking/saksbehandling

Driftstilskot vert behandla samla i budsjettvedtak for det komande året, og søknadane må vere på plass i god tid før budsjettet vert behandla i desember. Søknad om driftstilskot vert lyst ut kvart år i regionavisa Bergens Tidende (samleannonse) og på HFK sine heimesider med søknadsfrist 1. april kvart år og gjeld for påfølgjande år. Etter søknadsfrist, vert eit større utval av søkjarar kalla inn til budsjett- og rapporteringsmøte som ein del av

førebuing og grunnlag for saksbehandlingen og fylkesrådmannen si tilråding. Tilrådingane vert så lagt inn i fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett.

b) TILSKOT TIL PROSJEKT OG UTVIKLINGSARBEID

Generelt

Tilskot til prosjekt og utviklingsarbeid vert tildelt i samsvar med politisk vedtekne retningslinjer for den enkelte ordning. Alle tilskotsordningar i fylkeskommunen skal vere utforma og grunngitt med klår forankring i dei fylkespolitiske målsettingane på kulturområdet.

Fylkeskommunen forvaltar også fleire statlege tilskot til ulike føremål som kulturminne, lokale kulturbygg, friluftsliv og arenaer. Her vert midlar fordelt i samsvar med retningslinjer gitt av aktuelle organ.

Eit prosjekt er i utgangspunktet ei målretta, tidsavgrensa og unik arbeidsoppgåve.

1. Oppgåva er av ein særleg karakter, det vil seie at oppgåva ikkje er løpande og varig, men har eit unikt og tidsavgrensa preg.
2. Oppgåva er målsett og planlagt, men då oppgåva er unik, kan det eksakte utfallet og resultatet i nokon grad vere usikkert.
3. Eit prosjekt har ei midlertidig organisering, som gjeld for prosjektperioden.
4. Oppgåva skal utførast innan klårgjorte avgrensingar med omsyn til tid og ressursar.

Kjernen i prosjektomgrepet er såleis at tiltaket er organisatorisk/økonomisk skilt frå søkar si ordinære verksemd eller og at tiltaket er presist avgrensa i innhald og tid. I dette ligg mellom anna at det ligg føre ein prosjektplan, at tiltaket er organisert med eige prosjektansvar (styringsgruppe/referansegruppe) og at det ligg føre eige budsjett/finansieringsplan for tiltaket som er tydeleg skilt frå driftsbudsjettet for verksemda og eventuelle andre prosjekt.

Støtte kan og rettast inn mot avgrensa tiltak eller enkeltaktivitetar, som har lågare krav til prosjektorganisering, men likevel er unike. Kvart vedtak om slik støtte skal grunngjevast i samsvar med kriteria for den aktuelle tilskotsordning eller andre prosjekt.

Søking/saksbehandling

Tilskot til prosjekt og utviklingstiltak er fordelt på dei tre seksjonane Kunst og kulturformidling, Fylkeskonservatoren og Idrett og friluftsliv, og saksbehandlingen går føre seg i dei respektive fagseksjonane. Alle tilskota vert tildelt i samsvar med politisk vedtekne retningslinjer for den enkelte ordning, saksbehandla administrativt og lagt fram til politisk behandling og avgjerd. Alle tilskotsordningar i fylkeskommunen er utforma og grunngjevne med klår forankring i dei fylkespolitiske målsettingane på kulturområdet.

Fylkeskommunen forvaltar også fleire statlege tilskot til ulike føremål som kulturminne, lokale kulturbygg, friluftsliv og arenaer. Her vert midlar fordelt i samsvar med retningslinjer gitt av aktuelle organ.

Med unntak for nokre statlege tilskot, er det utarbeid elektronisk søknad med automatisert digital overføring til dokumentbehandlingssystemet ePhorte. Sakarkivsystemet har ein eigen tilskotsmodul. Dette gjer at søkjar får automatisk melding om at søknaden er motteke.

KUNST OG KULTURFORMIDLING

Seksjonen gjev økonomiske tilskot både gjennom faste driftstilskot til organisasjonar og institusjonar, og prosjektbasert støtte.

Tilskota gjeld tiltak med ei viss fagleg tyngd og storleik og ein klår prosjekt- og utviklingstanke. Det skal vere tydelege føregangsprosjekt med klår verdi for utviklinga av kulturlivet i fylket.

Fylkeskommunen si rolle er å vere ein regional utviklar, så prosjektet må ha regional verdi og / eller nedslagsfelt. Desse tilskotsmidlane gir høve til å prøve ut nye prosjekt og tiltak som kan vere med på å vidareutvikle kulturlivet i Hordaland, t.d. setje i gang pilotprosjekt som vil ha overføringsverdi til andre.

HFK har følgjande søknadsordningar for tilskot innan kulturfeltet, som er meint å utfylle kvarandre:

Kulturføremål (790)

| | |
|--|-------------------|
| Kulturtiltak barn og ungdom - amatør | 510 000 |
| Kunstprosjekt og kult.tiltak barn og ungdom - profesjonell | 400 000 |
| Kunstprosjekt og kulturtiltak - profesjonell | 950 000 |
| Større kulturprosjekt med regional verdi | 1 000 000 |
| Kulturbygg med regionale funksjonar | 8 336 000 |
| Kulturelt utviklingsprogram | 6 520 000 |
| Kulturtiltak - amatør | 390 000 |
| Tilskot til lokale kulturbygg (spelemidlar) | 4 000 000 |
| Tilskot barne- og ungdomsorg. | 800 000 |
| Tilskot til vaksenoppl.tiltak | 400 000 |
| Tilskot til elitekorps | 300 000 |
| Samla | 23 606 000 |

Under posten *Tilskot barne- og ungdomsorg.* kan det også søkjast om driftstilskot. Dette gjeld frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar med regionalt virke og med minst 50 teljande medlemmer totalt i Hordaland fylke.

For å vere definert som ein friviljug barne- og ungdomsorganisasjon under denne ordninga, må organisasjonen leggje til rette for at dei unge medlemmane gjennom eigen aktivitet får høve til å utvikle seg innanfor organisasjonen sitt virkefelt.

Kunstføremål (771)

| | |
|--|------------------|
| Den kulturelle spaserstokken | 3 000 000 |
| Stipend | |
| Folkemusikkstipend | 100 000 |
| Kunstnarstipend | 580 000 |
| Samla Kunstføremål tilskot og stipend | 3 680 000 |

FYLKESKONSERVATOREN - KULTURMINNEVERN OG MUSEUM

For musea er det etablert tilskotsordningar for følgjande tiltak:

- Tiltak A: Styrkje musea i høve drift og investeringar
- Tiltak B: Vidareføring satsing på tematiske og regionale ansvarsmuseum og hovudtema i Regional plan for museum 2011-2015
- Tiltak D: Styrke Bevaringstenestene og musea si samlingsforvalting
- Tiltak E: Tiltak som kan styrke samhandlinga mellom musea, kommunane og det frivillige

Det kans søkjast om tilskot som følgjer:

Vern av kulturminne (750)

| | |
|--|-------------------|
| Bevaringsprogram for BARK | 100 000 |
| Forvalting og drift av verna fartøy | 1 000 000 |
| Freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap | 16 000 000 |
| Prosjekt Bryggen - Bevaringsprogram | 15 000 000 |
| Sikring og istandsetjing av verna fartøy | 1 700 000 |
| Tilskot drift til regionale og nasjonale kulturminne | 800 000 |
| Verdiskaping på kulturminneområdet | 200 000 |
| Vern og vøling av verneverdige bygg | 2 000 000 |
| Ålmenne kulturvernføremål (Kult.landsk.pris) | 50 000 |
| Samla | 36 850 000 |

Museum (760)

| | |
|------------------------|------------------|
| Bygningsvern ved musea | 2 167 000 |
| Museumsløft | 2 000 000 |
| Samla | 4 167 000 |

IDRETT OG FRILUFTSLIV

Visjonen for fagområdet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er Aktiv Kvar Dag. Målet er at alle skal kunne vere aktive etter egne ønskje og føresetnader på allment tilgjengelege område i naturen og i anlegg i nærleiken av der dei bur.

Den frivillige idretten og friluftsansjonane gjev eit tilbod til mange gjennom tilrettelagt aktivitet, der glede, meistring, inkludering, rekreasjon og gode opplevingar er kjerneverdier. Deltaking i frivillige lag har ein meirverdi som sosial møteplass, arena for fellesskap, danning av meining og opplæring i frivillighetskultur i tillegg til sitt demokratiske fundament. Mange barn og ungdommar er medlemmer i organisert aktivitet.

Friluftsliv er det området på kulturfeltet som har klårt størst interesse blant innbyggjarane i Hordaland. Idrett ligg som nummer tre. Innbyggjarane oppgjer at idrettshall, treningsstudio og symjehall er blant dei seks viktigaste møteplassar og kulturtilbod i sentrum. Dette gir eit godt grunnlag for vidare arbeid med å skape ein aktiv kvar dag for folk i Hordaland.

Det kan søkjast om tilskot innan anlegg, fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett med særleg fokus på å styrke og utvikle aktivitetar og anlegg tilpassa ungdom mellom anna gjennom auka medverknad.

Det kan søkjast om tilskot som følgjer:

Tilskot til idrettsarbeid og idrettsprosjekt (775)

| | |
|--|--------------------|
| Folkehelse/Sykkelvanar | 500 000 |
| Fylkeskommunalt investeringstilskot | 2 000 000 |
| Fylkespremiar | 50 000 |
| Medfinansiering fleirbrukshallar - kommunane | 2 000 000 |
| Overføring til kommunar (spelemidlar) | 123 817 000 |
| Store meisterskap | 275 000 |
| Tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for born og unge | 2 040 000 |
| Utviklingsstipend | 180 000 |
| Samla | 130 862 000 |

Tilskot til friluftsliv (716)

| | |
|--|------------------|
| Friluftslivets ferdselsårer | 1 155 000 |
| Tilskot friluftslivstiltak (statlege midlar) | 2 100 000 |
| Tilskot i friluftsområde (statlege midlar) | 5 500 000 |
| Samla | 8 755 000 |

BIBLIOTEK

Prosjektmidlar blir nytta til å stimulere bibliotekutvikling i kommunane i tråd med føringar i nasjonal og regional bibliotekpolitikk. Modellbibliotekprogrammet har sidan 2015 omfatta 18 bibliotek i 17 kommunar. Utlysing av tilskot til interkommunale prosjekt og til kompetanseutvikling er nye ordningar som ligg i budsjettframlegget for 2019. I tillegg til fylkeskommunale midlar har det blitt utlyst støtte til prosjekt som er finansiert av Gjensidigestiftinga.

Tilskot til bibliotekprosjekt (740)

| | |
|---------------------------|---------|
| Modellbibliotekprogrammet | 350 000 |
|---------------------------|---------|

| | |
|---|----------------|
| Tilskot til interkommunale prosjekt | 200 000 |
| Tilskot til organisasjonar og organisasjonar som gjennomfører kurs og konferansar for bibliotektilsette i Hordaland | 100 000 |
| Samla | 650 000 |

FYLKESARKIVET

Tilskot til sogelag/historielag og lokalhistorisk arbeid har til og med 2018 vore ei ordning for å fremme gode prosjekt innan det lokalhistoriske feltet med oppmoding om samarbeid mellom historie- og sogelag og profesjonelle institusjonar som museum. Tilskotordninga utgjorde 155 000 kr i 2018. Det har vore ei viktig ordning for å bringe fram lokalhistoriske engasjement og prosjekt og samarbeid mellom frivillige og profesjonelle, og er ei satsing som bør vurderast i Vestland fylkeskommune.

Sogn og Fjordane fylkeskommune

1. **OVERSIKT OVER KORLEIS A). TILSKOT TIL DRIFT AV INSTITUSJONAR OG ORGANISASJONAR, OG B). PROSJEKTTILSKOT VERT GJORT I DAG I DEI TO FYLKESKOMMUNANE** (kva ordningar, søking og saksbehandling inkl. avgjerdsprosessar/budsjettvedtak og einskildvedtak).

Generelt

Sogn og Fjordane fylkeskommune kulturavdelinga, har desse tilskotsordningane/rammer/ avgjerdsmynde:

| | | |
|--|----------------|---------------------|
| Tilskot til institusjonar | 28,387 | budsjettvedtak |
| Idrett | 1,450 | budsjettvedtak |
| Kulturmidlar | 4,549 | delegert fylkesdir. |
| Folkehelsemidlar | 1,400 | delegert fylkesdir. |
| Spelemidlar idrett | 60,000 | Hovudutval |
| Spelemidlar kulturbygg | 1,700 | Hovudutval |
| Kulturarv | 12,500 | hovudutval |
| Friluftsliv | 0,775 | Delegert fylkesdir. |
| Den kulturelle spaserstokken | 0,904 | Delegert fylkesdir. |
| Midlar til disposisjon for hovudutval for næring og kultur | 1,850 | Hovudutval |
| Samla | 113,515 | |

Alle tal i tabellane er gjevne opp i bruttotal.

Avgjerdsmynde for dei ulike tilskotsordningane i Sogn og Fjordane fylkeskommune vert gjort på 3 ulike måtar:

- Budsjettvedtak,
- Enkeltvedtak/ delegert til fylkesdirektør
- enkeltvedtak/ avgjerd i hovudutval for kultur og næring

a) **DRIFTSSTILSKOT - INSTITUSJONAR**

Budsjettvedtak

Tilskot til store institusjonar vert handsama og vedteke i i samband med budsjettet i fylkestinget i desember. Tilskot til Sogn og Fjordane Idrettskrins og driftstilskot til 4 skianlegg vert og vedteke i budsjettet i desember

Budsjettvedtak vert gjort for følgjande institusjonar/organisasjonar i dag (budsjett 2018):

| | |
|--------------------|-------|
| Førdefestivalen | 3,479 |
| Norsk Countrytreff | 0,924 |
| Opera Nordfjord | 1,531 |

| | |
|-------------------------------|---------------|
| Sogn og Fjordane Teater | 6,237 |
| Musea i Sogn og Fjordane | 15,121 |
| Gulatinget | 1,104 |
| Sogn og Fjordane Idrettskrins | 1,25 |
| 4 skianlegg i fylket | 0,2 |
| Samla | 29,846 |

Søking/saksbehandling

Institusjonane sender søknad til fylkeskommunen samtidig som det vert søkt om statstilskot. Søknadsfrist er 1. april.

Gjennom sakshbehandlingsperioden vert institusjonane kalla inn til dialogmøte med fylkeskommunen . Søknadane vert handsama i samband med budsjettarbeidet og vedteke på fylkestinget i desember.

Hovudutval for næring og kultur fastset tilskot til Førdefestivalen, Norsk Countrytreff og dei andre festivalane i festivalstrategien når kulturrådet har gjort sine vedtak. Sogn og Fjordane fylkeskommune har utarbeidd eigen festivalstrategi for festivalane, der Førdefestivalen og Norsk Countrytreff er prioritert for femårig tilskot.

Gulatinget er tusenårsstaden i Sogn og Fjordane, fylkeskommunen og Gulen kommune inngått eiga avtale om fylkeskommunalt og kommunalt tilskot.

Tilskot til 4 skianlegg i fylket er prioritert i regional plan for fysisk aktivitet og friluftsliv.

Etter vedtak i fylkestinget signaliserer fylkeskommunen gjennom forventningsbrev, vilkår for tilskot og budsjettvedtak kva forventningar som vert stilt til dei ulike institusjonane.

B) TILSKOT TIL DRIFT, PROSJEKT OG UTVIKLINGSARBEID

Enkeltvedtak (kulturmidlar og folkehelsemidlar)

Ramma til enkeltvedtak vert sett av i budsjettet i fylkestinget i desember. Innkomne søknader vert handsama administrativt og vedteke av fylkesdirektøren etter delegert mynde. Avgjerd om tilskot med enkeltvedtak vert gitt til fylkesdekkande kulturorganisasjonar, festivalar, aktivitet, folkehelsemidlar, kunstnarstipend og prosjekt. Alle administrative vedtak skal leggest fram for Hovudutval for næring og kultur til orientering.

KULTURMIDLAR

Kulturmidlar vert gitt til prosjekt og tiltak som har kultur som hovudføremål.

Ordninga er delt og det kan søkjast om:

- Tilskot til drift
- Tilskot til prosjekt og tiltak
- Kunstnarstipend/kulturpris

Søking/Saksbehandling

Hovudutval for næring og kultur har vedteke føringar og retningsliner for tildeling av kulturmidlane. Det er utarbeidd skriftlege rutinar for sakshandsaming av tilskotsordningar innan kultur. Kulturmidlane vert annonsert i alle lokalavisene i fylket og lagt ut informasjon på heimesida til fylkeskommunen.

Det er utarbeidd retningsliner og informasjon om kva som kan få tilskot, krav til søknaden og søknadsbehandling, vilkår og klage.

Det er og utarbeidd grunnleggande omsyn for tildeling av fylkeskommunale tilskot til kulturføremål.

Det skal søkjast på elektronisk søknadsskjema med søknadsfrist 1. mars. Søknadane vert automatisk registrert i vårt saksbehandlingssystem.

Vedtaka skal grunngjevast og vilkår for tilskotet og utbetaling vert sett i tilsegnsbrev. Tilskota skal nyttast det året det er gitt tilsegn for.

Søknadsfristar:

| | |
|----------------------------------|---------------------------------------|
| Budsjettvedtak. | Søknadsfrist: 1. april året før |
| Delegert til fylkesdirektør : | Søknadsfrist: 1. mars i tilskotsåret |
| Hovudutval for næring og kultur: | Søknadsfrist: 1. mars i tilskotsåret. |

Litt om dei ulike ordningane:

Budsjettet i 2018 fordelte seg slik innanfor dei ulike søknadsordningane for kulturmidlar:

| | | |
|--------------------------------------|------------------|--------------------|
| Kulturorganisasjonar | 2 170 000 | drift |
| Festivalar | 1 300 000 | drift |
| Spel | 90 000 | Prosjekt og tiltak |
| Arrangement/arrangørar | 55 000 | Prosjekt og tiltak |
| Prosjekt og tiltak | 364 000 | Prosjekt og tiltak |
| Fylkeskommunale avtalar, smb. Tiltak | 300 000 | Prosjekt og tiltak |
| Kunstnarstipend/kulturpris | 270 000 | kunstnarstipend |
| SUM | 4 549 000 | |

KULTURMIDLAR - DRIFTSTILSKOT

Tilskot til drift vert gitt til fylkesdekkande kulturorganisasjonar/fylkesledd og arrangørar med føremål innan kulturområdet. Det vert lagt særleg vekt på kulturaktivitet til barn og unge. Målet med tilskotsordninga er å fremje eit aktivt og allsidig kulturliv i fylket.

Kven kan søkje?

- Fylkesdekkande kulturorganisasjonar/fylkesledd
- Arrangørar av varige, faste kulturtiltak.

KULTURMIDLAR - TILSKOT TIL PROSJEKT OG TILTAK

Tilskot til prosjekt og tiltak vert gitt til prosjekt og tiltak som har føremål innan kulturområdet, med kulturell karakter som har allmenn interesse og verknad for heile eller deler av fylket. Utviklingsperspektivet, der ein ønskjer å undersøke nye tiltak og arbeidsformer og samarbeid, sama å realisere dristige nyskapande kultursatsingar vert vektlagt ved fordeling..

Målet med tilskotstordninga er å fremje eit aktivt og allsidig kulturliv i fylket.

Tilskot med avgjerd som enkeltvedtak og søknadsfrist 1. mars i tildelingsåret:

| Organisasjon/tiltak | Organisasjon/tiltak |
|-----------------------------|-------------------------------------|
| Mindre kulturorganisasjonar | Spel |
| Prosjekt og tiltak | Arrangement/arrangørar |
| Kunstnarstipend | Fylkeskommunale avtalar, smb.tiltak |
| Kulturorganisasjonar | Kunstnarstipend/kulturpris |
| Festivalar | |

Kven kan søkje?

Alle som driv med kulturell aktivitet som har allmenn interesse, og med verknad for heile eller ein større del av fylket, kan søkje tilskot. Tiltak som viser nye vegar i kulturarbeidet kan også søkje.

Det er utarbeidd eige rapporteringsskjema.

KULTURMIDLAR - TILSKOT TIL STIPEND

Sogn og Fjordane fylkeskommune har to stipendordningar for kunstnarar

- Stipend for unge kunstnarar i etableringsfasen
- Arbeidsstipend for kunstnarar.

Stipend for unge kunstnarar i etableringsfasen

Målet er å støtte unge kunstnarar som er i ferd med å etablere seg i Sogn og Fjordane. Det er utarbeidd egne retningslinjer.

Kven kan søkje?

Profesjonelle kunstnarar under 35 år innan alle uttrykk som er busett i Sogn og Fjordane eller som skal etablere seg i Sogn og Fjordane i stipendperioden. Kunstnarar under utdanning kan ikkje søkje.

Arbeidsstipend for kunstnarar

Målet er å gje skapande og utøvande kunstnarar høve til å utvikle sine kunstnariske uttrykk eller eksprementere med nye uttrykk.

Kven kan søkje?

Profesjonelle kunstnarar innan alle kunstuttrykk og sjangrar som bur og har sitt virke i Sogn og Fjordane. Kunstnarar under utdanning kan ikkje søkje.

Søking/saksbehandling

Fylkesdirektør for næring og kultur nemner opp to fagjuryar (visuell kunst og tverrfagleg) som har rådgevande funksjon overfor fylkesdirektør som gjer endeleg vedtak. Juryen har ei funksjonstid på to år.

Ved vurdering av søknaden vert det lagt vekt på kunstnarisk aktivitet og kvalitet, og søkjaren sin plan for bruk av stipendet. Fylkesdirektøren gjer vedtak om tildeling etter tilråding frå jury. Stipendet vert betalut ut når vedtak om tildeling er gjort. Det skal sendast rapport om bruken av stipendet etter at stipendperioden er ferdig.

FOLKEHELSE

Målet med denne tilskotsordninga er å fremje eit aktivt og allsidig livskvalitetsarbeid i fylket. Tilskotet vert gitt til prosjekt og tiltak innan levekår- og livskvalitetsområdet (folkehelse) som har allmenn interesse og verknad for heile eller ein større del av fylket.

Søking/saksbehandling

Det skal søkjast på elektronisk søknadsskjema innan 1. mars. Annonse i alle lokalaviser og på heimesida til fylkeskommunen.

Søknad vert gitt etter konkret vurdering i kvart enkelt tilfelle, innanfor dei til ei kvar tid gjeldande satsingsområde. Søknaden vert handsama av fylkesdirektøren etter delegert mynde.

Vedtaka skal grunngjevast og vilkår for tilskotet og utbetaling vert sett i tilsegnsbrev.

Tilskota skal nyttast det året det er gitt tilsegn for

DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN

Den kulturelle spaserstokken er ei ordning for kulturformidling for eldre.

Kommunane står som søkjar og det skal søkjast på elektronisk på søknadsskjema som ligg på heimesida. Søknadsfrist: 1. juni.

Sakshandsaming: Rettleiing til kommunane vert gjede kontinuerleg gjennom året

Det er sett mål for tildeling av midlane og fordelinga vert gjort i høve måla som er sett.

Avgjerdsmynde: Fylkesdirektør for kultur. Vedtaket skal leggast fram Hovudutval for næring og kultur til orientering.

På vilkår av at det er levert rapport for eventuell løyving for året før, vert tilskotet utbetalt i desember. Tiltaket må gjennomførast i samsvar med planar i søknaden.

FRILUFTSLIV

Statleg ordning som vert fordelt av Miljøverndepartementet
Avgjerdsmynde: Fylkesdirektør for kultur
Ramme til fordeling: 0,700

HOVUDUTVAL FOR NÆRING OG KULTUR

SPELEMIDLAR IDRETT

Retningsliner og føringar frå Kulturdepartementet styrer tildelinga saman med kommunale prioriteringar.
Avgjerdsmynde: Hovudutval for næring og kultur

SPELEMIDLAR KULTURBYGG

Retningsliner og føringar frå Kulturdepartementet styrer tildelinga saman med kommunale prioriteringar.
Avgjerdsmynde: Hovudutval for næring og kultur

KULTURARV

Verdsarv
Statlege midlar til eigarane av kulturminne i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden. Føringar frå Riksantikvaren.
Avgjerd: Hovudutval for næring og kultur.

Freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap.
Føringar og retningsliner frå Riksantikvaren.
Avgjerd: Hovudutval for næring og kultur.
Ramme 2018: 2,0 mill.

MIDLAR TIL DISPOSISJON FOR HOVUDUTVAL FOR NÆRING OG KULTUR

Hovudutval for næring og kultur disponerer midlar som vert sett av til disposisjon etter vedtak i budsjettet i fylkestinget i desember. Desse midlane skal gå til større kulturutviklingstiltak i fylket (utviklingsavtaler, nyskapande tiltak).
Avgjerd: Hovudutval for næring og kultur

2. FRAMTIDIGE TILSKOTSORDNINGAR/SAMORDNING

Mandat: Utarbeide eitt (ev fleire) forslag til korleis dette kan samordnast og gjerast i Vestland fylkeskommune.

Vi har sett på følgjande moment som treng utgreiing og avklåring:

- Avgjerdsmynde, - administrativt og/eller politisk vedtak
- Driftstilskot eller prosjekttilskot?
- Behov for samkøying og samordning av dei ulike prosjekttilskota

Avgjerdsmynde

Hordaland og Sogn- og Fjordane har ulik ordning på avgjerdsmynde for tilskot.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har delegert avgjerdsmynde for kulturmidlar til fylkesdirektøren. Hovudutval for næring og kultur vert orientert om vedtaka i etterkant. Unnateke er tilskot til institusjonar som vert løyvd i samband med budsjettet i desember og midlar til disposisjon for hovudutvalet. Det er i hovudsak tilskot til institusjonane som vert løyvd i samband med budsjettet i desember.

Hordaland har i hovudsak politisk handsaming på alle sine tilskot. Eit unntak er til dømes «Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar». Her får politikarane eit referat i etterkant av tildelinga som syner denne.

Tilråding

Vi rår til at dette spørsmålet vert utsett til ein har arbeidd seg gjennom og fått på plass kva tilskotsordningar Vestlandet fylkeskommune skal ha på kultur- og idrettsområdet. Dette vil også vere tema når nytt delegasjons- og fullmaktsreglement vert utarbeidd.

Driftstilskot eller prosjekttilskot?

Driftstilskot

Her er det ulik praksis. Samla har HFK om lag 120 institusjonar og organisasjonar i budsjettvedtaket. SFFK vedtek rammene innan dei ulike tilskotsordningane i budsjettevedtaket.

I Sogn- og Fjordane vert kulturorganisasjonar/større tiltak løyvd som enkeltvedtak i dag. Driftstilskot vert løyvd som enkeltvedtak etter søknad i mars. Dette medfører at organisasjonane ikkje får vedtak og utbetaling av midlane før på våraparten i inneverande år. Ved søknadsfrist året før og vedtak i budsjettet i desember, vil tilskotet vere meir føreseieleg for den enkelte organisasjon og dei vil meir kunne innrette sin aktivitet etter kor mykje fylkeskommunale midlar dei vil få.

Tilråding

Vi rår til at nye Vestland fylkeskommune set av driftsmidlar i budsjettet. Institusjonar, lag og organisasjonar vert lagt inn som budsjettvedtak saman med HFK sine som i dag ligg inne i budsjettet.

Aktuelle institusjonar, lag og organisasjonar or SFFK kan vere:

| Institusjon/organisasjon | Løyving 2018 | Institusjon/organisasjon | Løyving 2018 |
|--------------------------------------|--------------|------------------------------|--------------|
| Førdefestivalen | 3,150 | KFUK-KFUM i Sogn og Fjordane | 0,090 |
| Norsk Countrytreff | 0,727 | Norges Husflidslag | 0,170 |
| Opera Nordfjord | 1,531 | Vestlandsutstillinga | 0,100 |
| Sogn og Fj Teater | 6,237 | Singerheimen | 0,250 |
| Musea i Sogn og fjordane | 15,121 | Vestnorsk Jazzsenter | 0,110 |
| Gulatinget | 1,104 | BFO | 0,110 |
| Sogn og Fjordane Idrettskrins | 1,250 | Nynorske Litteraturdagar | 0,075 |
| Brak | 0,100 | Vestnorsk Filmsenter | 0,100 |
| 4H Sogn og Fjordane | 0,300 | Gloppen Musikkfest | 0,150 |
| Norges Korforbund, Sogn og Fj. | 0,060 | Teaterfestivalen i Fjaler | 0,250 |
| Sogn og Fjordane Folkemusikklag | 0,180 | Malakoff Rockfestival | 0,100 |
| Pensjonistforbundet? | 0,060 | Balejazz | 0,150 |
| Sogn og Fjordane Husflidslag | 0,160 | Utkant | 0,100 |
| Norsk Musikkforbund Vest, Sogn og Fj | 0,230 | 4 skianlegg? | 0,200 |
| Folkeakademiet | 0,090 | | |

Samla løyving 2018: 32,255 mill. kr.

Vi rår til at søknadsfrist vert sett til 1. april kvart år og gjeld for påfølgjande budsjettår.

Det vil vere særdeles viktig at dei institusjonar og organisasjonar ein meiner kvalifiserer til driftstilskot, må gjevast god informasjon i god tid om søkjeprosess og søknadsfrist. Det bør vere ei open søknadsrunde der nye søkjarar kan kome til og tidlegare mottakarar kan falla ut.

Prosjekttilskot

HFK og SFFK har mange tilskotsordningar. Dei har liknande innretning og målgruppene er mykje dei same. Kva som skal vere prosjekttilskot, meiner vi må behandlast og takast politisk avgjerd på, gjerne i samband med budsjettprosessen for 2020-budsjettet.

Tilråding

Vi rår til at fylkesrådmannen foreslår rammene og kva som skal vere prosjekttilskot i samband med budsjettprosessen for 2020 slik at dei vert endeleg behandla og avgjort politisk.

Vi ser det som naturleg at rammene for prosjekttilskota vert behandla i budsjettprosessen for 2020-budsjettet, og at fylkesrådmannen i 2020 fortlaupande behandlar kriterier, vilkår og retningslinjer på dei enkelte tilskota etter kvart som dei skal lysast ut.

Behov for samkøyring og samordning av dei ulike prosjekttilskota

Som nemnd ovanfor har HFK og SFFK mange tilskotsordningar med mykje same innretning og målgrupper. Her må det gjerast eit arbeid med å få på plass dei tilskotsordningane som skal gjelde for ny Vestland fylkeskommune. Tilskotsordningane må arbeidast inn i budsjett for 2020 der dei økonomiske rammene for kvart tilskot kjem fram. Arbeidet bør vere ferdig innan utgangen av juni mnd. 2019, då budsjettprosessen for 2020 startar opp.

Forslag til framdriftsplan:

| Handling | 2018 | | 2019 | | | | | | | | | | | |
|--|------|-----|------|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|
| | nov | des | jan | feb | mar | apr | mai | jun | jul | aug | sep | okt | nov | des |
| Dritstilskot / budsjettvedtak | x | | | | | | | | | | | | | |
| Oppstart arbeidet med driftstilskot/budsjett vedtak | x | | | | | | | | | | | | | |
| Kartlegge potensielle driftstilskot HFK og SFFK | | x | | | | | | | | | | | | |
| Vurdre behov for pol. behandl. driftstilsk. i høve SFFK | | x | | | | | | | | | | | | |
| Evt. sak til politisk behandling | | x | x | | | | | | | | | | | |
| Klargjere søkeprosess - elektronisk søkn.skjema m.v. | | | x | | | | | | | | | | | |
| Kungjere søknad om driftstilskot i SFFK og HFK | | | x | | | | | | | | | | | |
| Arbeid med søknadar driftstilskot budsjett 2020 | | | | | | | x | x | | x | x | x | | |
| | | | | | | | | | | | | | | |
| Prosjekttilskot/enkeltvedtak | | | | | | | | | | | | | | |
| Oppstart arbeidet med tilskot/rammer enkeltvedtak | x | | | | | | | | | | | | | |
| Kartlegge eksisterande prosjekttilskot HFK og SFFK | | x | | | | | | | | | | | | |
| Utarbeide forslag til prosjekttilskot 2020 | | x | x | x | x | | | | | | | | | |
| Utarbeide forslag øk. rammer for prosjekttilskot 2020 | | x | x | x | x | x | | | | | | | | |
| Vurdre behov for pol. behandl. | | | | | | x | | | | | | | | |
| Evt. sak til politisk behandling | | | | | | | x | | | | | | | |
| Arbeid med søknadar prosjekttilskot budsjett 2020 | | | | | | | x | x | | x | x | x | | |
| | | | | | | | | | | | | | | |

3. RETNINGSLINER, SØKING OG SAKSBEHANDLING

a) Digital løysing for aktuelle tilskotsordningar

SFFK nyttar søknadsskjema / søknadsmodul som Sem og Stenersen har utvikla.

Hfk nyttar ei søknadsløysing utvikla i samarbeid med Evry som har ei digital skjemaløysing for alle tilskotsordningane i avdelinga og er knytt opp mot ePorte.

I samband med samanslåinga er det tidlegare bestemt at det nye Vestland fylket skal nytta ePhorte som dokumentbehandlingssystem inntil vidare. EPhorte har opsjon på å levere digital søknadsløysing med skjema.

Tilråding

Vi rår til at nye Vestland fylkeskommune nyttar ePhorte si digitale søknadsløysing for tilskotsordningane.

Vi rår vidare til at det, i samråd med dokumentsenderet og IKT, vert arbeidd med å få på plass ei saksbehandlarløysing knytt til dokumentbehandlingssystemet.

b) Forvaltning, rutinar og reglement for aktuelle tilskotsordningar

HFK nyttar ein fastlagt mal med naudsynt tilpassing til den einskilde tilskotsordningane. Så langt vi kan sjå, nyttar SFFK mykje same malen som inneheld følgjande:

1. Føremålet med ordninga
2. Målgruppe/aktuelle søkjarar.
3. Søknadsfrist og framgangsmåte.
4. Eventuelle krav til søknaden med informasjon om mogelegheit for eventuell retting og konsekvensar av manglar/manglande retting (avvising).
5. Vilkår for tildeling (krav for å kunne tildela).
6. Skjønsmessige kriteria for tildeling/utmåling.
7. Målkriteria.
8. Evaluering.
9. Krav til rapportering/rekneskap og kontroll.
10. Kva som er brot på vilkåra, med informasjon om mogelege følgjer.
11. Klageåtgang, framgangsmåte dokumentinnsyn mv.

Denne informasjonen finn ein under kvar tilskotsordning på Hfk sine heimesider.

I HFK vert søknadane så saksbehandla og lagt fram for politisk avgjerd. Kvar enkelt saksbehandlar har ansvar for si sak frå kunngjering til oppfølging av vedtak. Staben gjer det praktiske arbeidet med å sende tilsegn- og avslagsbrev til søkjarane. Det er utarbeidd egne retningsliner for saksbehandling av tilskotsaker som er å finna i HFK sin Kvalitetsportal.

SFFK har mykje same mal for oppbygginga av kvar tilskotsordning, og har også utarbeidd retningsliner for saksbehandling av tilskotsaker. I samråd med leiar vert det teke avgjerd om politisk eller administrativ handsaming. Sakshandsamar har ansvar for å følgje opp tilsegna med tilsegnbrev og utbetaling.

Både SFFK og HFK har hatt nylege revisjonar på tilskotsforvaltninga og fått retta opp i, og fått på plass gode rutinar og retningsliner for arbeidet. Det vil såleis vere eit godt fundament og grunnlag for å få på plass ein god forvaltingspraksis i nye Vestland fylkeskommune innan tilskotsarbeidet.

Tilråding

Vi rår til at fylkesrådmannen tar ansvar for arbeidet med å få på plass tilskotsordningane som skal gjelde for nye Vestland fylkeskommune. Vi ser det også som naturleg at ein samstundes tar ansvar for arbeidet med å samordne felles forvaltning, rutinar og reglement som skal gjelde generelt og for den enkelte tilskotsordning i nye Vestland fylkeskommune.

Vi rår vidare til at spørsmålet om administrativ eller politisk behandling vert å koma attende til i samband med nytt delegasjons- og fullmaktsreglement.

c) Vurdere ev. overgangsfase t.d. fleirårige kulturmidlar

Samanslåingsprosessen går svært fort, og det vil vere nødvendig med strenge prioriteringar og klare milepelar for det vidare arbeidet. Ein viktig milepele er å få på plass felles retningsliner og søkeprosess for *driftstilskot*. Frå 2020 skal budsjett for Vestland fylkeskommune vere på plass. Som tidlegare nemnd, vert det i HFK søkt om driftstilskot med frist 1. april året før. For budsjettåret 2020 vil det vere 1. april 2019.

Arbeidet med harmonisering av andre tilskot og få på plass retningsliner og søkeprosessar, vil krevje stor innsats og fokus frå dei ulike fagområda. For å få på plass dei økonomiske rammene, bør arbeidet sjåast i samband med budsjettprosessen for 2020-budsjettet, og difor vere ferdig innan utgangen av juni 2019.

Når det gjeld tilskotsmidlar som går over fleire år (*fleirårige kulturmidlar*), nyttar SFFK og HFK ulike modellar. Ei slik ordning i HFK er kulturelt utviklingsprogram (KUP-midlar). Tilskotsmidlane vert fordelt over fleire år. Tilskota vert gjeve innanfor årsramma for budsjettåret, men kan utbetalast over to til tre år. Det grunnleggjande prinsippet her, er at det er midlane i gjeldande budsjettår (for tida 6,5 mill. kr) som vert fordelt.

SFFK har utviklingavtalar med nokre organisasjonar der avtalane går over 3 år. Tilskota vert løyvd med atterhald om årleg avsetjing i neste års budsjett. Tilskotet vert løyvd på nytt kvart år.

Tilråding

Vi rår til at arbeidet med driftstilskot vert prioritert. Arbeidet bør vere ferdig i god tid før utgangen av januar 2020. då søknadsfristen er sett til 1. april 2019.

Vi rår til at arbeidet med rammene for prosjektilskot og stipendordningar m.v. startar snarast, med ferdigstilling innan utgangen av juni 2019 i samband med budsjettprosessen for 2020-budsjettet.

For tilskotsordningar med midlar som vert gjevne over fleire år (*fleirårige kulturmidlar*), rår vi til at tilskota vert gjevne innanfor årsramma for gjeldande budsjettår, men kan utbetalast over fleire år. Det grunnleggande prinsippet er at det berre er midlane innfor gjeldande budsjettår som kan fordelast.

4. POLITISK HANDSAMING

Førebu sak til fellesnemnda.

Som tidlegare nemnd, er det mykje arbeid som må gjerast for å få på plass både organisasjon og eit stort verkemiddelregime som tilskot utgjer. Det vil vere behov for større diskusjonar kring bruken av tilskot innan dei ulike fagområda, og her treng ein også å få på plass relevant statistikk og faktainformasjon kring bruken av tilskotsmidlane. Vi ser det vanskeleg og lite realistisk, ut frå tida vi har til rådvelde, volum og breidde i tilskotsordningane, å få fram større politiske saker kring framtidig verkemiddelregime for nye Vestland fylkeskommune før 2020.

Vi har valt ei meir pragmatisk tilnærming og tilrådingar til løysingar for 2020, og lagt til grunn eit framhald av eksisterande tilskotsordningar, men der ein byggjer saman dei ulike ordningane fylka har, slik at ein får på plass dei økonomiske rammene, ei forsvarleg administrativ handtering og tenelege ordningar for kultur- og idrettslivet i 2020.

Tilråding

Vi rår til at det vert laga ei sak til Fellesnemnda som byggjer på dei tilrådingane som er lagt fram i dette dokumentet, og at ein frå 2020 vil koma attende med større politiske saker og forslag til verkemiddelregime innan fagområda kultur, idrett og inkludering.

Samandrag – bestilling frå DPO 3.1 – Tilskotsordningar regionale organisasjonar og institusjonar

På bakgrunn av kartlegginga i DPO 3.1 var bestilling til arbeidsgruppa at følgjande innan tilskotsordningane på kultur- og idrettsområdet i Vestland fylkeskommune skulle avklarast.

1. *Oversikt:*
Oversikt over korleis a). Tilskot til drift av institusjonar og organisasjonar, og b). Prosjekttilskot vert gjort i dag i dei to fylkeskommunane (kva ordningar, søking og saksbehandling inkl. avgjerdsprosessar/budsjettvedtak og einskildvedtak).
2. *Framtidige tilskotsordningar/Samordning*
Utarbeide eitt (ev fleire) forslag til korleis dette kan samordnast og gjerast i Vestland fylkeskommune.
3. *Retningsliner, søking og saksbehandlarsystem.*
 - a. *Digital løysing for aktuelle tilskotsordningar (framgangsmåte og fristar)*
 - b. *Forvaltning, rutinar og reglement for tilskot (framgangsmåte og fristar).*
 - c. *Vurdere ev. overgangsfase t.d. fleirårige kulturmidlar*
4. *Politisk handsaming*
Førebu sak til fellesnemnda.

Til pkt. 1:

Det er utarbeidd oversiktar over tilskotsordningar, beskriving av prosessar for søking og saksbehandling inkl. avgjerdsprosessar/budsjettvedtak og einskildvedtak i hovudbestillinga om tilskot.

Til pkt. 2:

Mandat: Utarbeide eitt (ev fleire) forslag til korleis dette kan samordnast og gjerast i Vestland fylkeskommune.

Vi har sett på følgjande moment som treng utgreiing og avklåring:

- Avgjerdsmynde, - administrativt og/eller politisk vedtak
- Driftstilskot eller prosjekttilskot?
- Behov for samkøying og samordning av dei ulike prosjekttilskota

Følgjande forslag er utarbeid til framtidige tilskotsordningar og korleis dette kan samordnast og gjerast i Vestland fylkeskommune:

Avgjerdsmynde

Hordaland og Sogn- og Fjordane har ulik ordning på avgjerdsmynde for tilskot.

Tilråding

Vi rår til at dette spørsmålet vert utsett til ein har arbeidd seg gjennom og fått på plass kva tilskotsordningar Vestlandet fylkeskommune skal ha på kultur- og idrettsområdet. Dette vil også vere tema når nytt delegasjons- og fullmaktsreglement vert utarbeidd.

Driftstilskot eller prosjekttilskot?

Driftstilskot

Her er det ulik praksis. Samla har HFK om lag 120 institusjonar, lag og organisasjonar i budsjettvedtaket. SFFK vedtek rammene innan dei ulike tilskotsordningane i budsjettvedtaket.

I Sogn- og Fjordane vert kulturorganisasjonar/større tiltak løyvd som enkeltvedtak i dag.

Driftstilskot vert løyvd som enkeltvedtak etter søknad i mars. Dette medfører at organisasjonane ikkje får vedtak og utbetaling av midlane før på vårparten i inneverande år. Ved søknadsfrist året før og vedtak i

budsjettet i desember, vil tilskotet vere meir føreseieleg for den enkelte organisasjon og dei vil meir kunne innrette sin aktivitet etter kor mykje fylkeskommunale midlar dei vil få.

Tilråding

Vi rår til at nye Vestland fylkeskommune set av driftsmidlar i budsjettet. Institusjonar, lag og organisasjonar vert lagt inn som budsjettvedtak saman med HFK sine som i dag ligg inne i budsjettet.

Vi rår til at søknadsfrist vert sett til 1. april kvart år og gjeld for påfølgjande budsjettår.

Det vil vere særdeles viktig at dei institusjonar og organisasjonar ein meiner kvalifiserer til driftstilskot, må gjevast god informasjon i god tid om søkje prosess og søknadsfrist. Det bør vere ei open søknadsrunde der nye søkjarar kan kome til og tidlegare mottakarar kan falla ut.

Prosjekttilskot

HFK og SFFK har mange tilskotsordningar. Dei har liknande innretning og målgruppene er mykje dei same. Kva som skal vere prosjekttilskot, meiner vi må behandlast og takast politisk avgjerd på, gjerne i samband med budsjettprosessen for 2020-budsjettet.

Tilråding

Vi rår til at fylkesrådmannen foreslår rammene og kva som skal vere prosjekttilskot i samband med budsjettprosessen for 2020 slik at dei vert endeleg behandla og avgjort politisk.

Vi ser det som naturleg at rammene for prosjekttilskota vert behandla i budsjettprosessen for 2020-budsjettet, og at fylkesrådmannen i 2020 fortlaupande behandlar kriteria, vilkår og retningslinjer på dei enkelte tilskota etter kvart som dei skal lysast ut.

Behov for samkøying og samordning av dei ulike prosjekttilskota

Tilråding

HFK og SFFK har mange tilskotsordningar med mykje same innretning og målgrupper. Her må det snarast gjerast eit arbeid med å få på plass dei tilskotsordningane som skal gjelde for ny Vestland fylkeskommune. Målet må vere at aktuelle tilskotsordningar vert arbeidd inn i budsjett for 2020 der dei økonomiske rammene for kvart tilskot kjem fram. Arbeidet bør vere ferdig innan utgangen av juni mnd. 2019, og må sjåast i samband med budsjettprosessen for 2020.

Forslag til framdriftsplan

| Handling | 2018 | | 2019 | | | | | | | | | | | 2020 | |
|---|------|-----|------|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|------|-----|
| | nov | des | jan | feb | mar | apr | mai | jun | jul | aug | sep | okt | nov | des | jan |
| Dritstilskot / budsjettvedtak | x | | | | | | | | | | | | | | |
| Oppstart arbeidet med driftstilskot/budsjett vedtak | x | | | | | | | | | | | | | | |
| Kartlegge potensielle driftstilskot HFK og SFFK | | x | | | | | | | | | | | | | |
| Vurdre behov for pol. behandl. driftstilsk. i høve SFFK | | x | | | | | | | | | | | | | |
| Evt. sak til politisk behandling | | x | x | | | | | | | | | | | | |
| Klargjere søkeprosess - elektronisk søkn.skjema m.v. | | | x | | | | | | | | | | | | |
| Kungjere søknad om driftstilskot i SFFK og HFK | | | x | | | | | | | | | | | | |
| Arbeid med søknadar driftstilskot budsjett 2020 | | | | | | | | x | x | | x | x | x | | |
| | | | | | | | | | | | | | | | |
| Prosjekttilskot/enkeltvedtak | | | | | | | | | | | | | | | |
| Oppstart arbeidet med tilskot/rammer enkeltvedtak | x | | | | | | | | | | | | | | |
| Kartlegge eksisterande prosjekttilskot HFK og SFFK | | x | | | | | | | | | | | | | |
| Utarbeide forslag til prosjekttilskot 2020 | | x | x | x | x | | | | | | | | | | |
| Utarbeide forslag øk. rammer for prosjekttilskot 2020 | | x | x | x | x | x | | | | | | | | | |
| Vurdre behov for pol. behandl. | | | | | | x | | | | | | | | | |
| Evt. sak til politisk behandling | | | | | | | x | | | | | | | | |
| Arbeid med søknadar prosjekttilskot budsjett 2020 | | | | | | | | x | x | | x | x | x | | |

Til pkt. 3:

Retningslinjer, søking og saksbehandlarsystem.

- a. *Digital løysing for aktuelle tilskotsordningar (framgangsmåte og fristar)*
- b. *Forvaltning, rutinar og reglement for tilskot (framgangsmåte og fristar).*
- c. *Vurdere ev. overgangsfase t.d. fleirårige kulturmidlar*

a) Digital løysing for aktuelle tilskotsordningar

Tilråding

Vi rår til at nye Vestland fylkeskommune nyttar ePhorte si digitale søknadsløysing for tilskotsordningane.

Vi rår vidare til at det, i samråd med dokumentserveret og IKT, vert arbeidd med å få på plass ei saksbehandlarløysing knytt til dokumentbehandlingsystemet.

b) Forvaltning, rutinar og reglement for aktuelle tilskotsordningar

SFFK og HFK har begge hatt nylege revisjonar på tilskotsforvaltninga og fått retta opp i, og fått på plass gode rutinar og retningslinjer for arbeidet. Det vil såleis vere eit godt fundament og grunnlag for å få på plass ein god forvaltingspraksis i nye Vestland fylkeskommune innan tilskotsarbeidet.

Tilråding

Vi rår til at fylkesrådmannen tar ansvar for arbeidet med å få på plass tilskotsordningane som skal gjelde for nye Vestland fylkeskommune. Vi ser det også som naturleg at ein samstundes tar ansvar for arbeidet med å samordne felles forvaltning, rutinar og reglement som skal gjelde generelt og for den enkelte tilskotsordning i nye Vestland fylkeskommune.

Vi rår vidare til at spørsmålet om administrativ eller politisk behandling vert å koma attende til i samband med nytt delegasjons- og fullmaktsreglement.

c) Vurdere ev. overgangsfase t.d. fleirårige kulturmidlar

Samanslåingsprosessen går svært fort, og det vil vere nødvendig med strenge prioriteringar og klare milepelar for det vidare arbeidet. Ein viktig milepele er å få på plass felles retningslinjer og søkeprosess for *driftstilskot*. Frå 2020 skal budsjett for Vestland fylkeskommune vere på plass. Som tidlegare nemnd, vert det i HFK søkt om driftstilskot med frist 1. april året før. For budsjettåret 2020 vil det vere 1. april 2019.

Arbeidet med harmonisering av andre tilskot og få på plass retningslinjer og søkeprosessar, vil krevje stor innsats og fokus frå dei ulike fagområda. For å få på plass dei økonomiske rammene, bør arbeidet sjåast i samband med budsjettprosessen for 2020-budsjettet, og difor vere ferdig innan utgangen av juni 2019.

Tilråding

Vi rår til at arbeidet med driftstilskot vert prioritert. Dette bør vere ferdig i god tid før budsjettarbeidet for budsjett 2020 startar opp, då søknadsfristen for driftstilskot er sett til 1. april 2019.

Vi rår til at arbeidet med rammene for prosjekttilskot og stipendordningar m.v. startar snarast, med ferdigstilling innan utgangen av juni 2019, og sett i samband med budsjettprosessen for 2020-budsjettet.

For tilskotsordningar med midlar som vert gjevne over fleire år (*fleirårige kulturmidlar*), rår vi til at tilskota vert gjevne innanfor årsramma for gjeldande budsjettår, men kan utbetalast over fleire år. Det grunnleggjande prinsippet er at det berre er midlane innfor gjeldande budsjettår som kan fordelast.

Til pkt. 4:

Politisk handsaming

Førebu sak til fellesnemnda.

Det er mykje arbeid som må gjerast for å få på plass både organisasjon og eit stort verkemiddelregime som tilskot utgjer. Det vil vere behov for større diskusjonar kring bruken av tilskot innan dei ulike fagområda, og her treng ein også å få på plass relevant statistikk og faktainformasjon kring bruken av tilskotsmidlane. Vi ser det vanskeleg og lite realistisk, ut frå tida vi har til rådvelde, volum og breidde i tilskotsordningane, å få fram større politiske saker kring framtidig verkemiddelregime for nye Vestland fylkeskommune før 2020.

Vi har valt ei meir pragmatisk tilnærming og tilrådingar til løysingar for 2020, og lagt til grunn eit framhald av eksisterande tilskotsordningar, men der ein byggjer saman dei ulike ordningane fylka har, slik at ein får på plass dei økonomiske rammene, ei forsvarleg administrativ handtering og tenelege ordningar for kultur- og idrettslivet i 2020.

Tilråding

Vi rår til at det vert laga ei sak til Fellesnemnda som byggjer på dei tilrådingane som er lagt fram i dette dokumentet, og at ein frå 2020 vil koma attende med større politiske saker og forslag til verkemiddelregime innan fagområda kultur, idrett og inkludering.

Arkivnr: 2019/1446-1
Saksbehandlar: Nils Vetlesand, Hordaland
Saksbehandlar: Astrid Lernes, Sogn og Fjordane

Saksframlegg**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--------------|--------|------------|
| Fellesnemnda | 13/19 | 14.02.2019 |

Budsjett 2020 / økonomiplan 2020- 2023 - Arbeidsdokument 1/19**Samandrag**

Saka er eit utgangspunkt for arbeidet med budsjett for 2020 og økonomiplan 2019- 2022 for nye Vestland fylkeskommune. I saka vert desse delane ved arbeidet gjennomgått;

- Roller, ansvar og arbeidsmetode
- Storleik budsjett 2020 og storleik økonomiplan 2020- 2023 for Vestland fylkeskommune
- Skisserte utfordringar knyt til økonomisk situasjon
- Nytt inntektssystem frå 2020
- Neste møte i fellesnemnda som finansutval

Prosjektlear rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Fellesnemnda tek informasjonen om rollar, prosess og praktisk arbeidsmetode til orientering.
2. Fellesnemnda legg det samanslegne driftsbudsjettet etter KOSTRA-funksjonar til grunn for det vidare arbeidet. Dette er førebels grunna vidare avklaringar rundt organisering.
3. Fellesnemnda legg den samla ramma for investeringsbudsjett 2020-2022 til grunn for vidare arbeid. Det samla investeringsnivået vert vurdert nærare i arbeidsdokument 2/19 neste møte.
4. Fellesnemnda sluttar seg til dei førebelse rammene for drift og investering i 2023 og desse rammene vert lagt til grunn for det vidare arbeidet.
5. Fellesnemnda tek informasjonen om val av løyingsnivå og nøkkeltal til orientering.
6. Fellesnemnda tek dei skisserte utfordringane for Vestland fylkeskommune til orientering.
7. Fellesnemnda tek punktet om prioriteringar og strategiske vegval til orientering.
8. Fellesnemnda tek informasjonen om nytt inntektssystem og førebelse utslag for Vestland fylkeskommune til orientering.

Rune Haugsdal
prosjektleder

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Prosjektleiar, 05.02.2019

BAKGRUNN

I dette første møtet til Fellesnemnda i rolla som finansutval ligg det til grunn både munnlege presentasjonar og eit arbeidsdokument til handsaming. Agenda for møte er:

- Prosessen for budsjett 2020/økonomiplan 2020-23
 - o Roller og ansvar
 - o Praktisk arbeidsmetode
- Budsjettstorleikar for Vestland fylkeskommune
 - o Driftsbudsjettet etter Kostrafunksjonar
 - o Investeringsbudsjett pr. sektor
 - o Hovudinnretting økonomiplan SFFK og HFK – fakta og utfordringar
 - o Rullering av økonomiplanen til 2023
 - o Nøkkeltal
- Utfordringar knytt til driftsbudsjettet
- Benchmark VLFK – Kostra-samanlikning

PROSESSEN FOR BUDSJETT 2020/ØKONOMIPLAN 2020-23

I dette kapitelet vert roller, ansvar og praktisk arbeidsmetode som følgjer ordninga med finansutval presentert. Prosjektleiar vil i tillegg utdjupe dette i ein eigen presentasjon.

Roller og ansvar

Hovudmålet med bruk av finansutvalsmodellen er å sikre større politisk involvering og bidra til at det politiske nivået får større eigarskap til budsjettet som styringsverktøy. Gjennom dette sikrar ein eit betre grunnlag for prioriteringane som må gjerast for å få samsvar mellom fylkeskommunal aktivitet og økonomiske rammeføresetnader.

I denne modellen er det politikarane sjølve (finansutvalet) – og ikkje fylkesrådmannen - som utarbeidar og legg ut framlegg til budsjett og økonomiplan som grunnlag for politisk slutthandsaming.

Dette gjer at sjølve prosessen får ei meir sentral rolle i budsjettarbeidet, og at innhaldet i budsjettet vert eit resultat av denne prosessen. Det er viktig at prosessen vert gjennomført etter intensjonane for å sikre at finansutvalet skal kunne stå inne for det framlegget som skal opp til politisk slutthandsaming i november/desember.

Finansutvalsmodellen vil også sikre ein opnare prosess både mot det politiske miljøet og mot brukarane av fylkeskommunale tenester. Alle partar vil ha lik tilgang på informasjon undervegs i prosessen og dette vil gjere det lettare å kome med innspel og delta aktivt.

Det er viktig å ha med seg at ei slik demokratisering av prosessen har sin pris i form av *auka ressursbruk*. Prosess og deltaking vil krevje meir av dei involverte partane. Skal finansutvals-modellen gje ein meirverdi, er det viktig at både politisk nivå og administrasjon er bevisste på sine rollar og sitt ansvar.

Administrasjonen ved prosjektleiar skal fungere som sekretariat overfor fellesnemnda som finansutvalet. Prosjektleiar har ansvar for å halde politisk nivå oppdatert på relevante saker og utarbeide gode avgjerdsgrunnlag for prosessvedtaka. Gjennom dette arbeidet må det vere ein god dialog med Fellesnemnda som finansutval for mellom anna å sikre at «rette» problemstillingar vert utgreia. Fellesnemnda som finansutval må på si side sikre forankring og framdrift ved å gjere naudsynte prosessvedtak og forhalde seg aktivt til presentert materiale. Dei må også ta stilling til kva materiale dei ynskjer presentert/utgreidd gjennom å gjere politiske «bestillingar» til prosjektleiar.

I neste punkt vil vi kort presentere arbeidsmetoden og dei ulike verkemidla som ligg i denne.

Praktisk arbeidsmetode

Møteplan

Fellesnemnda har vedteke ein eigen møtekalender for budsjettprosessen med ei tilhøyrande skisse for sentrale tema på det enkelte møte, jf. vedlegg 1. Agendaen tek omsyn til regjeringa si framlegging av kommuneproposisjon i mai og statsbudsjettet i oktober. Begge desse dokumenta gjev sentrale rammeføresetnader for budsjettutarbeidinga.

Arbeidsdokument

Til møta der fellesnemnda har rolla som finansutval vert det som hovudregel sendt ut «Arbeidsdokument» ei veke før sjølve møtet. Arbeidsdokumentet fungerer som saksgrunnlag og gjev politikarane høve til å setje seg inn i dei tema som skal takast opp/drøftast i møtet.

Arbeidsdokumenta har i grove trekk slik oppbygging:

1. Aktuelle saker i dette arbeidsdokumentet – stikkordsform
2. Gjennomgang av sakene – med tilråding til vedtak
3. Oppsummering – med salderingsbalanse etter tilrådde vedtak
4. Aktuelle saker i neste møte

Vedtaksformer

I arbeidsdokumenta vert det i hovudsak nytta to presentasjons- og vedtaksmetodar:

- Orienteringar politikarane vert inviterte til å ta til orientering/vitande
- Utgreiingar/problemstillingar der politikarane vert inviterte til å gjere prosessvedtak

I orienteringspunkta tek prosjektleiar opp saker som på ein eller annan måte påverkar fylkeskommunen sine økonomiske rammeføresetnader. Dette er saker som det såleis må takast omsyn til i den vidare budsjettprosessen, men som ikkje politikarane sjølve kan vedta utfallet av. Eksempel på slike orienteringssaker kan vere nye statlege pålegg, utvikling i skatteinntekter og utvikling i rentenivået.

I andre punkt kan prosjektleiar legge fram utgreiingar/problemstillingar som politikarane må ta aktivt stilling til. Dette kan vere strategival, prioriteringar og konkrete tiltak eller problemstillingar knytt til sjølve gjennomføringa av prosessen. Eksempel på slike saker kan vere val av satsingsområde, fastsetting av sektorrammer og prioritering av investeringstiltak.

Fellesnemnda som finansutval må votere over dei tilrådingane som ligg føre frå prosjektleiar i arbeidsdokumenta, og det må voterast over ev. endrings-/tilleggsframlegg som vert fremma i møtet. Det er dei tilrådingane/framlegga som får fleirtal som prosjektleiar tek med seg vidare i budsjett-/økonomiplanprosessen. Dersom røystene står likt er møteleiar si røyst avgjerande. Ev. endrings-/tilleggsframlegg skal fremjast skriftleg i møtet.

Felles for alle vedtaka som vert gjort av Fellesnemnda som finansutval er at dei er prosessvedtak. Det vil seia at vedtaka vert gjort med den kunnskapen ein har på det aktuelle tidspunktet i prosessen, og at vedtaka berre gjeld fram til fellesnemnda som finansutvalet sjølv endrar dei. Vedtaka vert først bindande når fellesnemnda som finansutvalet gjer vedtak om å legge ut sitt framlegg til budsjett/økonomiplan for politisk slutthandsaming.

Presentasjonar

I enkelte høve nyttar prosjektleiar presentasjonar i staden for arbeidsdokument som kommunikasjonsform. Dette skjer som oftast når det er kort tid mellom tilgangen på informasjon og møte i Fellesnemnda som finansutval. Eit eksempel på slike situasjonar kan vere framlegging av kommuneproposisjon og framlegging av statsbudsjettet.

Det kan også vere aktuelt å nytte presentasjonar som supplement til arbeidsdokument når det er komplekse problemstillingar som skal presenterast.

Politiske bestillingar

I arbeidsdokumenta og/eller i finansutvalsmøta vert det opna for å kome med politiske bestillingar til prosjektleiar. Dette kan vere utgreiing av ei ny problemstilling eller utfyllande informasjon om/vidare utgreiing av alt presenterte saker. Dette er eit interaktivt verktøy som gjev politikarane høve til å sjølve vere med å setje dagsorden på finansutvalsmøta. Prosjektleiar vil kome attende med svar i eit påfølgjande arbeidsdokument.

Ved å legge politiske bestillingar inn som ein del av finansutvalsmodellen sikrar ein at alle partane i budsjettarbeidet får høve til å kome med framlegg til aktuelle utgreiingar og at alle får lik tilgang til resultatet av vedtekne bestillingar. Slike bestillingar kan fort bli ressurskrevjande. Det er difor viktig at både behov og omfang er nøye vurdert før bestillingane vert framsette/vedtekne.

Møtebok/protokoll

Alle vedtak som fellesnemnda som finansutval gjer ved handsaming av arbeidsdokumentet vert protokollert i møteboka. Når det i Vestland fylkeskommune vert eit eige finansutval vil det vere naturleg at det vert ført ei eiga møtebok frå desse møta. Godkjenning av møteboka må følgje vanlege godkjenningsprosedyrar.

Tilråding

Fellesnemnda tek informasjonen om rollar, prosess og praktisk arbeidsmetode for finansutvalet i Vestland fylkeskommune til orientering.

SAMLA BUDSJETT/ØKONOMIPLAN FOR VESTLAND FYLKESKOMMUNE

I tillegg til det som vert presentert i dokumentet, vil prosjektleiar i møtet utdjupe dei samanstilte budsjetta for dei to fylkeskommunane for 2019, samt økonomiske utfordringar for 2020.

Driftsbudsjettet for Vestland – samanslege etter KOSTRA-funksjonar

Prosjektleiaren har gjort ei første samanstilling av dei to vedtekne økonomiplanane til Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar. For å finne ei felles inndeling er det nytta KOSTRA-funksjonar som grunnlag. Det er førebels gjort ei enkel inndeling i sektorar, og prosjektleiaren vil førebels presentere budsjettala på overordna nivå.

Med denne inndelinga ser *nettobudsjettet* til Vestland fylkeskommune slik ut:

| Vestland FK | KOSTRA-funksjon | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|----------------------------------|------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| Forvaltning | 400-499 | 844 724 | 788 739 | 791 394 | 788 739 |
| Opplæring | 500-599 | 3 513 118 | 3 438 735 | 3 423 735 | 3 423 735 |
| Tannhelse | 600-699 | 278 186 | 275 186 | 275 186 | 275 186 |
| Regional/næring | 700-716 | 223 924 | 172 787 | 172 787 | 172 787 |
| Samferdsle | 722-734 | 3 218 244 | 3 235 377 | 3 203 377 | 3 178 377 |
| Kultur | 740-799 | 291 222 | 282 122 | 282 122 | 282 122 |
| Sum sektornivå | | 8 369 418 | 8 192 946 | 8 148 601 | 8 120 946 |
| Felles inntekter/utgifter | 710-711,800-899 | -8 369 418 | -8 192 946 | -8 148 601 | -8 120 946 |

Prosjektleiar vil presisere at dette er ei førebels inndeling. Ei justering av fordelinga på sektorar vert å kome attende til når ansvarsområde og organisering på sektornivå er kome fullstendig på plass. Beløpa er i faste 2019-kroner. Dei samanslegne økonomiplanane er salderte slik:

- Bruk av fond
- Innsparingskrav på samferdslesektoren som ikkje er fordelt/spesifisert
- Innsparingskrav på fellesinntekter og -utgifter

Samla utgjer dette ein ubalanse på 375-400 mill. kr i 2020. Ubalansen aukar i økonomiplanperioden. Prosjektleiaren ser at det vert ei stor utfordring å løyse denne ubalansen i budsjettarbeidet framover. Dei

økonomiske utfordringane i Vestland fylkeskommune vert nærare omtala i pkt. 3.1 der det går fram at salderingsutfordringa er så stor at den vil krevje monalege driftstilpassingar. Prosjektleiaren legg til grunn at det må gjennomførast ein kombinasjon av driftsreduksjonar og auke i inntektene.

Tilråding

Fellesnemnda som finansutval legg det samanslege driftsbudsjettet for Vestland etter KOSTRA-funksjonar for åra 2020-2022 til grunn for det vidare arbeidet. Dette er ei førebels inndeling i sektorar, som vert justert i tråd med avklaringar knytt til m.a. organisering i den nye fylkeskommunen.

Investeringsbudsjett 2019-2022 – sortert etter sektor

Prosjektlear vil gjennomgå investeringsbudsjettet for Vestland fylkeskommune i møte 13.mars. Det vert no presentert tal per sektor. Utgangspunktet er dei to vedtekne økonomiplanane til Hordaland og Sogn og Fjordane. Nivået på investeringane med tilhøyrande finansiering er vesentleg for driftsbudsjettet, då kapitalutgiftene påverkar driftsutgiftene i stor grad. Tala vert presentert i faste 2019-kroner. Samla investeringsbudsjett for Vestland fylkeskommune er som følgjer:

| Sektor (tal i 1000kr) | Sum i perioden | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|-------------------------------|-------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
| Forvaltning/fellesfunksjonar | 230 440 | 107 640 | 51 600 | 35 600 | 35 600 |
| Opplæring | 3 701 661 | 771 600 | 939 261 | 976 400 | 1 014 400 |
| Tannhelse | 99 000 | 37 000 | 19 000 | 19 000 | 24 000 |
| Kultur | 173 300 | 7 300 | 73 000 | 60 000 | 33 000 |
| Samferdsle (veg og kollektiv) | 17 586 759 | 4 254 859 | 4 997 500 | 4 812 600 | 3 521 800 |
| Sum | 21 791 160 | 5 178 399 | 6 080 361 | 5 903 600 | 4 628 800 |

I tillegg til dette kjem vedteken investering til nytt fylkeshus i Bergen sentrum på 951 mill. kr som ikkje er lagt inn i investeringsbudsjettet enno, då det ikkje er avklart om utbygginga skal skje i eigen regi eller gjennom eit eige aksjeselskap.

Prosjektlear si førebelse vurdering er at det samla investeringsbudsjettet i perioden 2019-2022 er svært ambisiøst. Enkeltelementa i investeringsbudsjettet og tilhøyrande finansieringskjelder vert nærare presentert til neste møte i finansutvalet 13.mars.

Tilråding

Fellesnemnda som finansutval legg den samla ramma for investeringsbudsjett 2020-2022 til grunn for vidare arbeid. Det samla investeringsnivået vert vurdert nærare i arbeidsdokument 2/19.

Rullering av økonomiplanen til 2023

2023 kjem inn som eit nytt år i arbeid med økonomiplan for Vestland fylkeskommune. Prosjektlear har rullert drifts- og investeringsbudsjetta med bakgrunn i føresetnadane som ligg i økonomiplanane til Hordaland og Sogn og Fjordane. Det er gjennomgåande lagt til grunn tal i faste 2019-kroner. Prosjektlear vil kort gjere greie for kva føresetnader som er lagt til grunn for fastsetting av rammene for 2023.

Drift

Hordaland

Nivået i 2022 er førebels vidareført til 2023.

Sogn og Fjordane

Hovudtilnærminga er at drifts- og inntektsnivået for 2022 er vidareført- justert for kjente tidsavgrensa løyvingar/sluttførte tiltak. Det er mellom anna lagt inn forventningar om ferjeavløysingsmidlar på 20,2 mill. kr

i 2023. Vidare er nivået på kapitalutgiftene justert i tråd med auka låneopptak knytt til dei investeringane som er starta opp før 2023.

Rullering til 2023 kan framstillast slik:

| Vestland FK | KOSTRA-funksjon | 2023 |
|----------------------------------|------------------------|-------------------|
| Forvaltning | 400-499 | 789 406 |
| Opplæring | 500-599 | 3 423 735 |
| Tannhelse | 600-699 | 275 186 |
| Regional/næring | 700-716 | 172 787 |
| Samferdsle | 722-734 | 3 178 377 |
| Kultur | 740-799 | 282 122 |
| Sum sektornivå | | 8 121 613 |
| Felles inntekter/utgifter | 710-711,800-899 | -8 121 613 |

Den tekniske rulleringa syner ein stor ubalanse mellom inntekter og utgifter. Samla for Vestland er ubalansen på opp mot 500 mill. kr. Dette skuldast ei saldering av økonomiplanen i Sogn og Fjordane der ein manglar 147 mill. kr. Dette er førebels lagt som eit innsparingskrav på fellesinntekter/utgifter. Vidare har Hordaland eit innsparingskrav på omlag 350 mill. kr. Dette er plassert både ufordelt på samferdsel, samt på fellesinntekter/utgifter. Prosjektleiari vil presentere den store utfordringa nærare i neste arbeidsdokument.

Investering

Hordaland

Det er lagt opp til vidareføring av løyvingane i tråd med forventta framdrift for vedtekne oppstarta prosjekt. Det er ikkje teke med nye prosjekt i 2023 utover det som ligg i vedteken skulebruksplan.

Sogn og Fjordane

Det er lagt opp til ei vidareføring av sekkepostløyvingane på bygg og veg frå 2022 til 2023. Det er vidare lagt inn løyvingar i tråd framdriftsplan for dei prosjekta som er vedtekne og planlagt oppstarta før 2023. Dette gjeld Førde vgs, Svelgen-Indrehus, Førdepakken og Atløysambandet.

Rulleringa medfører at det ligg til grunn følgjande tal for drift- og investeringsbudsjett for Vestland fylkeskommune i 2023:

| Sektor | 2023 |
|-------------------------------|------------------|
| Forvaltning/fellesfunksjonar | 35 600 |
| Opplæring | 829 400 |
| Tannhelse | 24 000 |
| Kultur | 3 000 |
| Samferdsle (veg og kollektiv) | 3 072 500 |
| Sum | 3 964 500 |

Tilråding

Fellesnemnda som finansutval sluttar seg til dei førebelse rammene for drift og investering i 2023 og desse rammene vert lagt til grunn for det vidare arbeidet.

Val av løyvingnivå

Når vi no har slått saman dei to eksisterande økonomiplanane og etablert eit felles økonomisk utgangspunkt, vert neste steg å få etablert kva nivå fylkestinget skal vedta løyvingar på. Det er dette løyvingnivået som vert utgangspunkt for politisk diskusjon og prioritering. Det vert også dette nivået som vert utgangspunkt når det skal takast stilling til budsjettfullmakter.

Det er ulike tilnærmingar som vert vurdert. Ein modell er føremålsbaserte løyvingar. Her kan t.d KOSTRA nyttast som inndeling. Då vedtek fylkestinget ei løyving til eit bestemt føremål utan å fastsette kor i organisasjonen denne løyvinga skal effektuerast. Ein annan modell er verksemdbaserte løyvingar, der fylkestinget også vedtek kva stad i organisasjonen som skal nytte tildelt løyving.

Prosjektlear vil med dette punktet varsle om at det vert jobba med denne problemstillinga, og vil kome attende med ei tilråding når dette er klart.

Nøkkeltal

Prosjektlear vil tilrå at det i løpet av budsjettprosessen for 2020 bør etablerast nøkkeltal med tilhøyrande måltal som er styrande for dei økonomiske prioriteringane i Vestland fylkeskommune. I dette arbeidsdokumentet vert aktuelle nøkkeltal kort omtala.

Prosjektlear viser i utgangspunktet til KS sin modell for å få fram fylkeskommunane sin økonomiske handlefridom ved hjelp av dei tre nøkkeltala gjeldsgrad, netto driftsresultat og storleiken på disposisjonsfond. Ved bruk av karakterskala frå 1 til 3 på kvart nøkkeltal får ein fram om fylkeskommunen har avgrensa, middels eller god handlefridom. Som det vil vera kjent for mange, kom Sogn og Fjordane og Hordaland ut i kvar sin ende av denne skalaen i både 2016 og 2017.

I gjeldande budsjett/økonomiplanar er det presentert nokre nøkkeltal for å sjå på utviklinga i økonomiplanperioden. I Hordaland fylkeskommune er dette faktorar som gjeldsgrad, storleik på lånegjelda, storleik på årlege låneopptak, rente- og avdragsutgifter, storleik på frie inntekter og netto driftsresultat. I Sogn og Fjordane fylkeskommune er det netto driftsresultat, gjeldsgrad, rente- og avdragsbelastning og disposisjonsfond som er presentert. Utviklinga i desse nøkkeltala i økonomiplanperioden viser i kva retning økonomien går, i tillegg til at dei samla gjev ein god peikepinn på om ein er på rett kurs.

Prosjektlear vil koma attende til forslag om kva nøkkeltal som skal nyttast og kva styringsnivå som skal leggjast til grunn. Prosjektlear meiner KS sin modell er god og at desse kan vera eit utgangspunkt for utarbeidinga av nøkkeltal for Vestland fylkeskommune.

Tilråding

Fellesnemnda som finansutval tek informasjonen i pkt. 2.4 val av løyvingnivå og i pkt. 2.5 nøkkeltal til orientering.

UTFORDRINGAR KNYTT TIL DRIFTSNIVÅET

Økonomiske utfordringar for Vestland fylkeskommune

I dette arbeidsdokumentet har vi danna eit felles økonomisk utgangspunkt for budsjettarbeidet i Vestland fylkeskommune ved å slå saman dei to fylkeskommunane sine vedtekne budsjett og økonomiplanar. Denne plattformen gjev ein peikepinn på den komande økonomiske stoda for Vestland fylkeskommune.

Tabellen i pkt. 2.1 viser reduksjon i driftsrammene på om lag 175 mill. kr frå 2019 til 2020. I og med at økonomiplanen for Hordaland fylkeskommune meir var å rekna som ei skisse enn ein reelt saldert økonomiplan kjem ikkje heile salderingsutfordringa ein står overfor fram i tabellen. Eksempelvis går det av tabellen fram at budsjettnivået for samferdselsektoren aukar med 17 mill. kr frå 2019 til 2020 medan det reelle behovet innanfor sektoren er monaleg større.

Den samla salderingsutfordringa i 2020 er i storleiken 375-400 mill. kr. Det alt vesentlege av dette gjeld samferdselssektoren med effekten av nye ferjekontraktar i Hordaland, nye bussanbod i Bergen og overgang til elektrisk drift av busstilbodet i delar av Bergen. Det høge investeringsnivået med veksande lånegjeld for Vestland fylkeskommune gjer at også kapitalutgiftene aukar.

I økonomiplanen for Hordaland fylkeskommune – utarbeidd i samband med budsjettet for 2019 – er det lagt opp til å dekke inn delar av den økonomiske ubalansen ved å redusere sektorrammene. Dette vil krevje

iverksetjing av monalege innsparings- og effektiviseringstiltak på sektornivå. Utfordringa vert å ha realistiske og gjennomførbare tiltak slik at kostnadsnivået reelt vert tilpassa tilgjengelege rammer.

I tillegg er det i økonomiplanen for Hordaland forslag om å nytte fondsmidlar for å dekke inn den særlege auken i driftsnivået i 2020. Sjølv med til dels monalege reduksjonar i driftsrammene og bruk av fond i 2020 står ein att med ein usaldert sum på om lag 150 mill. kr.

Det er mange ukjende faktorar i økonomiplanarbeidet. I løpet av 2019 kjem ein sentral faktor på plass i og med at regjeringa i Kommuneproposisjonen i mai presenterer det nye inntektssystemet for dei 11 fylkeskommunane som startar drifta frå 2020. Kva utslag systemet vil få for Vestland fylkeskommune er difor enno ukjent. Først etter mai 2019 vil ein ha noko sikrere haldepunkt om totaløkonomien for Vestland fylkeskommune.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har sendt forslag til nytt inntektssystem på høyring, med høyringsfrist 8.3.2019, ref. anna sak til fellesnemnda med forslag til fråsegn.

Utvikling i inntektene

Skatt og rammetilskot – frie inntekter – er den største og mest sentrale inntektsposten i fylkeskommunen sitt budsjett. I Vestland fylkeskommune utgjør dei frie inntektene ein stor del av dei samla inntektene. Utforminga av fordelingsmodellane i inntektssystemet har difor stor innverknad på kva inntektsgrunnlag – og derigjennom kva driftsnivå - Vestland fylkeskommune kan oppretthalde.

Eit viktig punkt i revisjonen av det nye inntektssystemet er at Sogn og Fjordane i 2019 har ein særskilt tapskompensasjon på grunn av endringane i inntektssystemet frå 2015 på 106 mill. kr. I kva grad og korleis denne summen vert vidareført i det nye inntektssystemet, vil sjølv sagt også påverke inntektsnivået ved oppstart av Vestland fylkeskommune.

Fordeling av ramma er viktig, men ein må ikkje tape av syne at minst like viktig er det med vekst i dei samla rammene. I statsbudsjettet for 2019 er det ikkje lagt inn vekst i dei frie inntektene til fylkeskommunane og held denne trenden fram i økonomiplanperioden, vil ikkje denne finansieringskjelda kunne bidra til å løyse dei økonomiske utfordringane vi ser for den nye fylkeskommunen.

I regjeringa sitt framlegg til nytt inntektssystem er det mellom anna lagt vekt på at dei samla rammene for samanslegne fylkeskommunar i størst mogleg grad skal samsvare med det fylkeskommunane fekk kvar for seg. Det er difor naturleg å førebels legge til grunn inntektsføresetnadane i det samanslegne budsjettet.

Risikofaktorar

Ovanfor er det nye inntektssystemet nemnt som ein viktig faktor for den økonomiske situasjonen ved starten av Vestland fylkeskommune frå 2020. Andre viktige faktorar frå sentralt hald er at dei nye oppgåvene som fylkeskommunane skal få vert fullfinansierte. I denne samanheng er særleg overføringa av fylkesdelen av sams vegadministrasjon ein vesentleg usikkerheitsfaktor.

Prosjektlear vil elles peike på rentenivået som ein vesentleg risikofaktor. Med så høg lånegjeld som Vestland fylkeskommune har frå starten, spelar sjølv sagt rentenivået ei vesentleg rolle. Noregs Bank har varsla at rentenivået vil gå opp dei komande åra og dette vil auka dei økonomiske utfordringane ein står overfor. I økonomiplanen for Hordaland fylkeskommune er effekten av den varsla renteoppgangen rekna til vel 30 mill. kr i 2020 samanlikna med 2019.

Det høge investeringsnivået det er lagt opp til i økonomiplanane til dei to fylkeskommunane, og den varsla renteoppgangen, gjer at prosjektleiaren i neste møte i finansutvalet vil gå nærare inn på arbeidet med å tilpasse investeringsplanen til eti framtidig berekraftig nivå.

Tilråding

Fellesnemnda som finansutval tek dei skisserte utfordringane for Vestland fylkeskommune til orientering.

Prioriteringar og strategiske vegval - politiske bestillingar

Den økonomiske utfordringa i 2020 er som nemnt på 375-400 mill. kr og er aukande i økonomiplanperioden. Sjølv om desse tala er førebelse, gjev dei ein klar indikasjon på at det må setjast i verk tiltak for å få samsvar mellom forventta utgifts- og inntektsside dei komande åra.

Det er i pkt. 3.1 gjort greie for at det er lite sannsynleg at utfordringa ein står overfor i Vestland fylkeskommune i noko monn kan løysast med framtidig vekst i frie inntekter.

Av klimabudsjettet til Hordaland fylkeskommune går det fram kva miljømessige effektar det grønne skiftet i ferjesektoren har. Klimabudsjettet viser at reduksjonane i CO₂-utsleppa er vesentlege, også i nasjonal samanheng. Det har frå statleg hald så langt ikkje vore vilje til å gå inn i problemstillinga med t.d. å vurdere eigne tilskotsordningar for klimaomstillinga for å hjelpe til ved starten av omlegginga. Fylkestinget i Hordaland vedtok i oktober 2018 ei fråsegn om slik tilskotsordning. Så om fylkestinget sitt forslag får gjennomslag kan ein vone på noko drahjelp frå sentralt hald. Det er likevel for tidleg å forskottere ein statleg medverknad inn i det økonomiske opplegget no.

Ein står då att med at det alt vesentlege av utfordringa må dekkast gjennom tiltak i sektorane og prosjektleiaren vil alt no gje fellesnemnda som finansutval ei kort orientering om ulike måtar å nærme seg den økonomiske ubalansen og ulike «verktøy» for å skape økonomisk balanse på kort og mellomlang sikt.

Punkt 2.6 gjev ei oversikt over dei viktigaste faktorane for den ubalansen vi har i den samla økonomien for Vestland fylkeskommune. Vi ser av denne gjennomgangen at ubalansen dels skuldast faktorar som gjeld enkeltsektorar, og dels skuldast vekst i fellesutgifter – som kapitalutgifter - og forventta nedgang i fellesinntekter – som rammetilskotet. Ein kan nærme seg dei salderingsmessige utfordringane på ulike måtar.:

Rammestyring på sektornivå: Då vert den fastsette ramma på kvar sektor styrande, og alle økonomiske utfordringar/overskridingar som oppstår på sektoren må løysast innafor sektoren si ramme.

Ein for alle, alle for ein; Ei tilnærming der alle økonomiske utfordringar og overskridingar i utgangspunktet vert løfta opp som eit felles problem, og alle sektorar må ta ei %-vis lik del av naudsynt innsparing.

Felles problem – spesifikk løysing; Ei tilnærming der alle økonomiske utfordringar og overskridingar i utgangspunktet vert løfta opp som eit felles problem, og løysinga ligg i å ta innsparingane der dei «smertar» minst.

Rammestyring er i utgangspunktet ei grei tilnærming, men i mange tilfelle vert dei økonomiske utfordringane for store til å kunne handterast på sektornivå aleine. Eit eksempel på dette er dei nye ferjekontraktane på samferdslesektoren. Tilnærminga med ein %-vis reduksjon i alle sektorrammene for å dekke ei økonomisk utfordring er i utgangspunktet enkel å administrere, men gjer det vanskeleg å sikre rett prioriteringsprofil på kutta. Den siste tilnærminga er etter prosjektleiaren sitt syn den mest målretta, men også den mest ressurskrevjande. Den vil stille krav til både utgreiings- og prioriteringskapasitet. Prosjektleiaren ser føre seg at det kan bli aktuelt å nytte ein kombinasjon av desse tilnærmingane i det vidare arbeidet.

Når det gjeld sjølve tiltaka/mogelege måtar å møte dei økonomiske utfordringane på, vil prosjektleiaren peike på tre hovudområde:

Påverknadsarbeid: Det kan arbeidast for å påverke fylkeskommunen sine eksterne rammeføresetnader generelt gjennom politisk arbeid mot aktuelle avgjerdstakarar, og spesielt mot Stortinget i høve utforminga av nytt inntektssystem og økonomisk realvekst for fylkeskommunane. Auka frie inntekter vil gje tilsvarande reduksjon i salderingsutfordringa.

Redusere kapitalutgiftene: Kapitalutgifter må finansierast innafor dei årlege driftsrammene. Ein auke i kapitalutgifter medfører tilsvarande auke i presset mot driftsrammene. Eit avgjerande grep for å få ned kapitalutgiftene er å redusere lånegjelda. Dette kan lettast gjerast ved å redusere planlagde låneopptak.

Økonomiplanane for dei to fylkeskommunane viser at det er lagt opp til høgt investeringsnivå i perioden. Som tidlegare nemnt vil investeringsplanane vere hovudtema på møte i mars. Her kan det bli aktuelt å

drøfte måtar å prioritere investeringane i Vestland fylkeskommune på, med sikte på å redusere nivå og gjennomføringstempo.

Tiltak på sektornivå (all fylkeskommunal drift); Hovudtyngda av utfordringa må likevel innfriast innafor den fylkeskommunale drifta. Sektorane må då kartlegge aktuelle tiltak innafor desse hovudlinene:

- Effektiviseringstiltak; gjere ting «smartare»
- Aktivitetsreduserande tiltak; slutte å gjere ting
- Auke inntektene

Felles for begge desse tiltaksformene er at det må gjerast eit grundig utgreiings- og vurderingsarbeid før vedtak og iverksetjing. Ein metode for å starte eit slikt arbeid er å samanlikne eigen økonomi med andre fylkeskommunar/landsgjennomsnittet for landet. Ei slik samanlikning kan gje ein peikepinn på kvar vi ligg godt an, og kvar vi eventuelt kan gjere ei nærare vurdering av drifta med tanke på eventuelle innsparingar. Prosjektleiaren vil kome nærare attende til dette i eit eige innlegg i fellesnemnda sitt møte 14. februar.

Utarbeiding av eit godt avgjerdsgrunnlag for prioritering av varige utgiftsreduserande tiltak vil krevje tid og ressursar. Det kan difor vere utfordrande å få balanse i dei årlege budsjetta på kort sikt. Det er likevel vesentleg at den nye fylkeskommunen evnar å gjere opp rekneskapen i balanse dei komande åra slik at vi ikkje skyv føre oss underskot som må løysast i tillegg til dei årlege utfordringane vi alt ser av dei samanslegne økonomiplanane. Slik prosjektleiaren ser det er det to hovudgrep som kan nyttast i 2020 for å møte ei salderingsutfordring:

Bruk av fondsmidlar; Oppsparte fondsmidlar kan brukast for å ta deler av salderingsutfordringa. Dette er midlar av «eingongskarakter», dvs. at ei slik tilnærming er avgrensa til den kapitalen som står disponibelt.

Kortsiktige tiltak på sektornivå; Det som er viktig å vektlegge i høve kortsiktige kostnadsreduserande tiltak for å få balanse i budsjettet er:

- Realisme - at dei let seg gjennomføre og gjev budsjettert innsparing – styrbare postar.
- Godta at det ikkje nødvendigvis er slik at det er dei lågast prioriterte områda som er lettast å ta ut slike gevinstar på.
- I den grad det blir sett i verk tiltak utelukkande for å få salderingsbalanse på kort sikt, må tiltaka vere reversible.

Eksempel på eit slikt tiltak kan vere «asfaltlegging» på vegsektoren. Dette er eit styrbart budsjettområde – der det som vert avsett styrer aktiviteten. Sogn og Fjordane har mellom anna nytta dette som kortsiktig salderingspost enkelte budsjettår. Det er viktig å understreke at dette ikkje var eit uttrykk for ei ønska langsiktig tilpassing, men ein strategi for å saldere budsjetttrammene fram til det vart vedteke og iverksett prioriterte langsiktige reduksjonstiltak.

Slik prosjektleiaren vurderer det, kan ei slik tilnærming nyttast fram til vi har balanse i økonomien. Det betyr i praksis at i den grad vi ikkje får til økonomisk balanse det enkelte år, må vi nytte kortsiktige tilpassingar der vi har høve til å styre aktiviteten.

Prosjektleiaren vil i denne omgang avgrense seg til å gje Fellesnemnda som finansutval denne orienteringa. Med bakgrunn i dette må det politiske nivået byrje å førebu seg på korleis vi skal løyse dei økonomiske utfordringane. Prosjektleiar vil kome attende til aktuelle tilnærmingar og tiltak i løpet av budsjettprosessen.

Tilråding

Fellesnemnda som finansutval tek punktet om prioriteringar og strategiske vegval til orientering.

NYTT INNTEKTSSYSTEM FOR FYLKESKOMMUNANE FRÅ 2020

Høyringsinnspel til KMD

KMD har sendt ut eit forslag til nytt inntektssystem på høyring til fylkeskommunane. Prosjektleiari har laga eit framlegg til høyringsfråsegn, jf. eiga sak som går parallelt til Fellesnemnda. Det er lagt opp til at denne vert godkjend av Fellesnemnda, med endeleg handsaming i fylkesutvala i Hordaland og Sogn og Fjordane. Målsetnaden er at vi skal ha likelydande fråsegner som vert sendt til KMD. Det vert elles vist til saka for meir informasjon.

Rammeoverføringar til Vestland fylkeskommune i 2020 – nytt inntektssystem lagt til grunn

Prosjektleiari har teke utgangspunkt i modellane i høyringsframlegget frå KMD. Modellane har ei noko ulik fordeling av den etablerte tapskompensasjonen frå omlegginga av inntektssystemet i 2015. Utifrå dette ser vi at endringa for Vestland fylkeskommune varierer frå nedtrekk på 27,8 mill. kr til ein auke på 10,8 mill. kr, alt etter kva fordeling for tidlegare innarbeidd tapskompensasjon som vert lagt til grunn. Prosjektleiari ser at uansett kva modell som vert lagt til grunn, er endringane forholdsvis små i høve den ubalansen som vert presentert for Vestland fylkeskommune. Prosjektleiari vil understreke at han ikkje er eining i nokon av modellane, men meiner at tapskompensasjonen bør fordelast etter same modell som tidlegare, jf. sak om høyringsinnspel.

Det vert gjort merksam om at tala som er nytta i modellane er utifrå fylkeskommunane sine kriterieverdiar i inntektssystemet for 2018. Det er vidare knytt uvisse til kva finansiering som følger med dei nye oppgåvene som fylkeskommunane får ansvar for frå 2020.

Tilråding

Fellesnemnda tek informasjonen om nytt inntektssystem og førebelse utslag for Vestland fylkeskommune til orientering.

NESTE MØTE I FELLESNEMNDA SOM FINANSUTVAL

Neste møte for Fellesnemnda som finansutval er sett til 13. mars. Det vert her lagt opp til presentasjonar frå sektorane i Vestland fylkeskommune, med fokus på satsingar og utfordringar framover.

Prosjektleiari vil også kome med ein nærare gjennomgang av det samla investeringsprogrammet for Vestland fylkeskommune.

Prosjektleiari vil vidare gjere ei vurdering av den totale økonomien og kome med forslag til korleis vi kan arbeide vidare med å løyse dei økonomiske utfordringane i Vestland fylkeskommune.

Ev. politiske bestillingar som skulle kome i handsaming av arbeidsdokument 1/19, vert om mogleg, lagt fram i dette møte.

Møteplan og tematikkar for arbeidet med budsjett 2020/økonomiplan 2020-23
Oversynet må tilpassast endeleg møteplan for hausthalvåret

| Møtedato | Tema |
|---------------|--|
| 14. februar | <p>Arbeidsdokument 1/19:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Presentasjon av eit samla budsjett • Første vurdering av utfordringar • Strategiske prioriteringar – utfordre på nokre overordna vegval • Eventuelle politiske «bestillingar» til vidare arbeid |
| 13. mars | <p>Miniseminar - presentasjonar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bli kjent med sektorane – presentasjon av høvesvis Hordaland og Sogn og Fjordane • Arbeidsmetodikk og prosess • <p>Arbeidsdokument 2/19:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Investeringsbudsjettet • Svar på/ev. nye politiske «bestillingar» |
| 23. mai | <p>Arbeidsdokument 3/19:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Presentasjon av hovudlinene i kommuneproposisjonen med fokus på <ul style="list-style-type: none"> ○ Kva betyr nytt inntektssystem for Vestland fk? ○ Skal det reagerast politisk på noko av innhaldet? • Svar på/ev. nye politiske «bestillingar» |
| 18. juni | <p>Arbeidsdokument 4/19:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tilpassing til økonomiske rammer som følgje av kommuneproposisjonen. • Vedta sektorrammer som skal leggjast til grunn • Svar på/ev. nye politiske «bestillingar» |
| 12. september | <p>Arbeidsdokument 5/19:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Avklaring av satsingsområde/prioriteringar • Handsaming av ev eksterne søknader • Innspel/uttalar frå ulike råd (FTU, Eldrerådet, Rådet for personar med nedsett funksjonsevne) • Framlegg til saldering før statsbudsjettet |
| 24. oktober | <p>Arbeidsdokument 6/19:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Verknader av statsbudsjettet • Saldering • Framlegg til budsjett til fylkesutvalet • Vedtak om utlegging |